



Masteroppgåve i Kulturmøte

«Noko fall i god jord»

Norsk Luthersk Misjonssamband i Bolivia 1978-1997

Studiepoeng 60

Arnfinn Halderaker Husby
November 2015

ENGLISH SUMMARY

This essay will consider the missionary work to Norwegian Lutheran Mission in Bolivia, from the first start in 1978, and until a national church were established in 1997. How did the missionaries discussed their meetings with those Bolivian cultures? Did those meetings get any impact in how the missionaries developed their missionary work? Norwegian Lutheran Mission had long experience with missionary work in China and later from Ethiopia, but the missionaries who were sent out to Bolivia, had no experience before they started up their missionary work. They had to find their own ways to solve all sorts of challenges.

Traditionally has Norwegian Lutheran Mission often worked mostly outside at the countryside, sometimes together with development projects. In the first part of the main chapter, we will follow those first missionaries on their journeys into the mountains to find the primary goal for the mission, the Quechuan peoples. Some villages rejected to have contact with the missionaries, but a drought disaster in 1983 opened many closed villages for evangelical preaching. Although some peoples showed interest, was it difficult to establish new congregations.

Furthermore, in the main chapter, we follow the missionary work in the cities. It took time to get good connection with locals. Paul G. Hiebert says in his theory that any missionaries who wishes to get good contact need to live in repeated relationship in social and cultural communities over time for to winning contact and trust. After some years, someone of the missionaries had received usefully knowledge of those locale cultures, and they used their knowledges to do a great work with building bridges to the local culture. Local song and music was used in the worship of God, and new meeting places for social and cultural alternatives was introduced, named *Fiesta Cristiana*.

After nineteen years of missionary work, it was time to give the work over to a new Lutheran church. The missionaries desired to transfer some of what they thought was good values from their own Norwegian church tradition. The missionaries did make some changes when they understood more of those deep levels of the local culture. Culture studies is just as important for a missionary such as theology.

FORORD

Denne masteroppgåva handlar om misjon og visjonar, om unge nordmenn som reiste frå eit trygt Noreg, med eit sterkt kall, til eit politisk og økonomisk ustabilt land i Sør-Amerika. Kallet var først og fremst å bera ut ein kristen bodskap i ord og handling til quechuafolket, eit av dei to store urfolka i Bolivia. Avstanden mellom norske lågkyrkjeleg tradisjon, og quechuafolket sine religiøse tradisjonar, var stor. Fokuset på personleg omvending stod sterkt i miljøa misjonærane reiste ut frå, medan det dei møtte i Bolivia var tette sosiale og kulturelle fellesskap med fokus på kollektiv gudsdyrking. Det har vore eit fantastisk, men tidkrevjande prosjekt, å leita etter spor i dei skriftlege kjeldene misjonærane har lagt igjen etter seg. Påverka dei sosiale og kulturelle møta misjonærane i val av strategi, eller var det først og fremst misjonærane sin norske kultur som blei bestemmande for utviklinga av arbeidet?

Etter tre og eit halv år med mengder av papir, avisutklipp, mange utkast til problemstilling, smertelege prioriteringar og stadige kritiske gjennomgangar av tekstar, er no eit produkt ferdig for overlevering. Det ville ikkje vore vanskeleg å bruka endå meir tid på prosjektet, men for både meg sjølv og andre var det no godt å setja ein sluttstrek. Skulle det seinare bli oppdaga nye perspektiv, så får eg leva godt med dei vala som alt er tekne.

Først og fremst vil eg takka familien for stort tålmod, og det kan ikkje nektast for at ordet «master» nokre gongar har hatt ein negativ klang. Takk til Norsk Luthersk Misjonssamband som gav meg tilgang til dei skriftlege kjeldene i NLM-Arkivet. Takk til NLM i Bolivia som donerte meg tjue årgangar av misjonsbladet *Utsyn*. Sjølv om berre oppslaga om arbeidet i Bolivia blei klypt ut, så blei det tungt i kofferten. Takk til tidlegare og noverande misjonærar som eg har fått drøfta og samtalt med, både i Bolivia og heime i Noreg. Ein ekstra takk til Høgskulen i Volda, særleg Arne Redse for god rettleiing, og Grete Marry Brøste for praktisk hjelp. Pionermisjonær til Peru, Kjell Jaren, har vore ein inspirator og god samtalepartner.

Prosjektet har lært meg mykje om akademisk skriving og bruk av historiefaget sine metodar. Samstundes sit eg att med den lærdom at det er behov for fleire fag enn teologi når ein misjonær reiser ut i teneste til menneske i nye og ukjente kulturar. Så håpar eg at masteroppgåva tek nok omsyn til dei føresetningane dei unge misjonærane hadde, og som blei sendt ut med. Om dei var unge og utan erfaring då dei reiste ut, så kom dei tilbake med viktige kulturerfaringar på godt og vondt. God lesnad!

Fjellhaug/Oslo, 30. november 2015

Arnfinn Halderaker Husby

Innholdsliste

1	Innleiing	5
1.1	Problemstilling, tema og oppbygging	5
1.2	Teori og viktig omgrep.....	7
1.3	Metode.....	10
1.4	Forskingshistorie	12
1.5	Kjelder og litteratur	15
1.5.1	Arkivmateriale.....	16
1.5.2	Publiserte kjelder.....	17
2	Presentasjon av NLM og Bolivia	18
2.1	Norsk Luthersk Misjonssamband.....	18
2.1.1	Røter til lekmannsrørsla	18
2.1.2	Radikal og sjølvstendig	19
2.1.3	Organisasjonsoppbygging	20
2.2	Bolivia.....	21
2.2.1	Geografi, folk, språk og kultur	21
2.2.2	Religion	23
2.2.3	Statsstyre og økonomi	24
2.3	Protestantisk misjonshistorie i Bolivia.....	25
3	Frå undersøking til etablering av misjonsfeltet	27
3.1	Nye misjonsmarker blir vurdert	27
3.2	Undersøkingsreisa i 1975	30
3.3	Start i eit eller to land	31
3.4	Bolivia-feltet blir utforma og formalisert.....	35
3.4.1	Avtale med myndigheitene.....	36
3.4.2	Tillitsmannen. Dagleg leiar på feltet	37
3.4.3	Misjonærkonferansen	37
3.4.4	Feltstyre	38
3.4.5	Stasjon og stasjonsstyrar	39
3.4.6	Levekår for misjonærane.....	39
4	NLM sitt misjons- og kyrkjelydsarbeid i Bolivia.....	41
4.1	Ut av byane og til «verdens ende»	43

4.1.1	Dei første møta i Cochabamba	44
4.1.2	Åleine evangelisk misjon i Potosí	47
4.1.3	Ut på landsbygda	48
4.1.4	Vonbrot og gleder	50
4.1.5	Naudhjelp opnar dører på landsbygda i Potosí	53
4.1.6	Kamp om sjelene	54
4.1.7	To «satellittar»	57
4.2	Kyrkjelydsarbeidet veks – også i byane	59
4.2.1	Via leigd ølsjappe til nybygd kyrkje i Cochabamba	61
4.2.2	Stein på stein i gruvebyen Potosí	63
4.2.3	Bymisjon med sosialt arbeid i Sucre	65
4.2.4	Arbeidsformer i kyrkjelydsarbeidet	68
4.2.5	Relasjon misjonær og nasjonal	72
4.2.6	Liv og lære - kyrkjetukt	74
4.2.7	Gudstenesteordning og kyrkjeleiing	75
4.2.8	Leiaropplæring på fleire nivå	75
4.3	Landsbygdarbeid med Bibel og bistand	82
4.3.1	Frelse, helse og litt dynamitt i Nordre Potosí	84
4.3.2	Integrert satsing i Tinguipaya	87
4.3.3	Bistand som mål eller middel	91
4.3.4	Nasjonale medarbeidarar	92
4.3.5	«Kristianisering», kulturell og sosial brubygging	95
4.3.6	Forfølging og spor av vekking	99
5	Ei ny kyrkje i støypeskeia	102
5.1	Omfattande forarbeid	102
5.2	Kvinnene sin plass i ei nasjonal kyrkje	104
5.3	Ei ny tid tok til	105
6	Konklusjon	107
	KJELDE- OG LITTERATURLISTE	110

1 Innleiing

«Det er en historisk dag for Norsk Luthersk Misjonssamband, (...) Vi skal til en ny verdensdel» sa formannen i misjonsorganisasjonen sitt hovudstyre, Tore Tungland, på utreisefesten til dei første misjonærane Norsk Luthersk Misjonssamband (seinare korta til NLM) sendte til misjonærteneste i Sør-Amerika.¹ Måndag 10. januar 1977 letta flyet deira frå Fornebu, og eit nytt kapittel i NLM si historie tok til for alvor. Vedtaket om å gå til Peru, med opning for ei mogleg utviding til Bolivia og Paraguay, blei gjort av generalforsamlinga til NLM sommaren 1976. Då hadde det gått 30 år sidan sist ei generalforsamling gjorde vedtak om å gå til eit nytt kontinent, så vedtaket blei gjort samrøystes medan delegatane ståande stemte i songen «Din rikssak Jesus være skal».² Politiske og praktisk-strategiske forhold førte til at NLM sitt hovudstyre bad dei unge misjonærane bygga opp to parallelle misjonsfelt, både Peru og Bolivia, alt frå starten. På spørsmål om korleis ein best kunne byrja eit misjonsarbeid på eit nytt felt, blei misjonær til Peru, Kjell Jaren, på misjonsskolen møtt med; «Dokke får finna dokker veg».³ Misjonær Kjell Aardal melte nokre år seinare at: «Noko fall i god jord».⁴

1.1 Problemstilling, tema og oppbygging

Problemstillinga for masteroppgåva er NLM sitt misjonsarbeid i Bolivia frå 1978 til 1997, med fokus på: Korleis drøfta og takla misjonærane møta med dei bolivianske kulturane? Kva konsekvensar fekk desse kulturmøta for utviklinga og oppbygginga av misjonsarbeidet? For å svara på problemstillinga vil oppgåva kronologisk og tematisk ta for seg nokre av dei vegane misjonærane valte å ta i møte med dei bolivianske kulturane. Når Kjell Aardal i 1986 kunne melda at «noko fall i god jord», må ein ta høgde for at ikkje alt som blei prøvd ut dei første åra møtte eit godt «jordsmonn». Misjonærane har lagt igjen etter seg eit stort skriftleg kjeldematerial frå det første stabsmøtet i 1978 til etableringa av ei ny nasjonal kyrkje i 1997. Ved å studera dei mange kulturmøta som er beskrivne og drøfta i materialet, vil dei mange hendingar bli analysert og bunde saman, i stor grad kronologisk, men og tematisk.

Knut Kjeldstadli seier at historiefaget handlar om menneska og liva dei faktisk levde, kva fokus og verdiar dei hadde, og korleis dei agerte i møte med andre. Ved å søkja tett inn imot

¹ Utsyn, 1977, nr. 3/4, s. 1

² Kjebekk, 1991:400

³ Jaren, Kjell. Udatert rapport «Trek fra Misjonssambandets arbeid i Peru, 1977-82», side 4

⁴ Utsyn, 1986, nr. 11, s. 5

meininga med det dei sa og gjorde, meiner han at vi kan tilnærma oss ei auka forståing.⁵ Ei *masteroppgåve i kultur møte* er eit godt utgangspunkt for å tilnærma seg *dei faktisk levde liva* til misjonærane frå NLM i Bolivia og såleis misjonsarbeidet si historie. Studien er avgrensa til det evangeliserande og kyrkjelydsbyggande misjonsarbeidet. Bortsett frå førebuingarbeidet, så er det åra frå 1978 til 1997 som står i fokus. I 1997 blei ei nasjonal kyrkje etablert, og misjonsarbeidet endra karakter. Ei slik avgrensing i tid gjev også ei viss avstand til dei involverte personane og dei konkrete hendingane.

Historia til NLM i Bolivia rommar ungt vågemot, klokskap og feilsteg, i ei tid som var. Sjølv om historia ikkje går langt tilbake i tid, så var dei kulturelle, politiske og teknologiske skilnadene mellom Noreg og Bolivia store i den omtalte tidsperioden. I møte med desse skilnadene blei det bygd opp eit misjonsarbeid, prega av fargerike personlegdomar, og historia deira fortener fagleg merksemd. For det er ikkje berre historia om NLM som *erobrar* nok eit nytt misjonsland, men historia til ei gruppe engasjerte unge nordmenn med kristen tru og eit sterkt kall til å formidla, sjølv om det gav personlege offer. Utfordringa har vore å ikkje bli blenda av dei mange fargerike personane, men å ha fokus på kultur møta dei har formidla. I møtepunkta mellom personar, strukturar, organisasjonar, religionar og kulturar, kan det oppstå både innovative nyvinningar og gi grobotn for konflikhtar.

Denne oppgåva bygger på eit stor utval av skriftlege kjelder, som nær alle har til felles at dei representerer misjonærane sine opplevingar og vurderingar av det som skjedde. Det er viktig å presisera at dei ulike kultur møta, og oppbygginga av misjonsarbeidet, blir framstilt og analysert med kjelder skrivne ut frå misjonærane sin synsvinkel. Drøftingane som låg til grunn for at Bolivia blei eit nytt misjonsland for NLM i 1978, meiner eg er relevant, då dette kjeldematerialet kan gi oss ei auka forståing for oppdraget dei unge misjonærar tok på seg.

Masteroppgåva er bygd opp av seks kapittel. I det første blir problemstilling, tema, omgrep og teori, metode, forskingshistorie og kjelder presentert. Misjonsorganisasjonen NLM og Bolivia blir presentert i det andre kapittelet. I det tredje blir førebuingarbeidet framstilt og analysert, saman med den formelle etableringa og oppbygginga av misjonsfeltet sin indre struktur. Det fjerde er hovudkapittelet, som framstiller og analyserer sjølve utføringa av misjonsoppdraget med fokus på kultur møta og konsekvensane desse fekk for den vidare utbygginga av arbeidet. Dette kapittelet er vidare delt inn i tre underkapittel, som i den grad det var hensiktsmessig er

⁵ Kjeldstadli, 1999:30f

bygd opp både tematisk og tidskronologisk. Det femte tek prosessen med etablering av den nasjonale kyrkje. Til slutt følger konklusjon, med utfordring til vidare forskingsarbeid.

1.2 Teori og viktig omgrep

Omgrepet *kultur møte* er brukt som «teoretiske briller» i oppgåva. Omgrepa *kultur* og *møte* må derfor klargjerast slik at omgrepet *kultur møte* få eit mest mogleg presist innhald. *Møte* er vurdert til å omhandla alle typar av treffpunkt mellom misjonærar og bolivianarar, også møta med leve- og styresett, tru og tradisjonar. I problemstillinga er *kultur møta* skrivne i fleirtal, som ein indikator på både variasjonane og likskapen misjonærane møtte i boliviansk kultur.⁶

Arne Martin Klausen skil klårt mellom *samfunnet* og det kan kallar for eit *beskrivande kulturomgrep*. Misjonærane møtte ikkje eit homogent boliviansk samfunn, men grupperingar av forskjellig omfang som utgjorde ulike fellesskap. Klausen meiner vi kan tenkja om kultur som innhaldet i dei ulike fellesskapa, og ser på eit *beskrivande kulturomgrep* som «de ideer, verdier, regler, normer, koder og symboler som et menneske overtar frå den foregående generasjon, og som man forsøker å bringe videre – oftest noe forandret – til den neste generasjon».⁷ Fellesskap kan handla om alt frå familien som ei lita celle, via kommunar til eit nasjonalt storsamfunn. For denne oppgåva er det føremålstenleg å generalisera noko, og snakka om by-, landsby- og bygdefellesskap. Klausen er skeptisk til bruken av kultur som prefiks og suffiks,⁸ men det kan gi meining å snakka om til dømes quechua- og aymarakultur, og vite at mange av misjonærane hadde sine røter i den norske lågkyrkjelege bedehuskulturen.

Professor i antropologi og missiologi, Paul G. Hiebert meiner amerikansk antropologisk forskning, med sitt fokus på ei *kognitiv kulturforståing*, har tilført misjonærar ei auka forståing for kreftene som finnes i kulturelle system. Desse kreftene bør tas omsyn til i oppbygging av gudstenestefeiring, religiøse ritual og stadeigen teologi.⁹ Hans tenking om kultur er ikkje så ulik det som alt er trekt fram, men Hiebert kan gi oss ei auka forståing for kompleksiteten i dei kultur møta som seinare skal trekkast fram for å bli analyserast.

Hiebert meiner at kultur består av tre lag eller djupner. På overflata kan ein observera kultur gjennom ulike artefakter, måtar å oppføra seg på, symbol og ritual. Slike observerbare utslag av kultur har røter som går ned i dei djupare laga, trussystem og verdsbilete (worldviews).

⁶ Hiebert, 2009:94

⁷ Klausen, 1992:26f

⁸ Klausen, 1992:25

⁹ Hiebert, 2009:94f

Trussystem beskriv Hiebert som sjølv hjarta i kulturen, noko som opererer under overflata, men som er viktig for å svara på problem, og med det også spørsmål om meninga med livet. Eit døme er spørsmålet om kvifor nokon blir sjuk. Nokon vil snakka om virus og bakteriar, medan andre vil peika på åndskrefter frå trussystem-laget, og heksedoktorar blir sentrale. Medan ein i vestleg kristendom har lett for å plassera åndelege fenomen «himmelen», så vil dette trussystemlaget vera ein del av kvardagslivet i andre kulturar, til dømes den andinske. Verdsbilete forklarar Hiebert som det djupaste kognitive kulturlaget som er danna og forma av menneske med felles tru, kjensler og verdiar. Det representerer det absolutt grunnleggande ein bygger felles kulturforståing på. Han forklarar vidare omgrepet med at det er «what we think with, not what we think about», eit mentalt bilete som gjev mening til verda rundt oss.¹⁰

For å vita noko om kulturomgrep sin plass i NLM i tidsrommet oppgåva dekker, blei løysinga å søkja i *Utsyn*. I 1983 skreiv Tormod Engelsviken to artiklar om *misjon og kultur*, der han hevda at all misjon påverka kultur. Bistandsprosjekt var heller ikkje kulturelt nøytrale, for moderne metodar i jordbruk og medisin kunne til dømes utfordra religiøse førestillingar om jordgudar og sjukdomsånder. Engelsviken brukte eit *utvida kulturomgrep*, men det *kognitive kulturomgrepet* stod i fokus. Han hevda at det i alle kulturar var verdifulle element som måtte bevarast, og i målet til misjonen var «å gjøre alle folkeslag til Jesu disipler, men uten å gjøre dem nasjonalt og kulturelt hjemløse.»¹¹ Generalsekretæren Egil Grandhagen i NLM følgde opp temaet i ein leiarartikkel i *Utsyn* same år, og meinte at kristne skulle ha eit *positivt kultursyn*. Samstundes hevda han at Bibelen var *kulturkritisk*, jamfør Paulus som formaninga til å «avsky det onde».¹² Misjonær Magnar Magerøy drøfta misjon, bistand og kultur i ein artikkel i alt i 1977. Det ein misjonær kunne sjå på som eit framsteg, kunne vera med på å «starte oppløysinga av den gamle religionen og kulturen». Han åtvare mot at menneske kunne sitja att med ny teknikk, men med ein tapt kultur. «Teknikk, effektivitet og økonomi høyrer ikkje med til det sentrale i nokon kultur. Dei høyrer heller med til periferien. Kultur kan ikkje byggjast på effektivitet, berre på ånd.»¹³ Kultur blei først og fremst omtalt som «ånd», og berre i mindre grad som artefektar i eit utvida kulturomgrep, sjølv om dei grip inn i kvarandre. Eit anna viktig omgrep for oppgåva er *misjon*. Spørsmålet om kvifor kristne driv misjon, kan gi mange svar, og professor Sverre Bøe har lista opp 10 ulike grunnar som alle er knyta til sitat frå Bibelen. Omgrepet *misjon* handlar om ei utsending og eit oppdrag, og gjev namn til ei

¹⁰ Hiebert, 2009:153-158

¹¹ Utsyn, 1983 (utklipp med berre notert årstal)

¹² Utsyn, 1983, nr. 32

¹³ Utsyn, 1977, nr. 7 og nr. 11-12, side 11

verksemd med eit føremål om å formidla ein religion. Først og fremst er omgrepet blitt forstått som kristen verksemd mellom ikkje-kristne med mål om personlig omvending og etablering av kyrkjer. Det er sett på som eit kall, eit oppdrag som forpliktar den utsendte.¹⁴ Det sentrale spørsmålet i læra om misjon er, i følge Hiebert, «how can the gospel of Jesus Christ be incarnated in human contexts so that people understand and believe, societies are transformed, and the kringdom of God is made manifest om earth as it is in heaven?» Desse tilnærmingane speglar det synet på misjon som generalsekretær Birger Breivik beskrev i 1981. Han såg det som eit gudgjeve oppdrag å vinna nye for den kristne tro, og det hasta då ein rekna med Jesu snarlege tilbakekomst. Breivik, og misjonsorganisasjonen han leia, tok Jesu misjonsbefaling i evangelia etter Markus og Matteus konkret. Forpliktinga gjaldt ikkje berre misjonærane ute, men også foreiningsmedlemane og andre støttespelarar i Noreg.¹⁵

Synkretisme vil, i frå ein religionshistorisk synsvinkel, bety samanblanding av religionar.¹⁶ Innan antropologi har ein også «lagt vekt på den kulturelle kreativitet i grupper som har vært utsatt for dramatiske endringer», frå til dømes misjonering.¹⁷ I Andesregionen er synkretisme som religionsblanding eit kjent fenomen både frå ein teologisk og antropologisk synsvinkel, særleg ved at mange symbol frå kristen religionsutøving er blanda inn i lokal folkereligiøsitet.

Ut frå perspektivet til ein misjonær vil omgrepet *kontekstualisering* handla om å gjera eit forsøk på å formidla den kristne budskapen, både ved å vera tru mot Bibelen sine forståingsrammer og ved å gjera den meiningsfull, slik at mottakaren kan leiast til kristen tru. Språkarbeid vil vera ein sentral komponent i møte med nye kontekstar. Det kan handla om å finna einskildord som kan gi forklaringar som kan vera med å gi mening til spesifikt kristelege omgrep. Kontekstualisering handlar biletleg sagt om å finna bruer/tilknytingspunkt som er forankra i lokale samfunn og kulturar. I all formidling vil ein oppleve at det oppstår hindringar og barrierar som det er vanskeleg å bygga bruer over. Samstundes kan det opna opp for nye innsikter og nyansar også for den som vil formidla.¹⁸ I møte med kjeldene er det vesentleg å finna ut om tilknytingspunkt blei lokalisert og gjort nytte av i misjonsarbeidet.

Indianar og *mestis* er to nemningar som blir mykje brukt i kjeldene. Nemninga indianar har omlag same mangel av aksept i Bolivia som «neger» i Noreg.¹⁹ Sidan nemninga er brukt i nær alle kjeldene, verkar det forvirrande å trekka inn alternative nemningar som til dømes urfolk.

¹⁴ Bøe, 2014:26

¹⁵ Opperud og Ekroll, 1981:2

¹⁶ <https://snl.no/synkretisme/religion>, lasta ned 21.10.2015

¹⁷ <https://snl.no/synkretisme/antropologi>, lasta ned 21.10.2015

¹⁸ Redse, 2013

¹⁹ wikipedia.no/indianer

Det er likevel viktig å presisera at det ikkje ligg nedlatande haldningar korkje i kjeldene eller i mi framstilling. Ei anna viktig nemning er *mestis*,²⁰ som betyr «blanda» og blei først bruk om barn med europeisk far og indiansk/innfødt mor. I dag er det mange med indiansk bakgrunn som kallar seg *mestis*. Dei har reist til byen, endra levemåte og i noko grad tapt opphavleg språk og identitet. Nokre har valt å bli *mestisert*, medan andre har protestert mot at dei latin-amerikanske samfunna blir stadig meir homogenisert. Folkegruppene *quechua*, *aymara* og *mestis* er vidare omtalt i kapittel 2.

1.3 Metode

For å belysa forskingsspørsmålet mitt, har eg arbeida med kjeldene gjennom det Knut Kjeldstadli omtalar som ein hermenautisk erkjenningspiral. Eg har møtt dei ulike kjeldene med førebelse spørsmål. I prosessen har eg opplevd at nokre spørsmålsstillingar har stått seg, medan andre har blitt endra og korrigert undervegs.²¹ I erkjenningspiralen har eg hatt tilgang på eit omfattande skriftlege kjeldemateriale. Dei ulike skriftlege kjeldene er blitt delt opp i mindre meiningsberande einingar, vanlegvis etter hendingar og tema. Nokre gongar har ein tidskronologi vore metodisk riktig. Gjennom å arbeida med dei nedbrotne kjeldene gjennom ein hermenautiske erkjenningspiral, er det blitt skapt ein djupare forståing som har vore med på å gi ei mening til heilskapen. Meiniga i denne samanheng handlar om meir enn subjektiv tolking, for nokre gongar kan meiniga koma til syne i samspelet mellom ulike kjelder, eller ved at ulike teoretiske perspektiv er brukt.²²

Dei viktigaste teoretiske «brillene» som er bruk i denne oppgåva er tanken om kulturmøte, slik det alt er gjort greie for. Sjølv om eg som forskar bygger på eit teoretisk grunnlag, kan egne erfaringar frå den lågkyrkjelege misjons- og bedehuskulturen ha farga mine tankar i møte med misjonæran sine framstillingar. Utan å ha vilja det, kan ein slik fordom vera med å påverka kva tema og spørsmålsstillingar som fekk mest fokus. Postholm og Jacobsen er tydelege på at egne erfaringar og teori kan både farge og blende ein forskar,²³ men ved å vera bevisst på at dette er ei utfordring, håpar deg det ikkje har avgrensa mitt arbeid med kjeldene. Sidan denne oppgåva ønskjer å kasta lys over dei strategiar og vegval som misjonæran valte, så har det vore nyttig å bygga teksten saman ved narrativ analyse. Ved å leita etter utslag av

²⁰ snl.no/mestis

²¹ Kjeldstadli, 2001:128f

²² Postholm og Jacobsen, 2011:102f

²³ Postholm og Jacobsen, 2011:103f

kulturmøter som kan fortelja om årsak/verknad-forhold, kan ein binda saman ulike hendingar og slik prøva å skapa ein heilskapleg historie. Dei som har skriva årsmeldingar har ønskt å framstilla utviklinga i arbeidet år for år, men det er ikkje opplagt at samanhengar, årsaker og seinare verknader, kjem fram i desse gjennomarbeida dokumenta. Ein må og som forskar vera kritisk til om ein eller fleire aktørar har hatt eit ønske om å få fram verkelege årsaker til at ein lukkast eller ikkje med ulike strategiar og vegval. Det kan vera vanskeleg å slå fast kva som verkeleg hende, eller kva som verkeleg låg bak, men ein kan vera ein bidragsytar til at hendingar blir belyst frå fleire synsvinklar. I den grad subjektive meiningar slik er lagt inn i analysen, er det forsøkt å underbygga desse meiningane ut frå andre kjelder eller teori.²⁴ Er usikkerheit om årsak og verknad stor i analysen, er slik usikkerheit tydeleg markert.

Postholm og Jacobsen påpeiker at det er viktig å vera open om kva avgrensingar ein har gjort i innsamling av materiale frå tilgjengelege kjelder.²⁵ Sidan dei fleste misjonærane som verka i Bolivia frå 1978-1997 framleis er i live, kan eg kritisera for ikkje å ha brukt intervju som metode. Årsaka til bortvalet av intervju er todelt. Sidan målet er å bruka kulturmøte som teoretiske briller, er det både enklare og meir truverdig å gå til dei skriftlege kjeldene. Mange av misjonærane deltok i arbeidet i heile perioden, og var ute på misjonsfeltet i frå 12-16 år. Deira kulturelle forståing og toleranse i møte med bolivianske kulturar endra seg sjølvsagt mykje i løpet av desse åra, noko som kunne svekka truverde til utsegner. Samstundes må ein vera open på at intervju også kunne gjeve bidrag til auka forståing. Den andre årsaka er reint praktisk, og handlar om arbeidsmengde og mengda av kjelder. Gjennomføring av intervju er krevjande, både det å gjera eit godt utval, sjølv gjennomføringa og utskriving av samtalar. Dei skriftlege kjeldene er svært rike på detaljar og har gjort krav på mykje tid. Ytterlegare kjelder ville auka arbeidsbyrden samstundes som rikdomen av detaljar ville blitt komplisert.

Knut Kjeldstadli har mange gode argument for bruk av munnlege kjelder, men han tar også fram behovet for kritisk å vurdere om intervjuobjekt kan sjå tidlegare hendingar i lys nyare hendingar eller erfaringar.²⁶ Sjølv om intervju ikkje er brukt som metode, så har den uformelle samtalen blitt brukt for å få fram gode idear og perspektiv til prosessen med masterprosjektet. Både i Bolivia og i Noreg har eg hatt glede av å møta sentrale aktørar som Mette og Kjell Jaren, Kjell Aardal, Inga og Asbjørn Gundersen, Sissel og Malvin Ommedal og Gro Bjørndal.

²⁴ Postholm og Jacobsen, 2011:108f

²⁵ Postholm og Jacobsen, 2011:44

²⁶ Kjeldstadli, 2001:193ff

I oppgåva blir det brukt namn på einskildmisjonærar og på misjonsleiarane. Det er lagt vekt på at ingen skal kjenna seg støtt, og det er i arbeidet gjort vurderingar av kvar det er naturleg å ta med namn eller ikkje. Her er det gjort vurderingar ut frå om kjelda til ei hending er *Utsyn* eller ein intern rapport til misjonærkonferansen. Til sist er det riktig å påpeika eige forhold til NLM og misjonsarbeidet i Bolivia. I 2012 blei eg innvia til misjonærteneste, og fekk oppleva sju månader som språkstudent i Bolivia. Av familiære årsaker måtte opphaldet avbrytast, men møtet med Bolivia har satt sine spor. I dag har eg ingen formelle bindingar til NLM.

1.4 Forskingshistorie

Sosialantropologiske oppgåver har drøfta kultur og kulturskilnader, også fleire teologiske, men eg har ikkje funne ut at den valte problemstillinga er dekkja av andre forskingsprosjekt. Den forskinga som har hatt størst relevans for mitt prosjekt, er altså oppgåver innlevert i teologiske og antropolog-sosiologiske fagdisiplinar. Ein del av desse student-, master- og doktorprosjekta har gjort bruk av kjeldemateriale frå NLM sitt arkivert. Andre prosjekt har i hovudsak konstruert sine konklusjonar etter intervju, eller etter omfattande feltstudiar. Fleire misjonærar har levert masteroppgåver eller doktoravhandlingar med tema frå Bolivia og Peru. Nokre går heilt utanom mitt prosjekt, mellom dei Geir Magnus Nyborg og Steinar Dimmen. Studentar ved Fjellhaug skoler i Oslo, no Fjellhaug Internasjonale Høyskole, har levert mange prosjektoppgåver som skildrar land, folk, religion og kultur i Bolivia. Desse er ikkje sitert.

Tidligere misjonær for NLM i Bolivia og Peru, Asle Jøssang, har levert både hovudoppgåve og doktorgradsoppgåve innan sosialantropologi med tema frå Andes. Doktorgradsarbeidet frå 2010 har tittelen «Searching For a Powerful Christ», og drøftar «Religious Conversion».²⁷ Han følgde medlemar i nokre pinsekarismatiske kyrkjelydar i Sucre i Bolivia for å finna ut kvifor mange har lett for å skifta kyrkjefamfunn, og kva dei la i omgrepet «å omvende seg». Doktorgradsarbeidet avdekka ei uro hjå mange til stadig å strekkja seg etter ei «sterkare» tru, og gjerne å søkja seg til kyrkjelydar med fokus på «synlege» manifestasjonar. Dersom «den nye trua» ikkje «verka», kunne ein gå tilbake til tidlegare tru eller søkje sterkare opplevingar. Andesregionen er kjent for synkretisme, kort forklart som religionsblanding. Jøssang meiner folket i Andesregionen i stor grad har fått reprodusera sin tradisjonelle religion og kultur på eigne premiss, men at katolsk påverknad i 500 år sjølvsagt har påverka tru og livsoppfatning.

²⁷ Jøssang, 2010

Nyare misjonsframstøyt, frå til dømes NLM, har hatt kjennskap til dette og meint seg å vera bevisst utfordringa frå synkretismen. I hovudoppgåva «Våre Guder hjelper Gud» frå 1998, søkte Jøssang meir kunnskap om korleis, og på kva måtar, nyare misjonsframstøyt påverka dei «omvendte». Misjonering kan i følge Jøssang aldri kan gå føre seg i eit sosiologisk og politisk tomrom, og mange årsaker kan verka saman når nokon vel å byta religiøs tru og med det kan møta ei forventning om å skifta religiøse symbolsystem.²⁸ I konklusjonen tok Jøssang fram den tilsynelatande overlevingskrafta tradisjonell kultur verka å ha trass endringsforsøk frå ulike kristne misjonsregimer i Andesregionen. Ein katolsk, ein luthersk (oppretta av NLM), og ein pinsekarismatisk kyrkjelyd blei observert, og mange medlemar intervjuja. Sjølv om feltarbeidet til hovudoppgåva skjedde i Sør-Peru, så er overføringsverdien til Bolivia stor.

I forhold til mitt masterprosjekt var det interessant at Asle Jøssang drøfta potensialet den lutherske kyrkjelyden hadde som endringsagent, men at det av ulike grunnar i praksis ikkje skjedde særlege endringar.²⁹ Derimot såg det ut til at dei som hadde fått delta i omfattande undervisning gjennom fleire år, hadde gått igjennom ein del endringar, men at dette i mindre grad var tilfelle for vanlege gudstenestedeltakarar i den undersøkte lutherske kyrkjelyden.

Lise Marie Nilsson leverte i 1999 hovudfagsoppgåva «Kristus, kreditt og konvertering – norsk misjon i Andes» innan sosialantropologifaget, etter feltstudie i eit lokalsamfunn på Altiplano i åra 1992-93. Ho hadde avtale med NLM om å gjera feltstudiet sitt i Acacio, men like før start nekta brått stasjonsstyraren å ta imot studenten. Den norske Misjonsallianse var derimot positiv og la på sparket til rette for feltstudien i cantonen (kommunen) Achiri.³⁰ Drøfting av funn i feltstudien hennar har interesse for drøftinga av NLM sitt misjonsarbeid.

Asle Jøssang beklaga i ein artikkel i organisasjonsbladet *Utsyn* i år 2000, at det ikkje «finnes tradisjon for å evaluere misjonsarbeid,»³¹ men for NLM i Bolivia finnes det trass alt nokre evalueringar. Etter 10 år med misjonsverksemd, blei arbeidet evaluert av ei tremannsgruppe utnemnt av hovudstyret til NLM. Seinare har tidlegare misjonær for NLM i Bolivia, Bjørn Wang, levert to større studentoppgåver med evaluerande preg for ulike sider ved NLM sitt engasjement i Bolivia. Hovudoppgåva frå Fjellhaug skoler i 1997 analyserte og samanlikna NLM si leiaropplæring med andre kyrkjeaktørar si opplæring i Andesregionen. Opplæringa ved NLM sine to viktige utdanningsinstitusjonar, CLET og SETELA, blei dermed grundig drøfta. I 2011 skreiv Wang ei masteroppgåve i misjonsteologi ved Misjonshøgskolen i

²⁸ Jøssang, 1998, s. 5ff

²⁹ Jøssang, 1998, s. 166ff

³⁰ Nilsson, 1999

³¹ Utsyn, 2000, nr. 29, side 8

Stavanger med tittelen «Money talks». I studien blei den økonomiske støtta frå NLM til den nasjonale kyrkja, i åra frå 1997 til 2007 belyst med spørsmål om ei sterk økonomisk binding hadde påverka den interne teologiske utviklinga i kyrkja.³² I drøftinga tok Wang inn spørsmål som naturleg kan høyre heime i ei framstilling av misjonen si historie i Bolivia, så nokre av hans argument og vurderingar kan verka korrigerande, eller gi støtte for min framstilling. Skilnaden er at oppgåva omhandla det første tiåret *etter* at ei nasjonal kyrkje blei etablert.

Noverande misjonær i Peru og tidlegare Bolivia, Kurt Arild Ohma, skreiv i 2008 ei masteroppgåve med fokus på dei etniske utfordringane i kyrkja som blei oppretta i 1997, Iglesia Cristiana Evangélica Luterana, heretter forkorta ICEL. Fullstendig problemstilling var «Er mangel på godt fellesskap, som følgje av vertikal etnisitet i Bolivia, en medvirkende årsak til at mennesker holder seg borte fra og/eller faller fra menighetene i ICEL, og hvordan bør en misjonær forholde seg til problematikken?»³³ I drøftinga syner Ohma til NLM si historie i Bolivia og han intervjuar fleire misjonær som då var på feltet. Intervjua var strukturerte med faste spørsmål og ønske om skriftlege svar. Intervjua er vedlegg til oppgåva hans, og desse har gjeve innspel til mitt prosjekt, men er ikkje sitert i oppgåva.

Den siste masteroppgåva eg tek fram blei skriva av tidlegare misjonær og tillitsmann for NLM i Bolivia, Emil Knardal. Han drøfta også «etnisitet som kyrkjeleg utfordring i ICEL.»³⁴ Oppgåva var knytt til diakonifaget og levert Diakonihjemmet høyskole i 2009. Studien bygde delvis på skriftleg materiale frå NLM sitt arkiv i Oslo, men også intervju av tolv medlemar, eller tidlegare medlemar, av ICEL. Det mest verdifulle for mitt prosjekt i Knardal sitt arbeid, var avsnitta der han går ut av den objektive forskarrolla og kom med innspel til nokre utvalte og viktige historiske avgjerder med sine erfaringar som aktiv misjonær i Bolivia. Særleg er framstillinga av forarbeidet til opprettinga av den nasjonal kyrkja interessant. Saka er framstilt i andre skriftlege kjelder, men denne framstillinga representerte ei personleg røyst frå ein som sjølv var sentral i drøftingane. Som ein del av dette blei også forholdet mellom menn og kvinner si stilling i misjon og nasjonal kyrkje tatt fram, ei svært øm sak for NLM i Bolivia.

Det er fleire tidlegare og noverande misjonærar mellom granskarane som her er trekt fram. Slik eg vurderer det, så er prosjekta basert på eit grundig og best mogleg objektivt grunnlag. Eg stør meg til Edvard Bull d.y. som seier at ein forskar har som mål å engasjera andre, og at

³² Bjørn Wang, 2011

³³ Kurt Arne Ohma, 2008, forsiden

³⁴ Emil Knardal, 2009

personleg engasjement derfor kan spela positivt inn i formidlinga.³⁵ Forskingsspørsmåla i oppgåvene tok føre seg verknader og utfordringar kring misjon i Bolivia og Andesregionen. Fleire tok tak i utfordringar knytt til kulturskilnader og tverrkulturell kommunikasjon, noko mitt prosjekt har henta inspirasjon frå. Det har vore mogleg å samanlikna og bli korrigerert. Sidan eg har hatt høve til å gå direkte til primærkjeldene, har andre sitt arbeid i liten grad blitt nytta som kjelde. Sidan Wang leverte ei utførleg oppgåve om leiaropplæring, og Knardal og Ohma drøfta utfordringane med ulike etniske grupper i den nasjonale kyrkja, så er desse temaområda tona kraftig ned i mitt prosjekt.

1.5 Kjelder og litteratur

NLM sitt arbeid i Bolivia er tidlegare i korte trekk skissert av Arne Helge Teigen i boka «Såtid, vekst og modning. Historien om Norsk Luthersk Misjonssambands arbeid i Asia, Afrika og Sør-Amerika».³⁶ Ved å granska kva misjonæraane fortalte og reflekterte om sitt eige misjonæroppdrag, og møta med den bolivianske røyndomen, igjennom referat, artiklar, årsrapportar og andre skriftlege kjelder, meiner eg å ha kome tett på det som verkeleg skjedde. Hovudfagsoppgåva til Vibeke Bruun frå 1995 har vore ei inspirasjonskjelde.³⁷ Ho tok føre seg arbeidet til NLM i Etiopia frå 1948 og fram til det blei integrert i ei nasjonal kyrkje i 1972. Dag Thomas Kvalvik skreiv ei masteroppgåve i 2009 med eit tema frå NLM, og hevda at norsk misjonsforskning i stor grad har konsentrert seg om Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Afrika.³⁸ Han tenkte og truleg på Madagaskar. Søk etter litteratur til dette prosjektet stør opp om Kvalvik sin konklusjon, særleg søk innan ramma av historiefaget. Fleire har drøfta ulike aspekt ved protestantisk misjon i Bolivia, også sett i forhold til kulturelle aspekt, men desse oppgåvene er levert innan fag som teologi og sosialantropologi.

Masterprosjektet bygger på eit rikhaldig skriftleg kjeldemateriale. Ei god avgrensing har vore viktig for å sikra eit tilstrekkeleg, men samstundes overkommeleg kjeldegrunnlag. Sjølv om noko er prioritert bort, så er kjeldegrunnlaget både representativt og dekkande for føremålet.

³⁵ Kjeldstadli, 2010: 314

³⁶ Tolo (red.), 2002:241-252

³⁷ Vibeke Bruun, 1995

³⁸ Kvalvik, 2009:19

1.5.1 Arkivmateriale

Misjonsleiinga har gjeve meg tilgang til det meste som er arkivert frå arbeidet i Bolivia. Personlege brev, styrereferat og sakspapir som omhandlar personalsaker, er av opplagte årsakar ikkje opna for innsyn. Personvernomsyn, heimla i lov og i tråd med god forvaltnings-skikk, hindrar innsyn. Tidsaspektet er viktig, og det må takast omsyn til at dei fleste involverte framleis lever. Nokre er i aktiv misjonærteneste, eller i andre stillingar i NLM.

Det skriftlege arkivmaterialet eg har arbeida med kan delast inn i følgjande undergrupper:

Konferansepapir. Det øvste organet på misjonsfeltet til NLM er misjonærkonferansen, som består av alle utsendte medarbeidarar. Frå arkivet har eg hatt tilgang på innkallingar, sakspapir med vedlegg, og detaljerte protokollar frå nesten alle konferansane i det aktuelle tidsrommet. Nokre «hull» blei slik avdekka i arkivet, men det har ikkje skapt vanskar. Dette materialet er på fleire tusen sider med nærast stenografiske referat og svært detaljerte rapportar, samt nokre kvantitative oppstillingar av arbeidet i form av tabellar og grafar. Sjølv om det ikkje er totalt ord-for-ord-referat, så har referata stor verdi som kjelde fordi praksisen var at deltakarane ved konferansen sjølv godkjente ordlyden i referatet. Sitat frå einskildpersonar er anonyme, men unntak blei gjort for besøkande frå heimeleiinga i Noreg. Dei blei referert til med sine initial. Referata fortel om meir enn vedtaka sidan drøftingane og dei stilte spørsmåla kjem fram.

Notat og rapportar. Det finnes ein god del rapportar og notat frå utval, komitear, evaluering av misjonsarbeid og bistandsprosjekt, nokre brev og uttalar. Leiarar frå hovudkontoret har utført ei rekke tenestereiser, og ved fleire høve levert omfattande rapportar til hovudstyret. Det ligg og føre skriftleg materiell frå misjonær Helge Hånes, men også frå andre misjonærer.

Stasjonsbøkene. Kvar misjonsstasjon hadde ei dagbok som det ved jamne og ujamne mellomrom blei skrive i. Nokre misjonærer skreiv mykje og detaljert, medan andre skreiv lite eller ingenting. Stasjonsbøkene har med mange detaljar, men ikkje alt har hatt stor interesse. Innhaldet i stasjonsbøkene er munnleg i forma, på same måte som «sitata» frå konferansane. Kjeldstadli meiner klipp frå intervju kan vera med å gjera ei framstilling meir levande, frisk og munnleg i forma,³⁹ og det skulle også kunne gjelda for referata og stasjonsbøkene.

³⁹ Kjeldstadli, 1999:193

1.5.2 Publiserte kjelder

Av dei publiserte kjeldene er særleg ei viktig, *Utsyn*, med ulike vedlegg. Organisasjonsbladet *Utsyn* var den viktigaste informasjonskanalen NLM hadde i dei aktuelle åra. I dag har bladet fått ein ny konkurrent med sosiale medium på internett, der misjonærane på felta kan koma med små og større meldingar direkte til interessegruppene heime i Noreg. Ei utfordring med *Utsyn* er dei mange “filtera” som finnes mellom redaksjonelt stoff og lesaren. Den som har produsert tekst og/eller bilete, eller har tipsa om stoff, vil sjølvst ha gjort sine vurderingar. Dette gjeld for alle typar skriftlege kjelder, men eit massemedium er redigert strengare enn til dømes eit konferansereferat. Redaksjonen i *Utsyn* har vurdert, redigert og satt saman tekst og bilete, før lesaren så til slutt får kome til med si tolking. At dette var ein realitet kan lesast i referatet frå misjonskonferansen i Bolivia for 1987, der misjonærar reagerte på redaksjonelle inngrep i innsendte bidrag.⁴⁰ For eit organ som *Utsyn* er det å skapa engasjement for misjonen sitt arbeid viktig, og det å oppmuntra lesaren til å gi økonomiske gåver er eit viktig føremål. Alle oppslag som omtalte sider ved NLM sitt arbeid i Bolivia frå 1977 til 2000 er gjennomgått med eit kritisk blikk og samanstillt med andre kjelder. Magasinet *Ut i all verda* var eit vedlegg som følgde *Utsyn* fire gongar i året, med temabaserte oppslag og mykje bruk av bilete.

Ei anna publisert kjelde er «**årbøkene**» til NLM, som består av ei forkorta årsmelding frå dei ulike misjonsstasjonane og avdelingane i Noreg. I stor grad er årsrapportane frå dei ulike stasjonane attgjeve, slik at innhaldet er dekkja i konferansematerialet. Desse er ikkje brukt.

To bøker handsamar misjonsarbeidet i Sør-Amerika som spesifikt tema. Kortversjonen av rapporten til NLM-leiarane som besøkte Sør-Amerika i 1975, «**Eit folk med hjarta utanpå**», og tre år seinare boka «**Indianerne venter**», skrive etter eit besøk av Norvald Yri i 1978. Lunde Forlag gav i 2002 ut boka «**Såtid, vekst og modning**» som i korte og summerande trekk tar for seg utviklinga ved dei ulike misjonsfelta til NLM. Det tidsrommet eg har valt for mitt prosjekt er dekt, men framstillinga er summarisk og inneheld lite eller inga drøfting.

⁴⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen 1987

2 Presentasjon av NLM og Bolivia

Før ein går inn på dei norske misjonæraane si verksemd i Bolivia, vil det vera nyttig å gjera seg noko kjent med organisasjonen dei arbeida for og landet dei kom til. Derfor vil eg kort sjå på viktige trekk ved Norsk Luthersk Misjonssamband og presentera geografi, folk, språk og kultur, statsstyre og viktige næringsvegar for Bolivia. Til sist blir nokre hovudpunkt frå den protestantiske misjonshistoria i Bolivia presentert, for NLM var ikkje åleine som misjon.

2.1 Norsk Luthersk Misjonssamband

Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) blei skipa i Bergen i 1891, med føremål å senda ut og underhalda misjonærar til Kina. Fram til og med 1949 var namnet *Det norske lutherske Kinamisjonsforbund*, men utviding til nye misjonsfelt gjorde det naturleg med eit namnebyte. Interesse for misjon i Kina hadde vakse fram mange stadar i Noreg, og i pinsehelga 1891 var representantar samla til den første generalforsamlinga som vedtok grunnreglar og valte det første styret. Styret fekk fullmakt til å senda ut dei første utsendingane, og i september 1891 reise desse via USA. Nokre skulle ta vidare utdanning, medan andre drog vidare til Shanghai. Etter undersøkingar og omfattande språkstudie, kom misjonsarbeidet i gong våren 1894. Misjonsfeltet låg i sentral-Kina. I 1948 måtte den siste misjonæren evakuera frå dette området som følge av kommunistane si maktovertaking. Den aller siste NLM-misjonæren drog frå ut frå Vest-Kina i 1951. NLM hadde alt gjort vedtak om å gå til Mandsjuria og Etiopia, og no følgde Japan, Taiwan, Hong Kong og Macau. Nokre tiår seinare haldt utvidingane fram i land som Tanzania, Kenya og Indonesia. I 1977-78 blei misjonsarbeidet i Peru og Bolivia etablert. Seinare blei Elfenbenskysten og Mongolia lagt til lista over misjonsland.⁴¹ Dei nyaste tilskota på lista er land over misjonsland er halden hemmeleg, og ligg i Sentral-Asia og Nord-Afrika.

2.1.1 Røter til lekmannsrørsla

Røtene til NLM kan trygt plasserast i lekmannsrørsla som vaks fram i kjølvatnet av Hans Nielsen Hauge si forkynnarverksemd tidleg på 1800-talet. Med sterk vektlegging av Skrifta (Bibelen) si lære, nådegåvene og det allmenne prestedøme, har misjonsorganisasjonen lagt vekt på å føra vidare arva frå det som i norsk kristenliv ofte blir kalla for lekmannsrørsla.⁴²

⁴¹ Tolo (red.), 2002

⁴² Kjebekk, 1991:13

Denne arva kan drøftast, og let seg vanskeleg framstillast i nokre små avsnitt, men nokre hovudstraumar kan det vera nyttig å kjenna til. Misjonæranne som reiste ut for NLM hadde møtt denne arva både gjennom kristeleg arbeid på grasrota og i misjonærutdanninga si.

I forkynninga la Hauge vekt på omvendinga, og lekmannsrørsla har seinare forkynt klårt om truande og ikkje-truande, omvendte og vantru menneske. Sjølv om Hauge var tydeleg på at Jesu soningsdød var grunnlaget for menneske si frelse, så la han og vekt på verknadene av eit kristeleg liv i kvardagen.⁴³ Seinare på 1800-talet kom fleire vekkingar til å prega utviklinga av lekmannsrørsla, nokre impulsar trefte best dei lekfolka som ønskte å driva ei verka innan ramma av Den norsk kyrkja, medan andre impulsar trefte best dei som tok meir radikale val. For NLM har ikkje minst arva etter den svenske vekkingspredikanten Carl Olof Rosenius vore viktig. Medan Hauge forkynte ein nokså omstendelig veg til sæle, fred og frelse,⁴⁴ så forkynte predikantar prega av den rosenianske vekkinga; «kom som du er» og bli frelst.⁴⁵

Bergens Indremisjon var prega av rosenianske predikantar, og ein av desse blei den første formannen i den nyoppretta misjonen for Kina, Thormod Rettedal. Synd og nåde, lov og evangelium, var sentrum i hans forkynning,⁴⁶ og mange vil seia at det gjeld også for NLM. Professor Carl Fredrik Wisløff har påverka mange innan NLM som lærar og forfattar. Om lov og evangelium sa Wisløff at det var ei viktig sak så lenge verda står. Det var viktig å skilja mellom lov og evangelium, samstundes som begge måtte forkynnast. Lova var mest tydeleg i det gamle testamentet og skulle forkynnast til sikre og eigenrettferdige syndarar, medan evangeliet først og fremst presentert i det nye testamentet skulle forkynnast utan lovkrav til «de sønderknuste, de som er fortapte i seg selv». Den største synda for eit fortaft menneske var i følge Wisløff at dei hadde forkasta Jesus, jamfør Johannesevangeliet kapittel 6, vers 9.⁴⁷

2.1.2 Radikal og sjølvstendig

Birger Løvlie har trekt fram at leiarar frå skotsk kyrkjeliv, prega av presbyteriansk kyrkjesyn, synte interesse for vekkingane og den aukande misjonsgløden hjå det norske lekfolket. Dei skotske kyrkjeleiarane var kritisk til ei statskyrkje, men var ivra ikkje etter frikyrkjedanning. Vekking kravde ei stor kontaktflate.⁴⁸ Slik tenke også ein sentral leiar i NLM, Ludvig Hope,

⁴³ Kjebekk, 1991:22f

⁴⁴ Løvlie, 2002:51

⁴⁵ Kjebekk, 1991:44ff

⁴⁶ Kjebekk, 1991:53

⁴⁷ Wisløff, 1987:95f

⁴⁸ Løvlie, 2002:114ff

som nok er den som mest fekk prega kyrkjetenkinga hjå den mest radikale delen av lekfolket. Hope kunne vera hard mot kyrkja og presteskapet, men i møte med dei som helst kunne tenka seg å bryta med statskyrkja, så er han kjent for sin konklusjon: «Spursmaalet for oss kristne er ikkje dette: Kor skal eg finna meg ein roleg stad, so, eg kan ha det godt? Nei, spursmaalet er dette: Kor skal eg vera, so eg kan tena Gud og folket mitt best? Daa er svaret for meg dette: «I kyrkja, men ikkje under kyrkja.»»⁴⁹ Statskyrkja representerte ei stor kontaktflate ut til folket.

NLM er blitt skulda for å vera negativ til å gå inn i samarbeid med andre organisasjonar og kyrkjer både i heimearbeide og ute på misjonsfelt. Erik Kjebekk syner til ei lang liste med fellestiltak og samarbeid heime og ute, men organisasjonen har tydelege krav til andre partar for å kunna gå inn i økumenisk samarbeid og delta i felles kyrkjebyggjande arbeid.⁵⁰

2.1.3 Organisasjonsoppbygging⁵¹

NLM består ikkje av direkte innmeldte medlemmar, men av misjonsfellesskap (foreiningar og lag) som har slutta seg til organisasjonen sitt føremål. Desse små og store fellesskapa er innmeldt og organisert i geografiske regionar. Den høgste myndigheita i NLM er generalforsamlinga som handsamar ei mengde saker i tråd med vedtekne grunnreglar, mellom anna etablering av misjonsarbeid blant nye folkegrupper. Generalforsamlinga møtes kvart tredje år, og vel eit hovudstyre på sju menn til å leia NLM sitt arbeid.

NLM skil mellom ulike tenester for kristne, og nokre av desse kan berre utførast av menn. Hovudstyret og rådsmøtet er tillagt eit lære- og hyrdeansvar, og desse tenestene er berre opne for menn, noko som gjer at begge desse organa består av menn. Det er hovudstyret si oppgåve å tilsetja generalsekretæren og andre leiarar ved hovudkontoret, gjera tilsetjing og plassering av misjonærar og inngå avtaler med samarbeidskyrkjer og internasjonale organisasjonar.

Rådsmøtet består av medlemmar og vara i hovudstyret, samt valte representantar frå NLM Ung og regionane, og har myndigheit til å overprøva vedtak med lærekonsekvens frå hovudstyret.

Det er hovudstyret som kallar, innvigslar og sender ut misjonærar på vegne av misjonsfolket. Ute på misjonsfelt skal det kvart år haldast ein misjonærkonferanse som er NLM sitt øvste organ mynde på det aktuelle misjonsfeltet, men alle konferansevedtak skal godkjennast av hovudstyret som også etter dei vedtekne grunnreglane fastset misjonærane sin grunninstruks.

⁴⁹ http://www.fagsider.org/kirkehistorie/dokument/1923_Kyrkja%20og%20Guds%20Folk.htm, lasta ned 23.10.2015

⁵⁰ Kjebekk, 1991:402ff

⁵¹ <http://www.nlm.no/nlm/ressurser/dokumenter/grunnregler-og-strategidokumenter>, lasta ned 24.10.2015

2.2 Bolivia

«Tørt og forpisket ligger landskapet der. Bare noen tuer med en slags marehalm stikker opp i sanden, mellom de vindskurte fjellhamrene. Mektige stiger de taggete fjell tindene opp på alle kanter. Det ser helst ut til at ikkje noe menneske kan livberge seg inne i disse øde områdene.»⁵² Slik formidlar misjonær Bernt Egil Strømme møtet med bøndene sitt strevsame kvardagsliv i det golde og kalde fjellandskapet omkring Potosí på omlag 4500 meters høgde.



Kartkjelde: <http://images.albatros-travel.no/original/kart-bolivia.jpg?k=559473a6-f169-4e20-b5cd-0c0d9a128aec>, lasta ned 30.03.15

2.2.1 Geografi, folk, språk og kultur

Bolivia ligg midt i Sør-Amerika, utan kystlinje, med grenser til Brasil, Paraguay, Argentina, Chile og Peru. Naturen vekslar mellom høge fjell, djupe dalar og lågland med subtropisk regnskog. Den langstrakte fjellkjeda, Andesfjella, går igjennom Bolivia med toppar på over 6000 meter. I Sør-Peru og i Bolivia deler fjellkjeda, og ei høgfjellslette ligg mellom høge fjell i aust og vest. Sletta blir kalla Altiplano, i ca. 3500-4000 meter høgde, og ligg i regnskuggen frå fjella i både aust og vest. Lite nedbør og stor høgde gjev derfor eit svært tørt og karrig landskap med skiftande temperaturar på dagtid, og svært låge nattetemperaturar. Over 5500 meters høgde møter ein eit ugjestmildt polarklima. Men trass det karrige landskapet budde rundt halve folkesetnaden i Bolivia på eller like ved Altiplano i 1976.⁵³ Dei fleste budde i storbyane La Paz og El-Alto i nordaust,⁵⁴ og i dei noko mindre gruvebyane Oruro og Potosí lengre sør på sletta. Religionsforskar P. C. Wagner kunne med sine kjelder og kjennskap til Bolivia spå ei storstilt utvandring frå høglandet til låglandet i 1970. Folketeljningane i Bolivia frå 1976 og fram til 2012 stadfestar ei større auke i folketettleiken i låglandet enn i dei tradisjonelle gruveområda sentralt og sør på Altiplano.

Kontrasten til det karrige Altiplano finn ein nord og aust med eit landskapet dekt av skog med subtropisk klima. I sør-vest finn ein eit steppelandskap med noko tørrare klima. Totalt dekker låglandet omkring 70% av det totale landarealet, og folketettleiken har auka jamt over tid.

⁵² Misjonsmagasinet *Ut i all verden* nr. 4, 1979, s. 24f.

⁵³ Folketeljninga: <http://www.ine.gob.bo:8081/censo2012/PDF/resultadosCPV2012.pdf>, lasta ned 29. mars 2015

⁵⁴ La Paz og El-Alto er formelt to byar, men er geografisk bunde saman

I «grenseland» mellom låglandet og den karrige høg fjellssletta finn ein eit belte av dalføre, nokre karrige og andre grøderike. Høgda i dette området gjev eit meir temperert klima.

Folketal og mønster i busetnad i dei forskjellige provinsane har endra seg mykje i perioden NLM har hatt misjonsarbeid i Bolivia. Tabellen nedanfor er satt opp med informasjon frå offentlege folketeljningar, og gjev eit bilete av utvikling og hovudmønster.

Provins (Fylke)	Folketalutvikling 1976-2012				Areal km ²	Folketal pr. km ²			
	1976	1992	2001	2012		1976	1992	2001	2012
Chuquisaca	358.516	453.756	531.522	576.153	51.524	6,96	8,81	10,32	11,18
La Paz	1.465.078	1.900.786	2.350.466	2.706.351	133.985	10,93	14,19	17,54	20,20
Cochabamba	720.952	1.110.205	1.455.711	1.758.143	55.631	12,96	19,96	26,17	31,60
Oruro	310.409	340.114	391.870	494.178	53.588	5,79	6,35	7,31	9,22
Potosí	657.743	645.889	709.013	823.517	118.218	5,56	5,46	6,00	6,97
Tarija	187.204	291.407	391.226	482.196	37.623	4,98	7,75	10,40	12,82
Santa Cruz	710.724	1.364.389	2.029.471	2.655.084	370.621	1,92	3,68	5,48	7,16
Beni	168.367	276.174	362.521	421.196	213.564	0,79	1,29	1,70	1,97
Pando	34.493	38.072	52.525	110.436	63.827	0,54	0,60	0,82	1,73
Heile landet	4.613.486	6.420.792	8.274.325	10.027.254	1.098.581	4,20	5,84	7,53	9,13

Tabell: Folketeljningar i Bolivia i perioden 1976-2012. Kjelde: Censo Nacional de Población y Vivienda 2012 ⁵⁵

Barnedødelegheita var stor i 1968, særleg i høg fjellsområda. Ein hjelpeorganisasjon meinte den kunne vera heilt opp imot 60%. Utviklinga har gått riktig veg, og i 2003 var den notert til 5,6%.⁵⁶ Arbeidsutvandringa var stor på 1960-talet, og sukkerplantasjar i Argentina var eit mål for mange. Wagner meinte at 600 000 bolivianarar hadde utvandra dit, mange med bakgrunn frå quechua og aymara.⁵⁷ Folketeljninga i 2012 stadfestar at mange framleis arbeidar utanlands, særleg i Argentina, Brasil og Spania. Potosí har svært høg prosentdel arbeidsutvandrarar.⁵⁸

Wagner beskrev skilnadene mellom innbyggjarane i høglandet og låglandet som så store at ein kunne tru dei hørte til to land. Han rekna i 1970 med at 2/3 av befolkninga var urfolk, vurdert å tilhøyra underklassen. Middelklassen var på ca. 15%, og 5% overklasse på toppen. Ein revolusjon i 1952 førte til ei stor landreform. Fleire fekk eigarskap til jord, og det belasta omgrepet *indianar* (indios) blei bytta med *bonde* (campesinos). Wagner meinte likevel at språk og klede var viktigare for sosial mobilitet enn

Tabell II: Folketeljninga i 2012		
Kjensle av etnisitet	Over 15 år	Prosent
Populasjonen	6.916.732	100,00%
Urfolk	2.806.592	40,58%
Aymara	1.191.352	17,22%
Quechua	1.281.116	18,52%
Andre urfolk	334.124	4,83%

⁵⁵ Folketeljninga: <http://www.ine.gob.bo:8081/censo2012/PDF/resultadosCPV2012.pdf>, lasta ned 29. mars 2015

⁵⁶ [http://www.globalis.no/Land/Bolivia/\(show\)/indicators](http://www.globalis.no/Land/Bolivia/(show)/indicators), lasta ned 29. mars 2015

⁵⁷ Wagner, 1969:6f

⁵⁸ Folketeljninga: <http://www.ine.gob.bo:8081/censo2012/PDF/resultadosCPV2012.pdf>, lasta ned 29. mars 2015

rase og økonomisk status. Grensene mellom ”reinblodige” urfolk og dei med innslag av spanske aner var uklære. Blandingsfolk blei kalla *mestis*.⁵⁹ Fleire kjelder stør opp om at mestisnemninga handla meir om kjensler enn røter, og mange frå urfolksgrupper skrifta identitet ved flytting til byane. Folketeljinga i 2012 viser ein annan prosentdelen av urfolk enn nettkjelder.

Det er over 40 ulike grupper og stammer av urfolk i Bolivia, men utanom *quechua* og *aymara* så handlar dette om små fellesskap, lokalisert i det subtropiske låglandet. Språk er viktig for kommunikasjon, utdanning og høve til sosial mobilitet. I tillegg til spansk er språka aymara og quechua brukt av mange. Offisielle tal frå 2001 fortel at 60,7% brukte spansk, medan tala for quechua var 21,2%, aymara 14,6% og andre stammespråk 3,6 %.⁶⁰

Då NLM starta sitt arbeid, så var analfabetisme eit stort problem. Her går statestikken berre tilbake til 1992, men gjev eit bilete. Sjå tabell III. Situasjonen var truleg mykje verre i 1978.

Fylka Potosí og Chuquisaca kom i 1992 dårleg ut samanlikna med landssnittet. Det fortel oss mykje om lesedugleiken i det misjonsfeltet NLM valte ut. Ved folketeljinga i 2012 var gapet mellom dei ulike fylka, og mellom menn og kvinner, i stor grad viska bort.

Tabell III: Spørsmål om analfabetisme	Menn	Kvinner	Totalt
Heile landet i 1992	88,16	72,31	79,99
Heile landet i 2001	93,06	80,60	86,72
Heile landet i 2012	97,49	92,54	94,98
Potosí i 1992	76,53	49,22	61,81
Chuquisaca i 1992	70,53	51,57	60,52

2.2.2 Religion

Sjølv om omlag 95-97% av befolkninga i 1997 var oppført som katolikkar, men realiteten er at store delar av folket praktiserte ein blandingsreligion mellom romersk-katolsk kristendom blanda med animistiske tradisjonane. Fjell, dyr og planter er viktige element i religiøsiteten. Til dømes tygges kokablاد for å gi bøner ekstra kraft, og lamafostre brennes som offergåver. Pachamama, moder jord, er den viktigaste guddommen, som gjev liv og grøde. Tilbedinga av moder jord er blanda saman med katolsk lære om jomfru Maria. Dersom ein steller godt med moder jord, vil den gi menneska det dei trenger tilbake. Då er det ikkje vanskeleg å forstå at om ein snur seg bort, eller gjer noko anna som er dårleg, kan straffa bli naturkatastrofar.⁶¹

⁵⁹ Wagner, 1969:7

⁶⁰ <http://www.globalis.no/Land/Bolivia>, lasta ned 31. mars 2015

⁶¹ Murphy, 1997:66f

Ein allmektig skapargud høyrer også heime i boliviansk folkereligiøsitet, men han har trekt seg tilbake og bryr seg i liten grad om menneska han har skapt. Han har gjeve over mykje av sine krefter til demonar og helgenar, så det gjeld å halda seg inne med desse.

Dagen til dei døde, Allehelgensdag, er ein viktig dag sjølv om den er fylt med redsel og angst. Det er dagen då dei døde vender tilbake til jorda, og dei etterlatne må sørge høgt og mykje for å tilfredsstilla sjela til den avdøde. Om ikkje kan sjela koma til med hemn. Mat blir servert til dei døde på gravstadane, medan kokablader og alkohol går inn som viktige element i rituala.⁶²

Mange protestantiske kyrkjer driv arbeid i Bolivia, sjå meir i delkapittel 2.3.

2.2.3 Statsstyre og økonomi

«Politisk sett har Bolivia hatt et urolig år med mange regjeringsskriser, devalueringer og streiker. I 1984 var inflasjonen på 3000 % og den økonomiske situasjonen ser ikke ut til å bli bedre i nærmeste framtid.»⁶³ Misjonærene kom til eit land med politiske og økonomiske utfordringar. Bolivia har ein lang historie med busetnad. Rundt år 1450 blei området lagt inn under det mektige Inkariket, til desse hundre år seinare måtte gi tapt for spanjolane som kom i 1535. Etter fleire hundreår med kolonistyre, kjempa landet for sin fridom, noko dei fekk i 1825. Landet har ein tvilsam verdsrekord i talet på kupp og byte av regjeringar. Fram til 1982 hadde 188 regjeringar styrt. Militærkupp og diktatur hadde vore ein del av landet sin kvardag. Den med kortast regjeringstid, klorte seg til makta i mindre enn ein oktoberdag i 1970. Etter 1980 starta ein skjør demokratiseringsprosess, og trass tilbakeslag har den politiske og økonomiske situasjonen betra seg mykje.

Bolivia er ein republikk, og presidenten er både stats- og regjeringssjef. Dei første fem åra NLM var i Bolivia, frå 1978-82, var prega av at presidentane kom og gjekk. Fleire val blei underkjent av sterke motkrefter. Økonomien var dramatisk med årleg inflasjon på fleire tusen prosent, og streikane var mange. Mot slutten av 1980-talet fekk landet meir hjelp, men det førte til store økonomiske innstrammingar som særleg ramma innbyggjarar i byane med auka arbeidsløyse. Den liberale politikken med sal av statlege eigardelar, til dømes rettar for utvinning av mineral, olje og gass til private har seinare blitt snudd og reversert.^{64 65 66}

⁶² NLM-Arkivet, Feltarkiv Bolivia, G-0008, Kort om Bolivia, H.Hånes

⁶³ Utsyn, 1985, nr. 18, artikkel «Fra misjonærkonferansen i Bolivia. –Vi må bedre opplæringsarbeidet».

⁶⁴ <http://www.globalis.no/Land/Bolivia>, lasta ned 31. mars 2015

⁶⁵ <http://no.wikipedia.org/wiki/Bolivia#Historie>, lasta ned 31. mars 2015

⁶⁶ https://snl.no/Bolivias_historie_1952-2000, lasta ned 31. mars 2015

2.3 Protestantisk misjonshistorie i Bolivia

Helge Hånes kunne i 1977 fortelja at «Bolivia har som Peru vore ei hard misjonsmark. Det er i dag ca. 135 000 evangeliske kristne i landet og som i Peru er den største voksteren mellom aymara-indianarane.» Når det gjaldt framtida, så verka den å vera lys for evangelisk misjon. «Det er rekna ut at dei evangeliske kristne i Bolivia veks dobbelt så fort som folkemengda, men mellom aymara-indianarane veks dei kristne 4 gongar så fort som folketalet.»⁶⁷

Det var eit politisk skifte i liberal retning i 1898 opna for auka religionsfridom. Dei liberale kreftene fekk høve til å styra Bolivia fram til 1920, og ein katolsk forfattar omtalte denne epoken slik: «These twenty years, rich in works of material progress, constitute the darkest and most difficult period that the Church and Catholicism have had to face in all the course of Bolivian history.»⁶⁸ Sjølv om ein ikkje kan konkludera ut frå denne ei siterte katolske stemme, så har truleg fleire frå ein katolsk ståstad opplevd inntoget av protestantisk misjon som både eit produkt av, og ein årsak til, auka sekularisme i eit samfunn i sterk materialistisk utvikling.

Plymoth-brødrene frå England, og baptistar frå Canada, var allereie på plass i landet og påverka lovtakarane i ein religionsliberal retning. Den 6. august 1906 passerte lova som gav fridom til å velja gudstenestefellesskap igjennom den siste politiske instansen.⁶⁹ Protestantisk misjon kom først til nabolanda, og ved enkelte høve kryssa bibelkolportørar og andre misjonærar grensene til Bolivia frå 1827 og utover. I 1846 klarte den katolske kyrkja å få regjeringa til å stansa eit misjonsinitiativ overfor urfolka, og i 1877 måtte ein kolportør bøte med livet. Metodistkyrkja kom til Bolivia før år 1900 via Chile og starta eit skolearbeid, men tradisjonelt evangeliserande arbeid byrja først etter lovendringa i 1906. I 1907 kom utsendingar frå Boliviansk Indianarmisjon til landet, med støtte frå kristne i England, Canada, USA, Australia og New Zealand. Målet var å nå indianargruppene, og dei fekk mellom anna starta skular, to teologiske seminar og omsette Bibelen til ei av quechua-dialektene. Dei danna i 1950 ei sjølvstendig nasjonal kyrkje, og endra i 1956 namn til Andes Evangeliske misjon.⁷⁰ Adventistane kom også i 1907, og etter «magre år» tok veksten til rundt 1920. Då NLM starta sitt arbeid adventistane den evangeliske gruppa med størst medlemstal. Kvekarar kom i 1920, og danna i 1951 ei nasjonal kyrkje.⁷¹

⁶⁷ Misjonsmagasinet *Ut i all verden*, 1977, side 12-13

⁶⁸ Pattee, 1951:60, sitert i Wagner, 1969:14-15

⁶⁹ Wagner, 1969:15

⁷⁰ Misjonsmagasinet *Ut i all verden*, 1977, side 12-13

⁷¹ Misjonsmagasinet *Ut i all verden*, 1977, side 12-13

Av dei gruppene NLM kom til å ha samarbeid med, så kan vi nemne svenske pinsevennar. I følge Wagner etablerte dei seg i Bolivia i 1920 som dei første frå pinsesørsla. Dei arbeida for å etablera uavhengige forsamlingar etter mønster frå heimlandet, men arbeidet gjekk tungt i starten og av tilgjengeleg statistikk nemner Wagner 12 medlemmar i 1930.⁷² I 1967 hadde talet stege til 343. Etter andre verdskrig kom i følge Helge Hånes også pinsevenner frå USA inn i misjonsarbeidet. Veksten deira var størst mellom aymara-indianarane.⁷³

World Mission Prayer League (heretter forkorta WMPL) blei i 1937 formalisert som ein sjølvstendig misjonsorganisasjon, men blei starta av ei gruppe studentar ved det lutherske bibelinstituttet i Minneapolis i 1932, med særleg omsorg for evangelisering i Latin-Amerika. WMPL var ikkje tilslutta ei kyrkje, men henta misjonærar frå fleire lutherske samanhengar. Dei to første misjonæranne etablerte i 1939 sin første misjonsstasjon, men etablerte også tidleg eit bibelinstitutt som seinare blei utvida med ”a grand school and a high school”. I 1957 etablerte dei ei nasjonal luthersk kyrkje, *Iglesia Evangélica Luterana Boliviana*, seinare korta til IELB. Dei fleste kyrkjelydane blei danna mellom aymara-indianarane oppe på Altiplano. Av statistikken til Wagner kan ein lesa at også WMPL opplevde ein tung start. I 1950 var det registrert 50 døypte, men i 1967 var talet 2000 og ca. 6000 var rekna som aktive i kyrkja. Wagner påpeikte at statistikken for WMPL kvilte på minna til ein pastor, og at den derfor kan ha vore noko usikker og avrunda. Det såg ut som at veksten kom frå omkring 1960.⁷⁴

På 1960-talet blei det tatt initiativ til meir samarbeid mellom protestantiske misjonar, mellom anna om leiarsamlingar, evangelisering, teologisk utdanning, sosialt arbeid og ad-hoc-grupper for å få fram kristne songar tettare opp til bolivianske tradisjonar. Til dømes var det etablert omlag 20 forskjellige teologi-/bibelinstitutt, og sjølv om ein ikkje lukkast fullt ut så var ønskje om betre samarbeid reelt.⁷⁵ Årlege leiarsamlingar blei arrangert for utveksling av tankar og idear, samarbeid om praktiske forhold som innføring av utstyr, skattefritak og annan kontakt med styresmaktene. Desse samarbeida var framleis operative då NLM etablerte seg i 1978. Den protestantiske misjonshistoria til Bolivia fortel oss at NLM kom til eit land med forholdsvis mange protestantiske aktørar.

⁷² Wagner, 1969

⁷³ Misjonsmagasinet *Ut i all verden*, 1977, side 12-13

⁷⁴ Wagner, 1969:119f

⁷⁵ Wagner, 1969:154-176

3 Frå undersøking til etablering av misjonsfeltet

Etter fleire år med interne drøftingar, reiste to av misjonsleiarane i NLM i 1975 via USA til ei rekke land i Sør-Amerika. Undersøkingstreisa resulterte i ein omfattande rapport og ei bok som blei brukt av hovudstyret i NLM då dei i 1976 anbefalte generalforsamlinga å ta opp misjonsarbeid i Sør-Amerika. Eit vedtak om å ta opp misjonsarbeid i Peru med høve til ei seinare utviding til Bolivia og Paraguay skjedde samrøystes. Dei første misjonærane reiste i januar 1977 ut for å studera språk i Cochabamba i Bolivia. Dei skulle dra vidare til Sør-Peru for å starta opp det nye misjonsfeltet, men 16. september 1977 endra hovudsstyre strategi og vedtok parallell oppbygging av misjonsarbeid både i Peru og Bolivia. Etableringsåret for misjonsfeltet i Bolivia er derfor rekna for å vera 1978.

Den norske Santalmisjon (no Normisjon) byrja i 1968 eit arbeid i Ecuador,⁷⁶ og Det Norske Misjonsselskap tok til i Brasil i 1975.⁷⁷ I tillegg til forarbeidet som førte til at Bolivia blei eit nytt misjonsfelt, vil dette kapittelet ta fram valet av misjonsfeltet sine geografiske grenser og formelle organisering. Framstillinga og analysen bygger på referat frå komitear som arbeida med spørsmål om nye misjonsfelt i åra frå 1969 til 1973, rapporten frå undersøkingstreisa i 1975, sakspapir, eit knippe brev og rapportar frå åra 1976 til 1978.

3.1 Nye misjonsmarker blir vurdert

I rapporten til generalforsamlinga i Kristiansand i 1976 blei det omfattande forarbeidet med å vurdere Sør-Amerika som eit nytt misjonsfelt referert. Den første drøftinga ein kjenner til skjedde under NLM sitt rådsmøte i 1949. Bakgrunn var at generalsekretæren i eit anglikansk misjonsselskap tok kontakt med NLM og bad dei bidra med misjonærar til misjonsarbeid i Chile, Paraguay og Argentina. Hovudstyret drøfta spørsmålet nøye, for mange misjonærar stod rådville etter som Kina var blitt stengt som misjonsmark. Når NLM ikkje takka ja eit formelt samarbeid, blei det grunngeve med fleire forhold. I både hovudstyret og rådsmøtet var mange skeptisk til samarbeid med eit engelsk misjonsselskap av teologiske årsaker. Ein var skeptisk til å spreia arbeidet, for generalforsamlinga i 1946 hadde tatt opp Etiopia som nytt misjonsfelt, og håpet om at Kina igjen kunne opna seg var levande.⁷⁸ Nokre misjonærar med fartstid frå Kina blei sendt til Etiopia, andre til Hong Kong og Taiwan, og i 1950 Japan.

⁷⁶ <http://www.normisjon.no/internasjonalt/ecuador>, lasta ned 17.10.2015

⁷⁷ <http://www.nms.no/brasil/>, lasta ned 17.10.2015

⁷⁸ Kjebekk, 1991:293f

NLM var open for at nokre misjonærar kunne få permisjon for å bidra i engelskmenna sitt arbeid i Sør-Amerika, men det blei ikkje ro for å takka ja og gjera Sør-Amerika til eit nytt kontinent for NLM på dette tidspunktet.⁷⁹

Nøyaktig 30 år seinare blei eit nytt mogleg misjonsfelt i Sør-Amerika på nytt tema i NLM. Under rådsmøtet i 1969 kom lærar ved Fjellhaug skoler, Øivind Andersen, med eit utspel om å gå vidare med misjonsoppdraget og ta opp nytt arbeid i Sør-Amerika. I diskusjonen som følgde var fleire erfarne misjonærar skeptisk, og menna på rådsmøtet enda opp splitta i saka.⁸⁰ Dei samla seg om å be hovudstyret setja ned ein komité, noko som blei følgd opp. Sju menn blei peikt ut for å «røkja etter om vi bør sjå oss om etter ei ny misjonsmark».⁸¹ Komiteen delte seg inn i ein A- og B-komité, som drøfta ulike sider, før dei samla seg om ei felles innstilling. I eit notat frå B-komiteen blei Argentina, Brasil og Bolivia tatt fram som moglege misjonsfelt. Om Bolivia stod det at luthersk misjonsarbeid stod svakt. Nauda var stor både lekamleg og åndeleg, og konklusjonen var at det låg til rette for vekkingstona misjonsverksemd i landet. Då den endelege rapporten kom, blei ikkje eit spesielt land trekt fram, og komiteen tilrådde nærare undersøkingar av dei ulike alternativa.⁸²

I eit referat frå ein samla komité, datert 4. februar 1970, får vi innblikk i ein misjonsstrategisk tanke som ikkje blei lagt inn i den endelege rapporten, men som blei sendt til hovudstyret. Andre forskarar har også merka seg dette innspelet.⁸³ Rektor ved Misjonsskolen, Ommund Lindtjørn, og NLM sin dåverande generalsekretær, Tormod Vågen, var to toneangivande medlemar i komiteen som åtvara mot ei for stor spreing av misjonsinnsatsen. Dei frykta at spreing til nye felt kunne føra til større internasjonalisering, og pressa NLM til å inngå i økt økumenisk samarbeid i både konservativ og liberal retning. Misjonsstrategien hadde hittil vore å skapa og organisera sjølvstendige kyrkjelydar tufta på den luthersk vedkjenninga.⁸⁴ Signalet er interessant for analysen av korleis NLM valte å bygga opp arbeidet i Bolivia.

Generalforsamlinga i 1970 opna for ei mogleg utviding ved å gi hovudstyret fullmakt til å ta opp nytt misjonsarbeid, og i 1972 blei ein ny komité satt ned for å følgja opp saka. Komiteen hadde tre møter, og la fram si innstilling til hovudstyret i slutten av mars året etter. No var det andre presserande gjeremål som fekk fokus, men det blei tatt med eit spørsmål frå komiteen om NLM kanskje kunne opna for eit avgrensa arbeid i eit ennå ikkje evangelisert område, til

⁷⁹ NLM-Arkivet, SA, Rapportar, NLMs HK, kartong Dei-0001 (Orientering/innstilling frå hovudstyret til GF i 1976), s. 2f.

⁸⁰ Kjebekk, 1991:397f

⁸¹ NLM-Arkivet, SA, Rapportar, NLMs HK, kartong Dei-001, Notat, ikkje datert, «Spørsmålet ny misjonsmark i SA».

⁸² NLM-Arkivet, SA, Rapportar, NLMs HK, kartong Dei-0001, Notat, B-komiteen

⁸³ Kjebekk, 1991:398

⁸⁴ NLM-Arkivet, SA, Rapportar, NLMs HK, kartong Dei-0001, Referat etter komitémøte 4. februar 1970

dømmes i grenseområda mellom Brasil og Argentina. Dette blei også omlag ordlyden i vedtaket frå generalforsamlinga i 1973, men nokre konkrete land blei ikkje nemnt. Komiteen som førebudde saka var tydeleg på at dei ikkje ville foreslå innskrenkingar ved dei eksisterande misjonsfelt, derfor måtte ny innsats skje med avgrensa og nye ressursar. Samstundes sa komiteen at «dersom misjonærene blir for lenge på en misjonsmark, vil det ofte gå utover selvstendigjørelsen av en nasjonal kirke. En så det også meget formålstjenelig at en hadde misjonsmarker i forskjellig utviklingsfaser.»⁸⁵ Her ser det ut som om komiteen seier imot seg sjølv, men det fortalte og at mange ivra etter å gå vidare til nye felt i til dømes Afrika.

Den første komiteen åtvare altså mot spreiding og større grad av internasjonalisering i 1970. Neste komité ønskte nytt arbeid velkomen, berre det ikkje gjekk ut over det eksisterande. Det er viktig å kjenna til at det ikkje berre var Sør-Amerika som blei drøfta som ny misjonsmark i desse åra, og resultatet etter generalforsamlinga i 1973 blei nærare undersøking og vedtak om å starta opp misjonsarbeid i Indonesia. Sør-Amerika måtte framleis venta på tur, men det var ikkje stille omkring temaet, for fleire ønskte å få NLM til kontinentet. Frå Brasil kom det invitasjon til samarbeid om drift av bibelskule og radio, og i 1974 kom ein generell invitasjon frå ein luthersk pastor i Peru. Det er òg viktig å vita at NLM ikkje var åleine om å venda augo i retning Sør-Amerika. Som nemnt hadde Den norske Santalmisjon etablert seg i Ecuador i 1968, og Det Norske Misjonsselskap hadde i 1975 planane klare i Brasil.⁸⁶ Norske pinsevener hadde lenge arbeida på kontinentet, og i Bolivia hadde dei halde til sidan 1950-talet.⁸⁷

«Konkurrans» mellom norske misjonsselskap kan vi nok ikkje konkludera med, men NLM var medviten arbeidet andre var gått inn i. Vedtaket frå generalforsamlinga i 1973 gav ei lita opning. Med invitasjonar frå Sør-Amerika, og endra politiske føresetnader i Etiopia som bakteppe, gjekk såleis eit samrøystes rådsmøte i 1975 inn for å senda ut ein delegasjon. Hovudstyret følgde straks opp vedtaket, og sendte generalsekretær Birger Breivik og misjonssekretær Gabriel Eikli til USA og Sør-Amerika, allereie den same hausten.

⁸⁵ NLM-Arkivet, SA. Rapporter, NLMs HK, kartong Dei-0001, Referat av 29. mars 1973

⁸⁶ Uglem, 1979:239

⁸⁷ <http://pymworld.com/bolivia/>, lasta ned 19.07.2015

3.2 Undersøkingstreisa i 1975

Dei norske misjonsleiarane fekk med seg ein røynd Sør-Amerikamisjonær som reiseleiar. Med 23 flybilletter i lomma, reiste dei først til lutherske misjonsorganisasjonar i USA, vidare til Bonaire i Dei Nederlandske Antillane, så til Venezuela, Colombia, Ecuador, Peru, Bolivia, Paraguay, Chile, Argentina og Brasil. Målet var å undersøka det eksisterande lutherske arbeidet, effekten av radioarbeid, og vurdera moglege område for ei satsing frå NLM. Ønske om å arbeida i eit område med lite eller ingen protestantisk misjon frå før, verka å vera viktig. Reisa blei ei stor oppleving, og via brev, rapportar og ei bok, fortalte dei om sine opplevingar i møte med dei ulike landa, kulturen og det eksisterande misjonsarbeidet. I dette materialet finnes det mykje interessant, men for denne oppgåva er det først og fremst konklusjonane i den endelege rapporten til hovudstyret som er viktig. I Bolivia spurte misjonsorganisasjonar etter fleire medarbeidarar, fortalte om vekking mellom stammefolk og studentar som snudde ryggen til katolisismen. Alt dette blei tolka som opne dørar for evangelisk misjon. Om møta med misjonærane og leiarane i WMPL skreiv misjonsleiarane: «...vi følte oss hjemme blant dem. Deres arbeidsmåte minner svært om det vi er vant til i Misjonssambandet. Det er en lavkirkelig misjonsgruppe som legger stor vekt på kallet og nådegaveutrustningen.»⁸⁸

I oppsummeringa, som hovudstyret i all hovudsak sendte vidare til generalforsamlinga i 1976, løfta dei fram spørsmålet om det var riktig å driva misjon i eit land der dei fleste er nominelle katolikkar. Kvifor ikkje heller satsa blant «reine heidningar»? I arbeidet med å få fram ei sannferdig tilråding skreiv dei at «...vi har fått mange klare svar – både av katolikker og protestanter: Folket trenger evangeliet – budskapet om synd og nåde. De trenger sann omvendelse».⁸⁹ Ecuador og Brasil blei lagt bort sidan andre norske lutherske organisasjonar allereie arbeida der. Vanskelege arbeidsforhold stengte i Argentina, og dei politiske forholda gjorde det vanskeleg i Chile. Høgt kostnadsnivå gjorde at Venezuela vanskeleg kunne forsvarast reint økonomisk, og i Colombia var det allereie eit luthersk arbeid i gong som kunne hindra NLM i sitt ønske om å få bygga opp eit sjølvstendig misjonsarbeid.⁹⁰

Tre land stod med det igjen, Peru, Bolivia og Paraguay. Positive myndigheiter, gode kontaktar og høve til å starta opp eit sjølvstendig arbeid, var dei viktigaste kriterier for dette utvalet. Hovudstyret kunne derfor etter ei tid med drøftingar gi si innstilling til generalforsamlinga, og den 13. mars 1976 vedtok dei ei tilråding om å starta opp eit misjonsarbeid i Peru, og ha døra

⁸⁸ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA. Rapportar, kartong Dei-0001, Orientering og innstilling fra hovedstyret til GF i 1976, s. 13

⁸⁹ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA. Rapportar, kartong Dei-0001, Orientering og innstilling fra hovedstyret til GF i 1976, s. 15

⁹⁰ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA. Rapportar, kartong Dei-0001, Rapport til hovedstyre etter Sør-Amerikatur 1975, s. 28-32

open for seinare utviding til Bolivia og Paraguay. Evangelisk arbeid med siktemål å bygga kyrkjelydar skulle prioriterast, men oppgåver innan undervisning, helse- og radioarbeid blei òg nemnt i innstillinga. Behovet for ein innsats i slumområda kring storbyane fekk og plass i hovudstyret si innstilling til vedtak ved generalforsamlinga.⁹¹

3.3 Start i eit eller to land

Ei samrøystes generalforsamling i 1976 opna døra for eit misjonsarbeid i Sør-Amerika i tråd med innstillinga frå hovudsstyret, og eit hektisk arbeid tok til for å klargjera misjonærar og elles leggja til rette reint praktisk. Allereie på generalforsamlinga blei dei første misjonærane innvia til teneste på det nye feltet, og fleire kom til. For fleire kom det brått på å skulle omstilla seg frå ei tenkt framtid i til dømes Etiopia. Kjell Jaren beskrev det å få ein ny ordre slik: «I et par år hadde vi lest om Etiopia, drømt om Etiopia og sugd informasjon ut av Etiopia-misjonærene. Det var vår framtid, vårt kall og glede».⁹² Dei som blei peikt ut til det nye feltet visste noko, men ikkje så mykje om land, folk og kultur. Under ei forelesing det siste året på misjonsskulen spurte Jaren om korleis ein best kunne starta eit misjonsarbeid om ein blei plassert aleine ute i «bushen», og svaret han fekk var: «Dokke får finna dokkar veg». «Det var således med denne «strategien» som balast vi dro fra Fornebu en kald vintermorgen 10. januar 1977», skreiv han nokre år seinare.⁹³

Hovudkontor arbeida hardt med mål om å senda dei første misjonærane til språkstudium før nyttår. Gabriel Eikli blei sjuk, så Norvald Yri kom inn i førebuingarbeidet saman med Birger Breivik, og han fekk eit koordinerande ansvar for Sør-Amerika i åra 1976 til 1979. I eit notat frå september 1976 blei det lista opp moglege misjonærar til Sør-Amerika. Det var ønskeleg å senda ut nokre med erfaring frå andre felt, og i notatet blei fire Etiopia-misjonærar vurdert. To namn blei strøke ut utan nærare forklaring, men dei to neste takka ja til eit kortare oppdrag. Desse to blei viktige røyster inn i prioriteringane leiinga i NLM tok i løpet av 1977 og 1978.⁹⁴ Den 22. november 1976 deltok dei to erfarne misjonærane, Ommund Birkeland og Torjus Vatnedalen, på eit møte med misjonsleiinga. I referatet kom det fram at avgjerda om å leggja språkopplæringa til Cochabamba i Bolivia var gjort. Alternative tilbod i Costa Rica og Peru var vurdert. Ved å senda misjonærane til Bolivia for språkopplæring la truleg misjonsleiinga,

⁹¹ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA. Rapporter, kartong Dei-0001, Orientering/innstilling fra hovedstyret til GF 1976, s. 16-17

⁹² Jaren, (udatert), s. 4

⁹³ Jaren, (udatert), s. 4f

⁹⁴ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA. Rapporter, kartong Dei-0001, Notat til hovedstyret, datert 14.09.76

utan at det var meininga, føringar som seinare fekk innverknad for strategien. Referatet fortalte at det var drøfta om Peru *eller* Bolivia var riktig land å først starta opp arbeid i. Derfor blei dei to erfarne misjonærane bedt om å vurdera Bolivia *likeverdig* med Peru.⁹⁵ Mykje tyder allereie alt her på at to-landsløysinga, som seinare blei valt, ikkje var ei «impulshandling».

Den 10. januar 1977 reiste Birkeland og Vatnedalen saman med dei tre første Sør-Amerikamisjonærane via USA til Peru og seinare Bolivia på jakt etter dei beste stadane å starta arbeid. Byen Arequipa peikte seg ut som utgangspunkt i Sør-Peru, men vanskar med visum uroa. I eit notat til hovudstyret datert 31. mars 1977 spør Yri om det kan vera «klokt å plassere nokre misjonærer også i Bolivia så snart som mogleg».⁹⁶ Han frykta avgrensing på visum kunne skada den planlagde veksten av misjonærer. I ein «kjøreplan for Sør-Amerika», datert 28. april 1977, noterte han lysare håp om visum, men trekte no fram eit formelt samarbeid med WMPL i Bolivia som sterkt ønskeleg. NLM var i eit brev frå WMPL formelt invitert til å starta eit misjonsarbeid, gjerne i Santa Cruz. I notat til Breivik og Eikli, datert 3. mai 1977, tilrådde Yri at tre-fire av elleve aktuelle misjonærer kunne plukkast ut til Bolivia. Medan ein venta på visum, burde ein ta fatt på misjonsarbeid i Santa Cruz.⁹⁷ Yri ivra sterkt for Bolivia.

I Kina hadde NLM smerteleg erfart kva politisk uro kunne gjera, og situasjonen i Etiopia i 1977 kan ha medverka til valet av ein to-landsstrategi. Kor dagsaktuell situasjonen i Etiopia blei opplevd, kan eit brev Breivik sendte til Vatnedalen fortelja oss. «Vi har ikkje høyrte noko ekstra frå Etiopia den siste veka. Vi vonar det tyder godt, men det er nok ikkje tvil om kva lei kursen er lagt politisk. Dersom ikkje ei høgare makt grip inn, så er det vel sikkert at misjonen ikkje høver i biletet i den politiske situasjonen». I brevet fortel Breivik at medarbeidarar var sendt til Vest-Kenya for å vera med «å konkretisere dei planane misjonen har der. Vi tenkjer jo litt på at det kan vere rett å ha alternativ om Etiopia skulle stengjast til».⁹⁸ Truleg gjorde denne tenkinga om alternative felt seg og gjeldande i forholdet til starten i Peru og Bolivia.

Parallelt med diskusjonane i heimeleiinga, haldt dei to erfarne misjonærane fram med sine undersøkingar. Rapporten om Bolivia blei sendt frå La Paz, 11. juni 1977, og hadde ei klår tilråding om at ein start i Bolivia burde skje med utgangspunkt i Santa Cruz. Byen var i vekst, og ein av dei nye bydelane bestod av ei stor gruppe utvandrande japanarar frå øyane Okinawa. Dei meinte å vera overtydd om at dette var ei open dør for NLM. Byen Sucre blei også peikt på som framtidig misjonsmark, og skulle det dryga med visum til Peru tilrådde dei også arbeid i

⁹⁵ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, Framdriftsplaner m.m., kartong Dei-0001, Referat frå møte 22.11.1976, datert 23.11.1976

⁹⁶ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, kartong Dei-0001, Notat til hovudstyret, datert 31.03.77

⁹⁷ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, kartong Dei-0001, Notat frå Yri til Breivik og Eikli, datert 3. mai 1977

⁹⁸ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, kartong Dei-0001, Brev frå Breivik til Vatnedalen, datert 3. mai 1978

aymarabyen Achacachi i nærleiken av Titicacasjøen og like ved grensa til Peru. Tilrådinga av Santa Cruz var grunngeven både misjonsstrategi og praktisk,⁹⁹ og truleg påverka av WMPL. Spørsmålet om hovudstyret kunne koma til å gå for parallell start i Peru og Bolivia er og med i eit notat signert mediemisjonær Geir Magnus Nyborg, frå eit møte 20. juni 1978, der mellom andre Bernt Egil Stømme deltok. Dei to hadde fått oppdraget om å bygga mediarbeidet, og skulle ta språk samstundes i Cochabamba. «Dersom hovudstyret vedtar å opprette arbeidet både i Peru og Bolivia samtidig, reiser den ene vidare til Peru etter en tid».¹⁰⁰

Eit referat frå «konferanse om Sør-Amerika» fortalte at ei utvida misjonsleiing møtte Birkeland og Vatnedalen i Oslo 23. august 1977 for å drøfta vidare strategi. I referatet kom det fram at ein framleis ville prioritera Arequipa i Peru, men kunne vera innstilt på å starta parallelt i begge land. I tillegg til evangelisering blei eit mobilt medisinsk arbeid framheva.¹⁰¹

Hovudstyret møtte 16. september 1977. Saksframlegget, datert 9. september, munna ut i eit framlegg til vedtak i fire punkt, og byrja med «at NLM under rådende forhold begynner misjonsarbeid både i Peru og Bolivia.» Saman med uroa for visum til Peru, så er den formelle invitasjonen frå WMPL lagt til grunn,¹⁰² nærast som ein «joker» i den strategiske vurderinga. Blei invitasjonen ein «redningsplanke» når døra til Peru såg ut til midlertidig å vera stengt, eller blei utfordringane med visum brukt for å gå raskare fram enn generalforsamlinga sitt vedtak la opp til? Eller var det viktigaste å imøtekoma innbydinga frå WMPL til Bolivia?

Det er grunn til å stilla spørsmål med saksgangen. Framlegget, datert den 9. september, var signert av G. Eikli og N. Yri. Under blei det forfatta eit P.S. I telefonsamtale med den norske konsulen i Peru, hadde Yri fått vite at all behandling av visum til utanlandsk personell hadde stansa opp. Han skreiv: «Dette betyr at det haster med å finne et arbeidsområde i Bolivia og få en skriftlig avtale med den lutherske kyrkje (Federation) der nede. Det kan være nødvendig at noen besøker USA (WMPL) og Bolivia så snart som mulig.»¹⁰³ Yri som lenge hadde føreslått å starta opp i begge land, tok ei pro-aktiv rolle. Eit revidert framlegg til vedtak blei avslutta med invitasjonen frå WMPL, som også blei lagt ved saka. Hovudstyret blei oppmoda til å vedta at NLM «takker for innbydelsen og stiller seg positivt til et samarbeid i Bolivia.»¹⁰⁴

⁹⁹ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, kartong Dei-0001, Rapport frå Birkeland og Vatnedalen, 11.06.77

¹⁰⁰ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, Framdriftsplaner m.m., kartong Dei-0001, Notat fra møte om radioarbeidet, 20.6.77

¹⁰¹ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, kartong Dei-0001, Handskreve notat etter konferanse 23.08.77

¹⁰² NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, kartong Dei-0001, Brev til Jarens og Bjørneberg, datert 22.09.1977

¹⁰³ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, kartong Dei-0001, Saksframlegg til hovudstyret, 09.09.77

¹⁰⁴ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, kartong Dei-0001, Revidert forslag til vedtak om Sør-Amerika, 1977

Hovudstyret følgde verken ordlyden i det originale saksframlegget eller det reviderte. Kanskje var det motvilje mot å inngå formelt samarbeid med andre som låg bak, men hovudstyret henta fram intensjonen frå generalforsamlinga om at NLM skulle prioritera evangeliserande arbeid i til no ikkje evangeliserte område. «Særlig har hovudstyret kjent det som et kall å nå indianerstammene i disse områdene med evangeliet.»¹⁰⁵ Yri orienterte misjonærene om hovudstyret sitt vedtak brev datert 22. september i 1977. «Som de skjønner, vil HS at NLM skal etablere eit permanent «bruhode» til Bolivia. Dette skal ikkje kome i vegen for kallet til Peru...».¹⁰⁶ Medan dei venta på visum ville han at dei la til rette for eit arbeid i Santa Cruz. Sjølv om vedtaket ikkje skulle stå i vegen for kallet til Peru, så skapte vedtaket reaksjonar, særleg fokuset på Santa Cruz. Hadde dei to erfarne misjonærene som i nokre hektiske veker undersøkte Bolivia gjort grundig nok arbeid? Hadde guiden frå WMPL bevisst framheva Santa Cruz? Kvifor ikkje heller prioritera sentrale quechuaområde som Sucre og Potosí? Kjell og Mette Jaren drog til Santa Cruz og «vi fikk bekreftet det vi allerede visste fra før. Over 20 forskjellige utenlandske misjoner arbeidet i området!»¹⁰⁷ To månader etter fekk dei medhald,¹⁰⁸ men det var tydeleg at leiinga heime og misjonærene ute i «felten» ikkje hadde tett kontakt om dei strategiske vegvala. Kommunikasjonen var tungrodd med brevskriving som tok fleire veker fram og tilbake over Atlanterhavet. Vidare får ein eit inntrykk av at leiinga har kjent på eit press om å melda «godt nytt». Eit nokså komisk døme er knytt til saka om å starta opp i Santa Cruz. Då ekteparet Jaren kom tilbake frå «bomturen» til Santa Cruz, las dei i avisa *Vårt Land* og *Utsyn* at «NLM's første misjonærer nå hadde slått seg ned i Santa Cruz, funnet et tjenelig hus og begynt å arbeide!»¹⁰⁹ Lenger bort frå sanninga var det vel vanskeleg å koma. Dei tre første misjonærene fekk sine visum til Peru i januar 1978, og reiste straks til Arequipa for å ta opp det etterlengta misjonsarbeidet der. No var utfordringa korleis misjonen skulle gå vidare med etableringa av det permanente «bruhode» til Bolivia.

¹⁰⁵ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, kartong Dei-0001, Brev frå Yri til Jaren og Bjørneberg, datert 22.09.77

¹⁰⁶ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, kartong Dei-0001, Brev frå Yri, datert 22.09.77

¹⁰⁷ Jaren, udatert, s. 13

¹⁰⁸ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, Framdriftsplaner, NLM's HK, kartong Dei-0001, Notat til hovudstyret, datert 10.11.1977

¹⁰⁹ Jaren, udatert, s. 14

3.4 Bolivia-feltet blir utforma og formalisert

I eit saksframlegg til hovudsstyret sitt møte 9.-11. februar 1978 blei det foreslått å setja av fire misjonærkandidatar til Bolivia frå den tidlegare nemnte lista med 11 namn, og ein satsa på å starta sjølv misjonsarbeidet kring årsskiftet 1979/1980. Rådet frå dei unge misjonærene om å la Cochabamba vera utgangspunkt blei lytta til, og områda sør for Sucre og rundt Potosí blei nemnt som det verkelege misjonsfeltet.¹¹⁰ Hovudstyret følgde ikkje fullt ut saksframlegget denne gongen heller, og forserte misjonsleiinga sine planar. Dei omplasserte Solveig og Helge Hånes, som på leiinga sine papir var tiltenkt eit arbeid sørvest for Titicacasjøen i Peru. Brevet med vedtaket brukte nokre veker på vegen til Cochabamba, og ekteparet fekk gratulasjonar på telefon frå kjenningar i Noreg som hadde lest nytt frå arbeidet i Bolivia i *Utsyn*. Sjølv om dei blei overrumpla, så sparte dei seg ikkje i oppgåvene som no venta. I april og september 1978 kom nye vedtak med plasseringar, og ved slutten av 1978 var tre ektepar plassert i Bolivia.

Alle dei tre ektepara var i 20-åra og var førstereismisjonærar. Som nemnt tidlegare blei det ikkje satt av erfarne misjonærar frå andre misjonsfelt til å gå saman med dei unge ut i arbeidet på felta i Sør-Amerika. Bernt Egil Strømme formulerte seg slik til *Utsyn* i 1979: «Vi som er i Bolivia nå, er unge og uerfarne. Derfor føler vi at vi spesielt trenger misjonsfolkets omsorg og forbønner, nå som arbeidet er i begynnerfasen».¹¹¹ I den vidare framstillinga i denne oppgåva er det viktig å ha med at det var unge og kreative misjonærar som reiste ut, men dei måtte finna vegen sjølv og fortløpande bygga på erfaringane dei vant undervegs i arbeidet. Mykje tyder også på at forventningane som blei lagt på dei var store, jamfør Norvald Yri sin boktittel, *Indianerne venter*. «...i dag kan vi nå ut til indianerfolk som venter. Må bare forkynnelsen og vekkelsen vare ved, og må Guds ånd stadig få gjøre sin gjerning i oss og mellom oss til Guds rikes utbredelse».¹¹² Forventningspresset var stort, kanskje tyngande.

Eksakte grenser for misjonsfeltet blei ikkje fatta før i 1979, men hovudstyret fekk alt i 1978 framlagt misjonærene sine tankar kring dei tre fylka Cochabamba, Potosí og Chuquisaca. Sucre er fylkeshovudstad i Chuquisaca, men også den offisielle og kulturelle hovudstaden i Bolivia. I stor grad var det praktiske årsaker til at Cochabamba blei utgangspunkt for arbeidet, mellom anna tryggleiken med å ha gode sjukehusenester nært tilgjengeleg. Hovudstyret var

¹¹⁰ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, kartong Dei-0001, Saksframlegg til HK, datert 31.01.78

¹¹¹ *Utsyn*, 1979, nr. 7, s. 1

¹¹² Yri, 1979:105

positiv til eit samarbeid med WMPL, særleg grunna deira erfaring med radio, men dei understreka nok ein gong målet om «å nå inn til store indianergrupper med evangeliet...».¹¹³

I det Solveig og Helge Hånes var ferdig ved språkskulen, venta ei hektisk tid med papirarbeid og omfattande undersøkingar av det tiltenkte misjonsfeltet. Lange og spanande turar blei tatt ut på landsbygda, omfattande rapportar utforma, og «fargerike» historier blei satt på trykk i misjonsbladet *Utsyn*. I løpet av 1978 kunne ein derfor lesa om reisa til Azurduy som tok 17 timar saman med folk og fe på «offentleg lastebil» langs smale fjellveggar sør for Sucre. Seinare kom rapporten frå småflyturen til den avsidesliggande landsbyen Arampampa i Nordre Potosí.¹¹⁴ Norvald Yri besøkte Sør-Amerika i andre halvår av 1978,¹¹⁵ og det blei halde stabsmøte der rammer og konkrete planar for misjonsfeltet blei drøfta.¹¹⁶

Den formelle organiseringa fann likevel stad på den første misjonærkonferansen i romjula 1978.¹¹⁷ Som nemnt var tre ektepar på plass, men grunna språkopplæring tok det tid før alle var i arbeid. Målet var å få ut nærare 40 misjonærar, men det blei ikkje rekna som eit kortsiktig mål. Misjonærkonferansen valte det første feltstyret. Budsjett og framdriftsplan blei vedtatt i tråd med handboka for misjonærar og heimearbeidarar i NLM.¹¹⁸

3.4.1 Avtale med myndighetene

Av praktiske oppgåver som måtte få ei snarleg løysing var registrering av NLM som «juridisk person» i Bolivia. Vidare var det naudsynt med ein avtale for arbeidet som kunne avklara praktiske forhold kring import av utstyr og liknande. Avtale om «juridisk person» blei signert av presidenten 1. april 1980. Den 22. mai same år signerte presidenten ei utviding av avtalen nordiske pinseverner hadde med staten om import. NLM og Den norske Misjonsallianse fekk gå inn i deira avtale, eit samarbeidet som varte i ca. 10 år.¹¹⁹ Pinsevenene vedtok i 1987 at samarbeidspartane deira måtte inngå eigne avtalar,¹²⁰ men det skulle gå nesten to år før ein ny samarbeidsavtale kunne signerast den 15. desember 1989. I tilsynsmannen sin rapport i 1990 kan vi lesa at den nye avtalen i stor grad bygde på tidlegare praksis og rutinar.¹²¹

¹¹³ NLM-Arkivet, NLM's HK, SA, kartong Dei-0001, Brev frå misjonsleiinga, datert 21.06.78

¹¹⁴ Utsyn, 1978, nr. 34 og 38/39

¹¹⁵ Yri, 1979

¹¹⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå stabsmøte, 1978

¹¹⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå misjonærkonferansen 1978

¹¹⁸ Handbok 1980

¹¹⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Tilsynsmannsrapport til konferansen 1981

¹²⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå tilsynsmannen 1987

¹²¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå tilsynsmannen 1989

Rapportane frå styre og tillitsmann innehaldt nesten kvart år nokre linjer om dei politiske tilhøve i Bolivia. Tross kupp og politiske kastevindar, opplevde misjonærane samarbeidet med myndigheitene som tilfredsstillande. Ved nokre høve skapte regionale og lokale myndigheiter vanskar som misjonen ofte fekk løyst på nasjonalt plan. Meir om det seinare.

3.4.2 Tillitsmannen. Dagleg leiar på feltet

Hovudstyret utpeikte i februar 1978 Helge Hånes til å vera konstituert tillitsmann inntil den første konferansen på feltet fekk høve til å gjera sine val. I handboka les ein at tillitsmannen var eit sær s viktig bindeledd mellom misjonsleiinga heime og den einskilde misjonær ute på feltet. Lære- og hyrdeansvar følgde stillinga, noko som etter prinsippet om tenestedeling gjorde at vervet berre kunne utførast av menn. Av konkrete arbeidsoppgåver kan nemnast at alle offisielle skriv skulle gå igjennom tillitsmannen. Han skulle ha kjennskap til misjonærane sine arbeidsforhold og om nødvendig opptre som forliksmann. Tilsendte skriv eller saker som påverka arbeidet skulle leggjast fram for styret på feltet. Tillitsmannen skulle årleg sende melding til hovudstyret, og samtidig ha ansvar for arkivet på feltet, halda orden på lista over misjonærar og utarbeide statistikk. Budsjettansvaret kvilte og på tillitsmannen, som i tillegg hadde ansvar for å anvisa alle utbetalingar som vedkom NLM på feltet. Sjølv om feltet i byrjinga ikkje hadde stor bemanning, så forstår ein ut frå handboka at administrative oppgåver likevel tok svært mykje tid og krefter for den som blei valt til vervet.¹²²

3.4.3 Misjonærkonferansen

Misjonærkonferansen bestod av alle NLM sine misjonærar på feltet. For å ha stemmerett måtte ein ha vore ute på misjonsmarka i eit år, men på den første konferansen i desember 1978 fekk alle stemmerett, også «misjonærkonene». Det gjorde at kvinner var naturlege kandidatar til styreverv på feltet. Dette blei tatt inn i særreglane, noko som kan bety at det ikkje var sjølvstøtt på alle misjonsfelt. Det høyrer med at grunninstruks for misjonærar var sak i hovudstyret 27. april 1978, og at konsekvensar av den nye grunninstruksen var kjent for misjonærane i Bolivia når feltet gjorde sine tolkingar av til dømes stemmerettsreglar.¹²³

¹²² Handboka 1980

¹²³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå stabsmøte saman med Yri 1978

På misjonsfeltet var misjonærkonferansen NLM sin høgste myndigheit, tok stilling til lovgjevings-, prinsipp- og organisasjonssaker som vedkom misjonen sitt arbeid på feltet. Konkret betydde det ansvar for utviding av feltet, opptak eller nedlegging av arbeid, forvaltning av eigedom, budsjett, lønnsregulativ for nasjonale tilsette, godkjenning av rekneskap og ansvar for skulegongen for misjonærbarna. I praksis hadde misjonsfelte stor fridom, men hovudstyret hadde i følge handboka ein reell vetorett, då alle konferansevedtak skulle sendast hovudstyret for godkjenning. I det store og heile var det ikkje ofte hovudstyret greip inn i einskildsaker, men gjennom dei budsjettmessige overføringane greip hovudstyret indirekte inn slik at misjonsfeltet ofte måtte endre sine opphavlege ønsker og prioriteringar.¹²⁴ Misjonærkonferansen hadde ansvar for å velja medlemar til feltstyret, og for å velja ein mann til oppgåva som tillitsmann. Helge Hånes, som var konstituert som tillitsmann, blei av den første konferansen valt på ordinær måte. I følge reglane var tillitsmannen samstundes leiar for styret, og med seg i det første feltstyret fekk han Bernt Egil Strømme og Gunvor Aardal.¹²⁵

3.4.4 Feltstyre

Ansvarsområdet til eit feltstyre var omfattande, og arbeidsmengda auka i takt med omfanget av arbeidet og talet på misjonærar. Dei første åra hadde ikkje tillitsmannen med talet på møter og saker i feltstyret. Rapportane frå 1985 og utover fortel av det variert frå 130 til 226 saker fordelt på frå 8 til 13 årlege møter.¹²⁶ Feltstyret hadde ansvar for å ta stilling til plassering av misjonærar, sørga for gode arbeidsoppgåver, ha ansvar legetilsyn, rekreasjon og feriar. Arbeidsgjevaransvar for nasjonale arbeidarar, oppfølging av gåver, økonomi og rekneskap, samt offisielle forhandlingar med hovudstyret, nasjonale kyrkjer og offentlege myndigheiter. Dei hadde også ansvar for å følga opp om misjonærar var skikka til tenesta. Dersom ein ikkje ønskte ein misjonær tilbake etter heimeopphald, hadde feltstyret rett til å koma med ein uttale, først direkte til misjonæren med spørsmål om å trekka seg frivillig. Nytt ikkje det, kunne dei gå til hovudstyret med ein grunngeven uttale.¹²⁷ Protokollane blei sendt over til hovudstyret. Konferansen på feltet hadde høve til å overprøva styrevedtak, men då med 2/3-dels fleirtal.¹²⁸

¹²⁴ Handboka, 1980

¹²⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1978

¹²⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa0001-0006, Rapportar frå tilsynsman/styre, 1978-1996

¹²⁷ Handboka, 1980:35-39

¹²⁸ Handboka, 1980

3.4.5 *Stasjon og stasjonsstyrar*

Ordninga med stasjonar var ikkje regulert av handboka, men truleg var det sedvane frå andre misjonsfelt som låg bak den organiseringa misjonærene i Bolivia valte. Rapportane som etter kvart kom frå stasjonane viser at dei blei bygd opp med eiga leing. Målsetjinga i forarbeidet var av dei nye misjonsfelta i Sør-Amerika skulle få eit mest mogleg mobilt preg, men feltet valte nokså raskt å bygga ut strukturar av meir permanent art. Stasjonane blei tildelt budsjett og lagde rapportar og strategiplanar som blei drøfta av misjonærkonferansen. Sjølv om ein i starten berre disponerte tre ektepar, så blei det alt frå starten planlagt arbeid både i Nordre Potosí, Potosí og Cochabamba. Målet var å nå ut til målgruppene både i og utanfor byane.

Stasjonsstyraren var som tillitsmannen tildelt eit lære- og hyrdeansvar, med andre ord ei stilling berre menn kunne ha, sjølv om det nokre gongar måtte fråvikast. Misjonssekretær Gunnar Oseng svarte følgjande om kvinnelege stasjonsstyrarar ved misjonærkonferansen i 1990: «NLM plasserer ikkje kvinnelege stasjonsstyrarar [*sic*] med hyrdefunksjon. Ei midlertidig løysing kan godkjennas for ei kort tid, men det er eit naudprinsipp.»¹²⁹

Ved to landsbystasjonar, Acacio og Tinguipaya, var det naudsynt å bygga høvelege lokalitetar for misjonærene. I byane blei det både kjøpt og leid husvære og kontor. «Lause teltploggar» var eit mål, og behova endra seg i pakt med at talet på misjonærar varierte. Spørsmål om å leiga, kjøpa brukt, eller bygga husvære, var tema allereie på den første misjonærkonferansen i desember 1978. Hovudstyret anbefalte misjonærene å leiga hus i oppstartingsfasen.

3.4.6 *Levekår for misjonærene*

Bustadstandard var eit tema som ofte kom opp, og misjonærkonferansen i 1985 gjev oss eit innblikk. Ein misjonær uttalte at det var ikkje riktig å følga den norske «kravmentaliteten», medan ein annan meinte ein ikkje skulle ha som «fromhetsideal å bo trong...». Eit planlagt nytt hus i Sucre blei av feltstyret godkjent med 3 soverom, noko fleire meinte fekk vera nok. Borna sin situasjon var avgjerande for fleire av dei som deltok i diskusjonen. «3 soverom er/kan være nok, men de må være så store at barna kan oppholde seg der og trives.»¹³⁰

Misjonærene tok opp både prinsipielle og meir praktiske saker på misjonærkonferansane. «Samtalen konkluderer med at kjøleskåp ikkje lenger er luksus», står det i referatet frå 1981,

¹²⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Referat frå konferansen 1990

¹³⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1985

og misjonen blei bedt om å halda misjonærane med kjøleskap på feltet.¹³¹ Ein langt meir alvorleg sak var utgreiing om belastningane ved arbeid i stor høgde. Ein dr. Høgetveit konkludert med at det var uheldig for helsa å arbeida høgare enn 3000 meter. Legemisjon Torlaug Stangeland anbefalte mellomstopp på 2-3 dagar på veg frå 2000 til 4000 meters høgde. Høgdeproblematikken førte til spesielle reglar for lengde av årleg ferie. Dei som budde i Potosí fekk ekstra ferieveker for å koma oftare ned til lågare strøk.¹³²

¹³¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen i 1981

¹³² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen i 1988

4 NLM sitt misjons- og kyrkjelydsarbeid i Bolivia

Det førre kapittelet blei avslutta med den formelle organiseringa av misjonsfeltet, og arbeidet med avtalane som måtte på plass før misjonærene kunne konsentrera seg om det dei ville; nemleg å følgja Jesu ord om å gå ut og forkynna til omvendning, døypa og læra. Dei ville ut på landsbygda for å møta quechuafolket, og i august 1979 meldte *Utsyn* at mykje av det tidkrevjande arbeidet med førebuingar var gjort. Styrken på seks misjonærar kunne då «gå inn i dei gjerningane Herren har lagt ferdig for [dei] her i Bolivia.» I første omgang starta misjonærene i byane Cochabamba og Potosí, med omland. Nordre Potosí var peikt ut, og med fleire misjonærar på plass, ville dei utvida med dalstrøka sør for Sucre i Chuquisaca fylke.¹³³

Dette er hovudkapittelet i oppgåva, og tek føre seg oppbygginga av misjonsarbeidet ved å vektlegga kulturmøta som misjonærene møtte, og drøfta kva desse fekk å seia for vegval og prioriteringar. Alle møter mellom misjonærar og lokale aktørar, enten einskildpersonar, styresmakter eller andre fellesskap, kan definerast som kulturmøter. Professor emeritus, Øyvind Dahl, har skrive at i møte med andre språk og kulturar må ein stilla spørsmål ved eigne måtar å tenka og gjera ting på.¹³⁴ Professor Arne Redse har uttalt at «det er avgjerande viktig å kjenne religionen og religiøsiteten hos folket ein skal arbeide blant som misjonær», særleg lokal folkereligiøsitet.¹³⁵ Ved å studera korleis misjonærene drøfta arbeidsmetodar, og ved nokre høve endra desse, kan vi få ei djupare forståing av kulturmøta som oppstod.

Misjonærene gjekk inn i desse kulturmøta med ulike tilnærmingar og personlege interesser. Sjølv om det i innleiingskapittelet blei vist til at fleire i NLM var oppteken av kulturspørsmål, så kunne *Utsyn* hausten 1986 melda at Fjellhaug skoler skulle intensivera misjonærutdanninga og mellom anna styrka fokuset på desse spørsmåla.¹³⁶ Etter ein konferanse om folkereligiøsitet ved Fjellhaug skoler i 1992, blei det skrive i ein artikkel at «forskning om kulturelaterte spørsmål har ikke hatt særlig høy prioritet i Misjonssambandet. Det har vært et felt for spesielt interesserte.»¹³⁷ Ein kan derfor ikkje rekna med at misjonærene hadde fått særskilt opplæring, eller fått drøfta strategiar for å takla kulturmøta gjennom utdanninga si. Misjonærene møtte utfordringane som den lokal kulturen gav dei, særleg folkereligiøsiteten, så best dei kunne med nyansar av både positivt kultursyn og kulturkritikk ein prøvde å grunngi bibelsk .

¹³³ *Utsyn*, 1979, nr. 26/27

¹³⁴ Dahl, 2013:24

¹³⁵ Redse, 2013 Forelesingsnotat nr. 2 til emne TM2008 ved Fjellhaug Internasjonale Høyskole, våren 2013.

¹³⁶ *Utsyn*, 1986, nr. 35

¹³⁷ *Utsyn*, 1992, nr. 8

Paul G. Hiebert meinte at sosiologi og antropologi dei seinare [ti]åra¹³⁸ har påverka vestlege misjonærar betydeleg. Mellom anna har misjonærar blitt meir merksam på at usynlege sosiale barrierar kan skapa større vanskar for ønske om kyrkjevekst enn geografisk avstand. Sjølv om menneske lever tett på kvarandre, men dei likevel leva sosialt sett milevis frå kvarandre. Dette var teoriar misjonærane som reiste ut på 1980-talet truleg ikkje var opplærd i, men det er truleg at sosiale og kulturelle utfordringar blei erfart i arbeidet. Nyare kyrkjevekstgrupper har teke slike teoriar på alvor og snakkar derfor lite om nasjonar, men om folkegrupper, i sitt arbeidet med å kontekstualisera den kristne budskapen. Kyrkjetenkinga misjonærane tok med seg til Bolivia, er ei sak som det er verdt å diskutera. Hiebert hevda misjonærar tradisjonelt tok med si heimlege kyrkjeordning til misjonsmarka, sjølv om den ikkje alltid spelte på lag med lokal kultur. Protestantisk misjon har lagt vekt på personleg omvending, men i einskilde kulturar har det blitt vanskeleggjort fordi truslivet er rekna som ein del av noko kollektivt.¹³⁹ Det siste blir drøfta i kapittel 5 som tek opp nettopp arbeidet med å skipa ei nasjonal kyrkje. Misjonærane fekk klare føringar om å bygga opp eit sjølvstendig misjonsarbeid, sjølv om WMPL sin invitasjon til samarbeid blei trekt positivt fram i vedtaket frå hovudstyret. Misjonærane fann raskt ut, at forholdet mellom WMPL og dei to nasjonale kyrkjene som var etablert ut frå deira misjonsarbeid, var svært spent. Dei vegra seg derfor for å gå inn i eit tett samarbeid, men kunne tenka seg å sjå på avgrensa prosjekt innan radiomisjon og leiartrening. Misjonærane såg i 1977-78 føre seg at ein ny synode, som frukt av NLM sitt misjonsarbeid mellom quechuafolket, kunne bli eit bidrag til ei felles boliviansk luthersk kyrkje.¹⁴⁰ Svaret blei likevel ei ny luthersk kyrkje i 1997. WMPL hadde arbeida for å unngå at løner eller støtte til investering, skulle hindra nasjonale initiativ. Dei var redd for «riskristne», for ingen skulle ha økonomiske motiv for å venda om, noko også NLM hadde fått erfart på andre misjonsfelt. NLM sine misjonærar slutta seg derfor til prinsippet, sjølv om det blei vanskeleg å etterleva.¹⁴¹ I det første delkapittelet er søkelyset satt på det første misjonsarbeidet i fylka Cochabamba og Potosí. Landsbygdarbeidet blei prioritert, og etter ein tørkekatastrofe i 1983, blei arbeidet på landsbygda i Potosí fylke sterkt utvida. Strategien med å gå ut frå byane til landsbygda blei drøfta internt, og det vaks fram sterke meiningar om kva veg misjonsarbeidet burde ta vidare. Eit veksande og konsoliderande kyrkjelydsarbeid, særleg i byane, blir løfta fram i det neste delkapittelet. Fleire misjonærar kom ut til sin andre periode, og større fokus blei satt inn på

¹³⁸ Paul G. Hiebert døde i 2007 og boka kom ut på det amerikanske forlaget i 2009.

¹³⁹ Hiebert, 2009:90-91

¹⁴⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå stabsmøte, 1978

¹⁴¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong , Aa-0001, Referat frå stabsmøte 1978

oppgåver som leiaropplæring, kyrkjelydsorganisering, liturgiar og ritual. Etter ti år med arbeid kom ei evaluering som mellom anna drøfta misjonærrolla, og som utfordra til nasjonalisering.

Det siste delkapittelet tek fram det evangeliske arbeidet i Nordre Potosí og Tinguipaya.

Saman med bistandsprosjekt, blei landsbygdarbeidet vidareført og utvikla. Arbeidet med å bygga bru til lokal kultur skjedde over heile misjonsfeltet, men Nordre Potosí og Tinguipaya var viktige møtestadar med lokale kulturuttrykk. Bistand forsterka samarbeidet med nasjonale medarbeidarar og lokalebefolkninga, noko som gav utfordringar på godt og vondt. I fleire av dei små bygdesamfunna opplevde misjonærene og dei omvendte både motstand og framgang.

4.1 Ut av byane og til «verdens ende»

«Sidan førre konferanse har Herren opna mange dører for oss og synt oss vårt kall:

Quechuafolket. Denne folkegruppa lever i fylka Cochabamba, Potosí og Chuquisaca, men mindre grupper held også til i fleire av nabofylka. Alle desse er vårt store kall», skreiv Helge Hånes til *Utsyn* etter misjonærkonferansen i 1980. Om quechuafolket skreiv han vidare: «Dei lever for det meste isolert i dei mektige fjellområda i Sentral-Bolivia og har stått imot mange hærtog både med sverd og Guds ord. Dei fleste av Guds stridsmenn har gjeve opp og trekt seg attende. Striden vart for hard og resultata små.» Misjonærene til NLM stod no klare til å føra den åndelege kampen om quechuafolket sine sjeler vidare. «Kunne vi få nåde til å stå i striden til hausten er berga i hus! Dette er vår bøn og dette er vårt kall. Eit kall til sendeboda og til dykk som sender. Dette er vårt felles kall frå Gud i Bolivia»,¹⁴² skreiv Helge Hånes til *Utsyn*.

I dette delkapittelet står etableringa av det evangeliske arbeidet i sentrum, og arbeidet på landsbygda blei prioritert høgt av misjonærene. Kulturmøta mellom misjonærar og bygdebefolkninga blei mange. Påverka desse kulturmøta val av arbeidsformer og strategi? Hiebert drøfta misjonærtenesta på 1980-talet, og generaliserte nokre skilnader mellom dei som kom ut for første gong, og dei som kom ut for andre og tredje gong. Førstereismisjonærar blei kjenneteikna som visjonære, med stor ivrig for oppdraget, ofte med urealistiske mål som å evangelisera heile byar eller distrikt. Men, lærte ikkje misjonærene lokal sosial omgangsform, kunne dei bli utstøtt.¹⁴³ Det er interessant å sjå i kva grad dette høver for NLM i Bolivia.

Misjonsarbeidet kom først i gong i fylka Cochabamba og Potosí, og misjonærene etablerte bemanna stasjonar i fylkeshovudstadane med same namn. Hovudtyngda av arbeidet som blir

¹⁴² Utsyn, 1980, nr. 17, «Misjonærkonferansen i Bolivia. – Vi må ha fleire folk!»

¹⁴³ Hiebert, 1985:230ff

trekt fram høyrer til tidsepoken 1978-85, men er det naturleg, blir linjene følgd fram til 1997. Omgrepet *evangelisk arbeid* handlar om formidling av kristen tru og lære, med det klåre føremålet å få menneske til å *konvertera*, eller *omvenda* seg som misjonærane uttrykte det.

4.1.1 Dei første møta i Cochabamba

Språkskulen i Cochabamba var den aller første arenaen der misjonærane blei kjent med bolivianarar, og den 20. august 1978 starta misjonærane ei bibelgruppe med lærarane sine. Sjølv om mange blei med, så var det berre ein språklærer igjen i gruppa eit halv år seinare. I stasjonsrapporten for 1980 står det å lesa at «ho tok standpunkt for Jesus»,¹⁴⁴ og såleis blei den 11. februar 1979 ein merkedag for misjonærane. Dei andre språklærarane viste også interesse for studentane sine, men Hånes vurderte det slik at når det kom til sentrale lærepunkt, blei det for utfordrande, så dei trekte deg seg attende. Særleg vanskeleg var det å akseptera læra om at menneske i seg sjølv var fortapt. Læraren som valte «å ta standpunkt» viste seg å ha ein far med interesse for luthersk kristendom.¹⁴⁵ Ho har seinare, saman med ein tidlegare norsk misjonær, bygd opp og driftar framleis ein barneheim i Cochabamba.¹⁴⁶ Kulturmøta med misjonærane fekk konsekvensar for både misjonærar og språklærarar. Sjølv om dei ikkje blei aktivt med i kyrkja, så la dei eit språkleg og kulturelt grunnlag for misjonærane sin innsats.

Solveig og Helge Hånes tok til med fast møteverksemd i Cochabamba frå den 23. juni 1979. Det blei invitert til samlingar for barn og ungdom, bibelstudium, søndagsmøter, og seinare blei ei kvinneforeining skipa. Til dei første møta fekk 250 husstandar besøk, men berre 13 personar takka ja til invitasjon ved å møta fram. Mange av dei som kom var born, og fleire av dei vaksne høyrte til i andre evangeliske kyrkjesamfunn. Det skulle visa seg vanskeleg å få samla møteframande utan førehandskunnskap om evangelisk kristendom. Misjonærane opplevde at vaksne bolivianarar haldt avstand, og etter kvart svikta også fleire av borna.

Mange av arbeidsmetodane til misjonærane var velprøvde frå andre misjonsfelt, og ikkje minst heime i Noreg. Husbesøk, løpesetlar, torgmøte, sal av biblar og litteratur, song og musikk, barnemøte, ungdomsmøte, kvinneforeining, bibelstudium, evangelisk aksjon og søndagsmøter. Ved misjonærkonferansen i 1984 vedtok misjonærane også detaljerte instruksar for desse arbeidsgreinene i kyrkjelydsarbeidet etter mønster frå heimearbeidet til NLM. Demokratiske tradisjonar innan frivillig organisasjonsliv i Noreg, som val av styre og

¹⁴⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport for Cochabamba til konferansen i 1981

¹⁴⁵ Utsyn, 1979, nr. 12/13, s. 10

¹⁴⁶ http://villaporvenir.com/kort_pres.htm, lasta ned 11.11.2015

leiarar blei vedteke utan at det blei visst til lokale tradisjonar.¹⁴⁷ Organisasjonsstrukturen i det kyrkjebyggande arbeidet blir drøfta noko mir seinare i oppgåva.

Etter to månader med vekslande respons på møta, flytta misjonærane møtestad og møtetid, men utan at det gav nokon merkbar auke i oppmøtestatistikken. Misjonærane såg tidleg at oppmøtetidspunkt ikkje var noko absolutt i boliviansk kultur. «Den sunnmørske halvtimen»¹⁴⁸ blei for småtteri å rekna. Ute på landsbygda måtte misjonærane ta noko omsyn til livsrytmen, men i den første rapporten frå Cochabamba stasjon konkluderte Helge Hånes med at «folk ikkje har interesse av å gå på møta». Vidare sa han at det «har heile tida vore eit manglande tillitsforhold mellom folket og oss.» Kva det manglande tillitsforholdet handla om fekk han ikkje heilt tak i, men håpte ei satsing på ungdomskveldar og søndagsskule kunne skapa meir kontakt. Nokre born og unge kom til desse samlingane, og oppmøtet varierte frå ingen til 20. Første juledag 1979 inviterte misjonærane deltakarane i søndagsskulen til julefest, og sjølv festen blei ein suksess med mange born og fleire vaksne til stades. Misjonærane håpte festen kunne representera eit gjennombrøt, men oppmøtet på søndagsskulen gjekk raskt nedover, og mange viste seg aldri igjen. Helge Hånes reflekterte rundt dette. Han opplevde at materialisme og iver etter betre levkår tok stor plass mellom folket, og han spurte om dei var likegyldige til religiøse spørsmål, eller om det var frykta for «dei evangeliske» som haldt dei borte.¹⁴⁹

Ut frå seinare refleksjonar i kjeldematerialet, så var truleg frykta for «dei evangeliske» ein stor og reell barriere. For misjonærane var det truleg lettare å identifisera denne barrieren ut på landsbygda, der skilnadene mellom dei og lokalbefolkninga var meir synleg enn i byen. Ein ser at vanskane med å få folk i tale blei omtalt med kanaanspråk¹⁵⁰, noko uttrykk som «hard mark» og «gamle Adam» indikerer. Lite tyder på at folk flest i Bolivia var likegyldige til religiøse spørsmål, men var fellesskapet og samværsforma misjonærane tilbydde relevant?

På misjonærkonferansen i 1981 tok Kjell Aardal tak i spørsmåla om dårleg oppmøte, og spurte: «Er møteopplegget for lite engasjerande?» Han reflekterte vidare: «Det er mogleg at stoffet er for tungt tilrettelagt», men i følge referatet blei ikkje dette følgd opp av dei andre.¹⁵¹ Det som først og fremst opptok misjonærane var geografi, altså kvar misjonærkreftene skulle setjast inn. Helge Hånes informerte om stor openheit ute på landsbygda, og skisserte opp at

¹⁴⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Sakspapir til konferansen i 1984

¹⁴⁸ Ein variant av «det akademiske kvarter» (vanskar med å starta møter til avtalt tid).

¹⁴⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport for Cochabamba til konferansen i 1981

¹⁵⁰ Internt gruppespråk/«åndeleggjort» språk. Frå Språkrådet: «...viser i dag til svulstig tale som brukes for spesielt innvidde», http://www.sprakradet.no/upload/statssprak/Statsspr%C3%A5k_1_2010.pdf, lasta ned 22.11.2015

¹⁵¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå misjonærkonferansen i 1981, sak 2c)

ein i løpet av «ikke altfor lang tid» kunne dekke heile Potosí-området med forkynning.¹⁵² Til dette arbeidet trengte dei fleire misjonærar, og med dette som bakgrunn gjorde dei følgjande vedtak: «Gå ut frå sentra og ut på landsbygda der mange samlast til møte».¹⁵³ Ikkje-responsen som Kjell Aardal opplevde viser noko interessant, var det lite rom for å evaluera forkynning? Mykje tyder på at om forkynninga ikkje fekk verknad hos mottakaren, var det lettare å peika på åndeleggjort motstand, enn å vurdera om avsendaren klarte å kommunisera godt nok.

Det første halvåret med faste møter i Cochabamba blei av Helge Hånes summera opp med eit gjennomsnittleg oppmøte på om lag seks på ungdomskveldane, åtte på søndagsskolen og tre på møta søndag føremiddag. Eit år seinare meldte den ny stasjonsstyraren, Kjell Aardal, at arbeidet i Cochabamba «gjekk sin jamne gang...».¹⁵⁴ Likevel blei ein viktig milepæl nådd i arbeidet då tre vakse blei tatt opp som medlemar i kyrkjelyden, og to born døypte i 1980.¹⁵⁵

Helge Hånes sette ord på det å vera utlending, plassert i ein framand kultur med eit stort oppdrag, til *Utsyn* i 1979. «Ofte kjenner ein seg åleine, liten og udugeleg. (...) Ein kunne nok like godt ha reist heim. Der kunne ein i alle høve gjera seg forstått på skikkeleg vis». Vidare skriv han om gleder som overvann dei dystre kjenslene, men det låg noko ekte og opplevd i desse utsegnene. Ein stor barriere i møte med framande kulturar er språk. Teori peiker på at i møte med nye språk tek det lang tid å bygga opp språkeigenskap nok til å formidla kunnskap og fag ein i heimlandet ville blitt verdsatt for.¹⁵⁶ Dei første misjonærane viste stort pågangsmot for å overvinna språkbarrieren, og dei valte å studera både spansk og quechua for å koma direkte i møte med hovudmålgruppa. Likevel må ein rekna med at språk- og kulturforståing var noko som modna seg fram hjå misjonærane over tid. At denne strategien var støtta frå misjonsleiinga heime i Noreg, finn vi døme på i Norvald Yri si bok. Ein quechuamisjonær i Peru blei sitert om at «misjonærene lærer ikke quechua-språket, (...) De lærer bare spansk. (...) Når det gjelder inngangen og åpningen mellom folket, er det viktig at vi lærer språket».¹⁵⁷

¹⁵² Utsyn, 1981, nr. 20, s. 9

¹⁵³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå misjonærkonferansen i 1981, sak 2c)

¹⁵⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport for Cochabamba til konferansen i 1982

¹⁵⁵ Utsyn, 1980, nr. 32

¹⁵⁶ Hiebert, 1985:66f

¹⁵⁷ Yri, 1979:57

4.1.2 *Åleine evangelisk misjon i Potosí*

Ekteparet Gunn og Bernt Egil Strømme reiste i juni 1979 til Potosí for å etablere den andre av dei etter kvart fem misjonsstasjonane i Bolivia. Deira oppdrag var både å undersøke tilhøva for å bygga ein base for mediarbeid, og å koma i gong med evangelisk verksemd. Potosí ligg 4000 meter over havet, og fleire hevdar at det er den byen som ligg høgst over havoverflata.¹⁵⁸

Forutan utfordringa med tynn luft, var området rekna som særleg «hard arbeidsmark» for evangelisk misjon, og andre misjonærar hadde tidlegare dratt frå byen. Ekteparet Strømme brukte den første tida til å bli kjent med folk, styresmakter og byråkrati, og ved utgangen av 1979 melde dei at ein søndagsskule med omlag 25 born var etablert. Bernt Egil Strømme opplevde at utdeling og sal av litteratur skapte kontakt, men i møte med det trykte ord kom det fram eit stort behov for leseopplæring. NLM tilhøyrar ein lågkyrkjeleg luthersk tradisjon som alltid har lagt stor vekt på at alle kristne må ha høve til å lesa Bibelen sjølv, og lesekurs blei eit prioritert utviklingsprosjekt ved fleire av misjonsstasjonane i åra som følgde. Bøker og lysbildeapparat blei teke med ut på landevegen, mellom anna til landsbyen Tinguipaya, der Strømme opplevde at mellom 200 og 300 menneske samla seg til friluftsmøte på torget.¹⁵⁹ I Tinguipaya møtte misjonærane eit grunnlag for å bygga meir varige kulturmøter, men slik var det ikkje alle stadar. Sporadiske og korte møter mellom misjonærar og lokalbefolkning blei nokre år seinare grundig drøfta. Dei første åra blei den opplevde interessa for bodskapen ute på landsbygda likevel brukt som argument for dei strategiske vegvala som ein tok.

I Cochabamba by nytta misjonærane i startfasen bustadene sine til møteverksemd, men leigde seinare lokale til føremålet. Frå påska i 1980 kunne misjonærane i Potosí ta i bruk ei enkel lita kyrkje, konstruert på eigedommen som misjonen leigde. Det blei invitert til møte, søndagsskule og ungdomssamlingar i den sparsame kyrkja. Sjølv om Potosí og Cochabamba var to nokså ulike byar å arbeida i, så møtte misjonærane mange av dei same utfordringane med å fanga folket si interesse. Arbeidet i Potosí fekk ein turbulent start. Misjonærkonferansen for 1980 blei arrangert i byen, og i referatet står det at radioarbeidet, som var tenkt plassert i Potosí, blei vedtatt flytta til ei lågare høgde. Grunngevinga, var at «ikkje alle klarar høgda like godt. Difor bør ei så spesiell arbeidsgrein liggja i lågare høgde.»¹⁶⁰ Arbeidet blei i tillegg avbrote fordi «etter konferansen i mars 1980 vart halve misjonærstaben liggjande med gulsott.»¹⁶¹

¹⁵⁸ Strauss, 1988:261

¹⁵⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Potosí til konferansen i 1980

¹⁶⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1980

¹⁶¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Tillitsmannsrapport til konferansen 1981

Høgdeproblematikk var utfordrande for fleire misjonærar, men og for nasjonale arbeidarar. Det kan vera ei årsak til hyppigare misjonærskifte ved Potosí stasjon, samanlikna med andre. Ekteparet Strømme flytta i 1980, som konferansevedtaket sa til ei «lågare høgde», noko som førte til at mediarbeidet i ein overgangsfase blei stasjonert i Cochabamba. Seinare blei denne arbeidsgreina lagt til Sucre, og ekteparet Strømme blei sentrale i arbeidet ved Sucre stasjon. Misjonsstasjonen i Potosí blei liggande brakk i nokre månader, før Solveig og Helge Hånes etter quechuaspråkstudie, var klare til å ta over misjonsarbeidet i november 1980.

Dei starta på nytt opp med møter, og opplevde at nokre få kom innom, men konstaterte at gjennomtrekken var stor. I følge Bernt Egil Strømme var utfordringa med gjennomtrekk stor i alle kyrkjer, «og folk er lite konfesjonsmedvetne».¹⁶² Potosí fekk også ei kvinnegruppe der opp til 12 deltakarar kom saman. Ungdomskveldar med uformelt program, spel og samtale, samla ein del unge. Best besøkt var søndagsskulen, og ekteparet Hånes inviterte som året før til julefest, og «ved dette høvet var det 44 born og 5 vaksne samla. Kyrkja var full for fyrste gong.»¹⁶³ Som i Cochabamba, skjedde det at mange deltakarar ikkje viste seg igjen i kyrkja.

4.1.3 Ut på landsbygda

Erfaringane misjonæranne sat med etter trekvart år med forsøk på evangeliske framstøytar i Cochabamba og Potosí, hadde forsterka tankane om å satsa meir offensivt ute på landsbygda. Konklusjonen etter misjonærkonferansen i 1980 var tydeleg; «ein bør satsa på utkantane av byane og landsbygda,»¹⁶⁴ og året etter ville dei «gå ut frå sentra og ut på landsbygda...»¹⁶⁵ Iveren etter å besøka landsbygda blei første gong referert etter eit stabsmøte 17. februar 1979, då misjonæranne bestemte seg for å besøka ulike torg og marknader utanfor Cochabamba, for å søka kontakt med interesserte gjennom å selja biblar og annan kristen litteratur.¹⁶⁶ Mykje tyder på at misjonæranne valte landsbygdstrategien ut frå erfaringar ved andre NLM-misjonsfelt.

Sjølv om dei opplevde at det var enklare å samla folk til møte ute på landsbygda enn i byane, så må alle som studerer kjeldene utan forkunnskap spørja om ikkje utfartstrongen til Helge Hånes i Potosí var ekstra sterk. Sjølv skreiv han følgande til Utsyn i 1981: «Kva så med landsbygda? Er det så mange fleire som vil høyra der sidan eg heller ville dra ut frå byen? Vel, for det fyrste har eg nok ein ekstra kjærleik for landsbygda og folket der. Det har nok si

¹⁶² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1981, sak 2c

¹⁶³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Stasjonsrapport frå Potosí til konferansen i 1981

¹⁶⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1980, sak 2

¹⁶⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1981, sak 2c

¹⁶⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport for Cochabamba til konferansen i 1982

årsak i min eigen bakgrunn.» Men, Hånes konkluderer med at alt i alt «er det nok lettare å samla folk der enn i byen».¹⁶⁷ Refleksjonen som Hånes gjev oss innsikt i, fortel at han og truleg fleire av misjonærene, kjente seg meir heime på landsbygda enn i urbane strøk. Ein kan stilla spørsmål om utdanninga ved Fjellhaug Misjonsskole også kan ha bidrege til strategien. Avstanden frå Potosí by til landsbyen Tinguipaya var åleine 85 km på dårlege fjellveggar, men før utgongen av 1980 og regntida satte inn, hadde Helge Hånes med hjelp av nasjonale, funne vegen ut og opp til gruvedistriktet Malmisa. Området låg ytterlegare 120 km langs støvete veggar forbi Tinguipaya, i den svimlande høgda av 5000 meter over havet.¹⁶⁸ Viljen til å gå til «verdase ende», på farlege fjellveggar, fortel mykje om pionermisjonæren sin glød for å møte målgruppa, quechuafolket. Medlemskurs blei arrangert, og fleire blei kyrkjemedlemar. Helge Hånes står i kjeldene fram som visjonær, og strekte seg lengre enn nokon kunne forventa. Slik høver han godt inn i teorien Hiebert skisserte for ein typisk førstereismisjonær. På landsbygda møtte Hånes varm takksemd og interesse, særleg i dei kulturelt meir samansette gruvebyane, men også trugsmål om juling om han skulle finna på besøka tradisjonelle bygdelag på nytt.¹⁶⁹ Mykje tyder likevel at lokalbefolkninga sin harde uttalte motstand verka mot sin hensikt, og misjonæren tolka desse trugande kulturmøta som at behovet for misjonering var ekstra stort. Seinare prioriteringar som blei gjort av misjonærene på feltet, tydar at viljen til å spreia arbeidsinnsatsen ut på eit stort og vidt misjonsfelt, slik det blei referert til etter misjonærkonferansen i 1981, av fleire blei sett på som feilslått strategi. Drøftinga levde internt over tid i misjonærflokken. Rapporten frå Potosí stasjon fortalte om ein auke frå 6 til 14 preikeplassar i 1983. Naudhjelpsarbeidet, etter tørkekatastrofen det året, var ei medverkande årsak til veksten. Ein misjonær vågde å spørja om dette var «eit sunt teikn eller eit sjukdomsteikn?»¹⁷⁰ Året etter var det fleire røyster som kom med utsegner som kan sjåast på som ei evaluering av dei første åra med landsbygdstrategi. «All erfaring tilsei [*sic!*] at å vitja landsbyar for ein dag om gongen har liten eller ingen verdi. Ein må vera fleire dagar for å få tillit, kontakt og innsikt...»¹⁷¹ Fleire må ha erfart dette, for i fagboka si frå 1985, hevda antropolog og misjonær Paul G. Hiebert at dersom møter over kulturelle grenser skulle vera effektive, måtte dei som møttes handla saman kontinuerleg over tid i sosiale fellesskap.¹⁷² Det var nok lettare for misjonærene å få til samtalar med folk ute på landsbygda, men det vaks fram ei erfaring hjå

¹⁶⁷ Utsyn 1981, nr. 6, s. 3

¹⁶⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Potosí til konferansen i 1981

¹⁶⁹ Utsyn 1981, nr. 6, s. 3+8

¹⁷⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat etter konferansen i 1984

¹⁷¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat etter konferansen i 1985

¹⁷² Hiebert, 1985:228

mange i misjonærflokken at kortvarige kultur møter ikkje førte til vekst i arbeidet. Eit av motargumenta var at forkynning av Guds Ord hadde ei eiga kraft og gjorde sin gjerning. Misjonærene hadde betre høve til å bygga meir hyppige og langvarige relasjonar der dei budde. Når det gjeld kyrkjelydsarbeidet i Potosí by er det ikkje umogleg at dette blei hemma av misjonærar på stadig reisefot, noko som også kjem opp som tematikk seinare i oppgåva.

Lovande misjonsverksemd kunne oppleva motstand av ymse artar, også ute på landsbygda, og misjonærene kunne ikkje vera likegyldig til det som rørte seg i samfunnet. På 1980-talet blei Bolivia hardt råka av låge råstoffprisar på verdsmerkna den, noko som gjorde gruvedrifta lite lønsam. Landsbyar som tidlegare var besøkt blei tidvis liggande brakk, og oppfølginga av medlemmane blei utfordrande. Globale råstoffprisar påverka altså misjonærene sine forsøk på å bygga kulturelle bruer i 4-5000 meters høgde i Bolivia. Fråflytting blei brukt som eit av fleire argument for dei som meinte at det ville vera «mest naturleg å satsa mest der ein bur».¹⁷³ Og så var det ikkje alle «omvendte» som, når misjonærbilen hadde køyrt, hadde vilje eller styrke nok til å endra kvardagslivet i tråd med læra om rett og galt som misjonærene representerte.

Tradisjonelt har Bolivia vore prega av ei blanding av romersk-katolsk kristendom og animisme, og viljen til kreativ synkretisme var heller ikkje ei ukjent sak for misjonærene i møte med dei omvendte evangelisk kristne.¹⁷⁴ Sosialt press kunne føra til at mange omvendte gjekk bort frå trua. Misjonærene kom frå ein tradisjon som la vekt på å forkynna Jesu ord frå Johannes evangeliet kapittel 17 om at kristne skal vera «i verda, men ikkje av verda», og Paulus sine ord i Romarbrevet 12 om «ikkje å skikka seg lik denne verda».¹⁷⁵ Misjonærene fekk etter kvart meir erfaring med kva vanskar brot med folkereligiøsitet og sosiale skikkar i praksis kom til å bety for konventittar til luthersk-evangelisk kristendom.

4.1.4 Vonbrot og gløder

Misjonærene i Cochabamba valte også å bruka mykje av tida si ute på landsbygda. Dei først landsbyane som fekk besøk var Cliza og Champa Ranchu. I Cliza tok mange kontakt, men dei fleste var alt medlemmar i andre evangeliske kyrkjer. Nokre gav opp falskt namn og adresse til misjonærene, slik at personleg oppfølginga blei vanskeleg. Misjonærene opplevde seg slett ikkje alltid velkomen, og nokre gongar var uviljen frå familie og naboar av kontaktane sterke. Møtet med folka i den vesle landsbyen Champa Ranchu var meir oppløftande, og i nokre

¹⁷³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen i 1984

¹⁷⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong G-0008-07, «Kort om Bolivia» H. Hånes, s. 20

¹⁷⁵ Wisløff, 1987:156ff

månader blei det arrangert møter med opp til 60 tilhørarar i ein privat heim. Mange ønskte å koma til tru, og medlemskurs blei arrangert. Etter påske i 1980 flytta brått kontaktpersonen til Argentina, ein gamal bygdestrid blussa opp, og flokken blei splitta. Av dei som deltok på medlemskurset, valte berre tre å bli medlem.¹⁷⁶ Året etter var to av desse tre også flytta bort for å søka arbeid, noko som syner at utfordringa med arbeidsmigraasjon var stor. Mangel på arbeid sendte mange ut på vandring til dei større byane, låglandet eller til utlandet.¹⁷⁷ Etter kvart fekk erfaringa med arbeidsmigraasjon til byane noko å seia for misjonen sine strategiar.

Kvifor så få av dei interesserte valte å ta det endelege steget blei ikkje fanga opp, men manglande sosial aksept for konvertering kan ha vore eit element. I 1983 formulerte misjonær Ingar Gangås seg slik om landsbyarbeidet: «Noen få kommer bort til oss på «vårt gatehjørne» for å høre hva disse utlendingene har på hjertet. Selv om de er få, og helst vil stå i skyggen litt på avstand, så kan vi ikke annet enn å tro at Guds Ord også her skal bære frukt en dag».¹⁷⁸

Stasjonsstyraren i Cochabamba meldte eit år tidlegare at «arbeidet på landsbygda [hadde] gjeve både vonbrot og gleder». Landsbyen Aramasí blei opplevd som open for misjonæranne i 1981, men året etter var misjonen utestengt. Misjonær Asbjørn Barlaup blei på nyåret i 1982 møtt av ein alkoholpåverka bondehær som truga han og følge hans med brutal vald. Eit titals unge hadde jamleg kome saman til møte i ein heim, og i romjula 1981 var rundt 250 samla ute på ein gardsplass for å sjå på ungdomar frå Cochabamba som dramatiserte juleevangeliet.

Den besøkte heimen låg vegg i vegg med det katolske kapellet. Statuar av jomfru Maria har ein sentral plass i katolsk religiøsitet, men også i boliviansk folkereligiøsitet. Eit rykte var spreidd mellom bøndene; Utlendingane var ute etter jomfrustatuen. Neste gong misjonæren sin bil blei observert, gjekk dermed bodet ut om å ta opp kampen. Kyrkjeklokkene blei nytta som signal for å samla ein bondehær på omlag 200 sterkt rusa bønder. Då Barlaup og dei andre kom til bilen, var vegen sperra. Ei av rutene i bilen var knust. Bøndene meinte alvor. Forsøket med å ta ein omveg bort frå galskapen lukkast ikkje. Dei måtte gå frå bilen og søkja ly hjå nokre av ungdomane som hadde delteke på nær alle møta.

Misjonæren fortalte seinare at han falt på kne i bøn, medan rykta sa at bøndene haldt fram med å konsumera alkohol. Ungdomane tilbydde seg å vera levande skjold mellom bilen og bondehæren, men det var ei løysing misjonæren ikkje kunne gå med på. Landsbysjefen kom seinare på døra med melding om at dei skulle få forlata landsbyen, utan at nokon skada dei.

¹⁷⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport for Cochabamba til konferansen i 1982

¹⁷⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1983

¹⁷⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1984

Misjonæren skreiv om hendinga med kanaanspråk, sjølv om konfrontasjonen var tilspissa.¹⁷⁹ Det tok tid før denne landsbyen blei besøkt igjen, men møta blei berre flytta til nabobygda. I kjeldene finnes det nokre få røyster som reflekterte over trusselen lokalsamfunn kjente på i kulturmøte med misjonærene, utan at motstanden eit forklart med åndelege termar. Sosiale nettverk på landsbygda var sterkt knytt til felles religionsutøving. Misjonærene representerte ikkje berre ein trussel for lokal religionsutøving, men også for tradisjonelt liv i familie- og samfunn. Legemisjonær Torlaug Stangeland uttalte seg om misjonen sitt helsearbeid, og meinte nokre bygder burde få vera i fred. Ein fekk la dei ta kontakt når dei sjølv var klar for det,¹⁸⁰ noko som også var aktuelt for evangeliske arbeidet. Uroa i Aramasí fortalte at nokre opplevde at djupe lag i eigen kultur var truga. Teori påpeiker at om nokon opplever at nedfelte sanningar blir råka, kan det å ta kampen gi meining, sjølv om det skulle kosta liv.¹⁸¹ Heldigvis fortel ikkje kjeldene om drap, men trugsmål som gjekk på livet laust kan ein finna. I tillegg til dei tre alt nemnte landsbyane, blei det i åra 1979-83 haldne møter i omliggande landsbyar som Blanco Ranchu, Hamiraya og Caramarca. Oppmøtet varierte frå 15 til 40 frå stad til stad, og når misjonærene hadde med filmapparatet kunne mellom 80 til 100 koma.¹⁸² Sjølv om det verka lettare å få folk i tale på landsbygda, også i Cochabamba fylke, så skulle resultatata visa seg å bli magre. Møteverksemda blei avslutta, med styraren ved stasjonen meldte i 1990 at Champa Ranchu, Blanco Ranchu og Aramasí på nytt var besøkt. Pinsevenane hadde då arbeid på gong, og nye framstøyt frå NLM var ikkje lengre aktuelt. Årsaka til denne «ekstrarunden» på landsbygda, var eit sterkt ønske om å bygga saman misjonsarbeidet i Nordre Potosí og Cochabamba ved å satsa på viktige knutepunkt langs den nye hovudvegen som då var i ferd med å bli ferdigstilt.¹⁸³ Misjonærene besøkte også landsbyane Cliza og Anzaldo,¹⁸⁴ men sidan ein ikkje høyrer meir om dette arbeidet, så lukkast dei nok ikkje. Det var ikkje motstand eller sensitivitet i møte med stadleg kultur som gjorde at besøka til landsbyane og bygdene utanfor Cochabamba blei gjeve opp. Misjonærene opplevde ikkje at interessa første fram til vekking og omvending, så kreftene blei konsentrert andre stadar. Misjonærene satsa etter kvart sterkare på det bynære arbeidet i Cochabamba, men det kan i kjeldene sjå ut som om andre misjonærar såg ned på arbeidet i Cochabamba by, men det kjem eg tilbake til seinare i oppgåva.

¹⁷⁹ Utsyn, 1982, nr. 7

¹⁸⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Stangeland til konferansen, 1986

¹⁸¹ Hiebert, 2009:158

¹⁸² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1984

¹⁸³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1990

¹⁸⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1991

4.1.5 Naudhjelp opnar dører på landsbygda i Potosí

Trass trugsmål, bortvisning, øydelagde vegar i regntida og motstand frå katolsk prestehald, så meinte Helge Hånes at landsbygdarbeidet hadde gjeve mange opningar inn til quechuafolket i Potosí fylke. Slik han vurderte det i 1981, var framtida for misjonsarbeid på landsbygda lys.¹⁸⁵ Landsbyen Tinguipaya, og gruvebyane ved fjellet Malmisa, fekk jamlege besøk. Andre stadar som blei besøkt var Maragua, Khawisa og Estancia Uli. I løpet av 1981 og 1982 blei fleire nye bygder besøkt. Ajtara og Antora blei karakterisert som «svært avsides»,¹⁸⁶ men var på besøkslista saman med Ocuri og Wila Wila. Hånes hadde også fått invitasjon til å besøka dei aude områda nord og aust for den store saltsjøen, Salar de Uyuni, langs grensa til Chile.¹⁸⁷

I 1983 råka fleire katastrofar Bolivia samstundes. Økonomisk krise medførte konkursar og auka arbeidsløyse. I låglandet kom det flom, og høglendet opplevde ei stor tørke. Som eit første tiltak, opna NLM ein provisorisk poliklinikk i kyrkjelokalet i Potosí by. To av søskena til den omvendte språklæraren i Cochabamba, gjorde friviljug teneste som legar på klinikken fram til august 1983. Saman med Den norske Misjonsallianse og skandinaviske pinsevenar, gjekk NLM deretter inn med annan type naudhjelp. I byen blei det delt ut mat, medan to av misjonærane drog ut for å vurdere situasjonen på landsbygda. Dei fortalte om skada avlingar, så settepoteter og såkorn var sårt tiltrengt. Første runde med medisinsk hjelp blei gjennomført saman med Misjonsalliansen i juli 1983, men frå slutten av august drog Misjonsalliansen og NLM ut med kvar sine medisinske team. I ein rapport som ikkje blei godkjent av misjonærkonferansen, står det at medan legen gjorde sitt arbeid «forkynnte [*sic*] Evangelisten [*sic*] Gudsord til de ventende Pasientene [*sic*] og deres Pårørende [*sic*».¹⁸⁸

Naudhjelp og Gudsord gjekk hand i hand, og *Utsyn* meldte at «Hjelpearbeidet opnar dører». Turane med mobilklinikken hadde gjeve misjonen 4-5 nye preikeplassar, og bygda Estancia Uli som i 1980 lova Helge Hånes juling, var no open for evangelisk forkynning.¹⁸⁹ Fleire av misjonærane var bekymra for om misjonen ville klare å følge opp alle dei nye kontaktane, og frykta «riskristne». Denne frykta var ikkje ugrunna, for det kom meldingar om at misjonærane seinare blei avvist om dei ikkje kunne lova å bidra med sprøyteutstyr, pumper til vatning eller anna. Det usymmetriske forholdet i kultur møta mellom hjelparar og mottakarar blei truleg drøfta internt, men kanskje tenkte ein at målet helga middelet, jamfør overskrifta i *Utsyn*.

¹⁸⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Potosí til konferansen i 1981

¹⁸⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Potosí til konferansen i 1982

¹⁸⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Potosí til konferansen i 1983

¹⁸⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå hjelpearbeidet til konferansen i 1984

¹⁸⁹ *Utsyn*, 1984, nr. 12/13, s. 10

I rapporten for Vestre Potosí i 1985 fortalte misjonær Alte Ølstørn at han saman med Helge Hånes hadde besøkt fleire av bygdene, som fekk hjelp med settepoteter to år tidlegare, for å halda vennskapeleg kontakt.¹⁹⁰ Året etter besøkte Asbjørn Barlaup dei same stadane for å sletta «potetkontraktar» etter tørkehjelpa, og folket kvitterte med å takka. Samstundes bad dei om meir hjelp, men Barlaup var oppteken av at landsbyane ikkje hadde evangelisk arbeid.¹⁹¹ Opplevinga med at bistand, særleg innan jordbruk, opna dører,¹⁹² var med og «fødde» ideen om eit integrert bygdeutviklingsprosjektet på landsbygda i Potosí fylke. Tre komponentar, evangelisering, jordbruk og helse skulle byggast opp, og likestillast. Prosjektet blei lagt til Tinguipaya med omland, som då blei skilt ut som lokalsjon for eigen ny misjonsstasjon.

Tørkekatastrofen var høgst reell, men den skulle visa seg å vera noko mindre dramatisk enn først antatt, og det blei uttalt at «ein del av pasientane kom fordi dei var nygjerrige, ikkje p.g.a. sjukdom forårsaka av tørka». Det blei sagt at i liknande situasjonar i framtida burde fagfolk innan helse og jordbruk vera med på undersøkingar.¹⁹³ «Pionertida» på feltet med «altmogleg-misjonæren» var i ferd med å gå over. Arbeidet vaks, og fleire profesjonar blei innlemma i ein stadig aukande misjonærflokk. Misjonærane opplevde at katastrofen blei noko overdriven i Noreg,¹⁹⁴ så sakleg og nøktern informasjon heimover blei også viktig lærdom.¹⁹⁵

4.1.6 Kamp om sjelene

Viljen til å følge opp dei nye preikeplassane etter naudhjelpa var stor, men blei delvis hindra av mangel av misjonærar og nasjonale medarbeidarar. I samtalen frå misjonærkonferansen i 1984 blei det åtvåra: «Har vi kapasitet til å gå ut, og samtidig styrka arbeidet på dei sentra vi har? Vi må ikkje spre oss for mykje».¹⁹⁶ Områda vest og nord for byen Potosí hadde svært låg folketettleik, og avstandane var store.¹⁹⁷ Tinguipaya blei skilt ut i 1984-85, og det var liknande planar for arbeidet lengst i vest. *Vestre Potosí* blei følgd opp av ein eigen misjonær, men av praktiske og sosiale grunnar budde han og familien i Potosí by. Mykje tydar på at planen som Helge Hånes hadde skissert for misjonærkonferansen i 1980 ikkje fekk tildelt nok ressursar, og at økonomien til NLM påverka dei strategiske vegvala meir enn kulturelle utfordringar.

¹⁹⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Vestre Potosí til konferansen i 1986

¹⁹¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Vestre Potosí til konferansen i 1987

¹⁹² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå hjelpearbeidet til konferansen i 1984

¹⁹³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Referat frå konferansen 1984, sak 2j

¹⁹⁴ Utsyn, 1983, nr. 19

¹⁹⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Referat frå konferansen 1984

¹⁹⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1984, sak 2c om Potosí

¹⁹⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Potosí til konferansen i 1984

Om det var riktig eller galt å satsa slik ein gjorde etter naudhjelpsturane i 1983, blei grundig drøfta. Ved misjonærkonferansen i 1986 fant ein av deltakarane det naudsynt å minna om at «det [var] ikkje eventyrlyst som har dreve fram arbeidet i området. Vi kunne ikkje lata det skura med alle som synte interesse for evangeliet.»¹⁹⁸ Det var heilt klart ikkje til skade for innsatsen at dei aktuelle misjonærane var både kallsbevisste og eventyrlystne. «Det vinner respekt når en er villig til å arbeide der det er et slit å arbeide. (...) En «sporty» innstilling for evangeliets skyld er verdifullt», uttalte generalsekretær Grandhagen i same møte.¹⁹⁹

Hiebert hevda i sin teori at misjonærer som hadde ein periode bak seg ofte ville ha eit noko meir realistisk forhold til kva dei kunne oppnå.²⁰⁰ Dette gjaldt nok også pionerane i Bolivia som kom ut til sin andre periode i årene 1982-83, men viljen til å satsa på landsbygda var framleis sterkt. Dei ønskte at fleire av dei nye misjonærane skulle få opplæring i quechua. Helge Hånes hadde ikkje mista visjonane om å nå ut i fjellområda, sjølv om andre gjerne ville gå i retning av eit meir urbant misjonsarbeid. Kritikken mot landsbygdsatsinga blei grundig imøtegått då han i 1986 fortalte til *Utsyn* om ei spektakulær reise til saltsjøen Salar de Uyuni. Om drivkrafta for å stå i landsbygdarbeidet skreiv han: «Eventyrlyst? Galskap? Fanatisme? Kanskje det. Litt «galen» må vel ein misjonær vera, men på ein sunn måte». Han opplevde at få hadde vist omsorg for dei aude distrikta. «Ein kan spørja seg om ikkje mange vel det mest komfortable «kallet», eller har misjonane i altfor stor grad tenkt effektivitet og resultat i store tal? Det er ikkje berre dei folkerike delane av verda som har rett til evangeliet». Han tok ein parallell til små bygder i Noreg, og peikte på at «Ordet om Jesus ber frukt også mellom aymara- og quechua-folka der inne på dei solsvidde og salte viddene på verdens tak».²⁰¹

Det er vanskeleg å koma utanom at innlegget i *Utsyn* hadde ein brodd til den diskusjonen som eksisterte mellom misjonærane i Bolivia. Fleire enn eit titals landsbyar i dette store området var følgd opp av landsbygdmisjonærane, men til trass for visjonar og eventyrlyst, var det i 1987 berre organisert to kyrkjelydar og ein preikeplass.²⁰² Ein av kyrkjelydane låg i aymara-landsbyen Tahua, nord for saltsjøen Salar de Uyuni. Her blei 13 nye kyrkjemedlemar teke opp, og to born døypt, i august 1985.²⁰³ Avstanden frå Potosí by til Tahua var svært lang, så misjonærbesøka blei få. I 1986 fekk dei to besøk. Arbeidspendling til Chile var vanleg,²⁰⁴ og

¹⁹⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen 1986, sak 3

¹⁹⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen 1987, sak 7

²⁰⁰ Hiebert, 1985:232f

²⁰¹ *Utsyn*, 1986, nr. 7, s. 11f

²⁰² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Potosí til konferansen i 1988

²⁰³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Vestre Potosí til konferansen i 1986

²⁰⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Vestre Potosí til konferansen i 1987

i 1987 var 10 av medlemane flytta. Pinsevener frå Uyuni hadde møteaktivitet i landsbyen,²⁰⁵ så i 1988 meinte misjonæranne at det var riktig å gi opp. Då hadde ytterlegare to medlemar flytta, og berre eit medlem var igjen i landsbyen, men også ho gjekk med konkret flytteplan. Den andre kyrkjelyden som blei organisert, var Parantaca, omtalt i neste underkapittel.

Det blei bygd opp god kontakt med mange bygdelag, men dei tette og tillitsfulle relasjonane som misjonsteoretikaren Hiebert meinte måtte til for å lukkast, var det vanskeleg å få etablert. Det var vanskeleg å forsvare busetting av norske misjonærfamiliar i dette tynt folkesette området, og ein misjonær meinte misjonen burde gå over til å «satse på en lett strategi fra Potosí, d.v.s. evangelist med og uten motor».²⁰⁶ Kva misjonæren meinte med motorisert evangelist blei ikkje konkretisert, men under målsettingane for misjonsarbeidet for 1993 var ønsket om «et muldyr til bruk for Justiniano» opplista.²⁰⁷ Han fungerte som evangelist utan motor i området. Det blei gjort sporadiske forsøk på å halda på kontaktar i åra som kom.

Styraren ved Potosí stasjon kom i 1996 med sjølvransakande ord til den siste misjonærkonferansen før den nasjonale kyrkja blei danna. Om arbeidet på landsbygda skreiv han:

«De unådde gruppene må alltid være vår primære målsetting. Slik er det alltid kjekt å gå videre til nye landsbyer. Men for å lykkes er vi avhengig av å ha evangelisten, «typen» til å gjøre det. Vi har forkynt Guds ord og det er løfter knyttet til akkurat det. Men vi har nok ikke maktet å få frem ledere og danne forsamlinger. Jeg tror at arbeidet vårt i Potosí er for vidt til at vi kan klare å dra det iland med den bemanningen vi har nå».²⁰⁸

Kultur møta hadde vore mange, dels sterke, men flyktige. Opplæringa blei tilfeldig for dei nye medlemane, og få frå desse områda reiste til bibelskulen i Sucre. Medlemane var i stor grad åleine, sårbare for påverknad frå andre. Det var ikkje berre sosiale hindringar som var årsak til gjennomtrekk i medlemsregisteret. Eit døme er landsbyen Yocalla der 15 innbyggjarar i 1991 tok steget, tok medlemskurs, og blei tatt opp som medlemar. Eit år seinare hadde nesten alle valt å gå over til ei anna evangelisk forsamling som praktiserte vaksendåp. Dei oppfatta det negativt at NLM godtok at ein katolsk barnedøypt var rettmessig døypt med kristen dåp. For dei var den katolske dåpen ein del av deira tidlegare syndefulle liv, eit liv dei no hadde vendt ryggen til. På kort tid oppstod heile fire evangeliske kyrkjelydar i denne landsbyen, noko som fortel oss at det kunne vera hard konkurranse mellom ulike evangeliske grupperingar.²⁰⁹

²⁰⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Potosí til konferansen i 1988

²⁰⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen i 1987:32

²⁰⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Potosí til konferansen i 1992

²⁰⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0006, Rapport frå Potosí stasjon til konferansen i 1996

²⁰⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004-0005, Rapportar frå Potosí stasjon, 1992-1995

I landsbyen Pecataya fortrenge ei gruppe karismatiske pinsevenar arbeidet som NLM sine misjonærar hadde satt i gong. Ein kveld tok den sterkt karismatiske leiaren av det nye arbeidet med seg kyrkjelyden opp på ein åskam for å venta på Jesus. Dei song og venta heile natta, men på morgonkvisten gjekk folket skuffa heim og leiaren flytta. Det var igjen ope for NLM,²¹⁰ og det Bernt Egil Strømme hadde fått vita om lite konfesjonell truskap blei stadfesta. Mange søkte nye impulsar, og det var lett å hoppa vidare om noko nytt og spennande oppstod, noko som samsvarar med Asle Jøssang si forskning om omvending i karismatiske kyrkjer.²¹¹ Utfordringane med vaksendåp kjem eg tilbake til i neste delkapittel, der kyrkjetukt er drøfta.

4.1.7 To «satellittar»

Som det er kome fram så opplevde misjonærane nokre stadar at bodskapen «fall i god jord»,²¹² men det var altså ikkje alle stadar det vaks fram levedyktige kyrkjelydar. Arbeidet rundt Tinguipaya nord for Potosí blei som før nemnt etablert med eigen misjonsstasjon. Ser ein på landsbygdarbeidet til misjonsstasjonane i Cochabamba og Potosí, så blei dei i det store og heile ståande igjen med to «satellittar», Ayamaya og Parantaca, to svært ulike kyrkjelydar. Aymara-landsbyen Ayamaya, 250 kilometer frå Cochabamba langs hovudvegen til La Paz, blei ei stor utfordring for misjonærane i Cochabamba. Avstand, språk, og det faktum at landsbyen ikkje var ein del av det særlege kallet om å vinna quechuafolket, utfordra. Som folkegruppe av aymarafolket godt dekkja av evangelisk misjon, eiga nasjonal luthersk kyrkje, Iglesia Evangélica Luterana Boliviana, seinare korta til IELB, med hovudsete i La Paz.²¹³ Grunnane til å seia nei var mange då landsbyen kontakta NLM sine misjonærar.²¹⁴ Årsaka til at misjonærane sa ja, var at kyrkjeleiarane i La Paz i sterk grad bar preg av liberal teologi.²¹⁵ Utsendingar frå landsbyen oppsøkte misjonærane i Cochabamba etter å ha lytta til misjonen sine radioprogram. I påska 1983 besøkte radiomedarbeidarar landsbyen, og heile 45 av innbyggjarane vedkjente seg evangelisk kristentru. Forsøk på å få dei til å kontakta kyrkja i La Paz førte ikkje fram, for dei ville ha hjelp frå NLM. I 1984 vedtok misjonen å hjelpa til med leiaropplæring.²¹⁶ Folket var driftige, og i påskehelga 1985 blei eige kyrkjelokale vigsla.²¹⁷

²¹⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Rapport frå Potosí til konferansen i 1993

²¹¹ Jøssang, 2010

²¹² Matteus 13,8

²¹³ https://www.oikoumene.org/en/member-churches/bolivian-evangelical-lutheran-church?set_language=en, lastet ned 01.08.15

²¹⁴ Utsyn, 1988, nr. 29, s. 5 og NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Ref. frå konf. 1984, sak 2f)

²¹⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Referat frå konferansen i 1991, vedtak 1/91

²¹⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen i 1984, vedtak i sak 2

²¹⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen i 1985

Indre splitting og påverknad frå andre kyrkjesamfunn, gjorde at medlemstalet varierte mykje frå år til år. Ein får inntrykk av at mange lett tok overgang til andre trussamfunn om det var noko meir å henta der. Forventningane til kva NLM kunne tilføra landsbyen økonomisk var store, og iveren etter sosial bistand blei ei merkbar utfordring. Misjonær Emil Knardal skreiv til misjonærkonferansen i 1987 at folket i Ayamaya nok hadde forventa meir støtte. Sidan to utanlandske organisasjonar alt var i sving med bistandsarbeid, så måtte han berre konstatere at «dermed må vi finne oss i å stille bak i køa når det gjeld popularitet frå landsbyen og vel også frå ein del av brødrene». Misjonærene delte ved fleire høve ut gratis skulemateriell til alle skuleborna i landsbyen,²¹⁸ så noko fekk dei att for kyrkjetilknytninga. Sjølv om det ikkje gjaldt alle, så var det nok ein del «riskristne» mellom dei interesserte.

Kontakten med Ayamaya blei først og fremst halden oppe av nasjonale evangelistar, men med jamne misjonærbesøk. Cochabamba stasjon fremma i 1991 forslag om å busetja ein evangelist i byen Oruro, som også kunne ta seg av Ayamaya, men svaret blei nei. Det var framleis nokre trufaste medlemar igjen i Ayamaya, og i nabobygdene Llallagua og Angostura, i 1995.²¹⁹

Potosí hadde også sin «satellitt». Misjonærene måtte gi slepp på kyrkjelyden Tahua, men det var «bare gledelege nyheter å melde» frå landsbyen Parantaca, omlag 4 timar bilkøyning vest for Potosí by.²²⁰ Landsbyen blei nemnt i rapportane etter tørkekatastrofen, og i 1986 blei ein kyrkjelyd etablert med ordføraren som sjølvskriven leiar. I januar 1986 reiste ordføraren og lensmannen på bibelskulekurs i Sucre. Ordføraren kom til Sucre med tuberkulose, og blei omgåande lagt inn på sjukehus. Justiniano blei den første frå Parantaca som blei tatt opp som medlem, og ein månad seinare følgde 10 andre i fotspora til ordføraren.²²¹ Møta blei haldne på skulen i landsbyen, og stadig nye medlemar blei lagt til i kyrkjelyden. År om anna kom det fram mismot. Landsbyen låg langt borte, men leiaren Justiniano gjorde ein solid innsats både for eigen landsby og omlandet som stipendiat og seinare evangelist. I 1991 blei det notert at han to gongar i månaden gjekk til landsbyen Tomave, der fem nye medlemar var tatt opp. Landsbyen låg fem timer til fots frå Parantaca, noko som syner dei store avstandane.

Landsbygdemisjonen haldt fram, men var no for det meste konsentrert om dei to stasjonane i Nordre Potosí og Tinguipaya. Arbeidet her blir tatt fram i delkapittel 4.3. Kulturmøta som er omtalt i dette delkapittelet fekk misjonærene god bruk for i framhaldet. Det var truleg ein god opplæring til nytte for det kombinerte misjons- og bistandsarbeidet dei skulle ta til med.

²¹⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1987

²¹⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0006, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1996

²²⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Potosí til konferansen i 1989

²²¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Vestre Potosí til konferansen i 1987

4.2 Kyrkjelydsarbeidet veks – også i byane

Mange heldt altså sterkt fast på konklusjonen frå misjonærkonferansane i 1980 og 1981 om at misjonen måtte gå ut på landsbygda for å møte primærmålgruppa, quechuafolket. I referatet etter misjonærkonferansen i 1984 ser ein tendensar til ei haldningsending, ei endring som i særleg grad kom praktisk til uttrykk ved misjonsstasjonane i Cochabamba og Sucre. «Bur ein i byen, må ein prioritera enten byen eller landsbygda. Det er mest naturleg å satsa mest der ein bur.»²²² Diskusjonen by og/eller landsbygd spissa seg til. Å identifisera spesifikke kulturmøte som påverka denne debatten er vanskeleg. Ein praktisk faktor som spelte inn, var at mange av misjonæranne begynte å bli småbarnsforeldre, så kanskje blei prioriteringa av arbeidsoppgåver noko annleis. Ikkje alle såg føre seg ein livsrytme med familiefaren på lange turar ute i felten.

Dei som ville halda på strategien om å gå ut på landsbygda, hevda mellom anna at «NLM har alltid satset på landsbygda, men byene bør være holdepunkt for å hjelpe oss i å gå vidare på landsbygda.»²²³ Arbeidet i byane var for nokre først og fremst eit middel. «Vi bør ikkje utvida arbeidet i byane for mykje. Vi starta i byane for å få fotfeste.» Andre argumenterte med at «arbeidet i byane går tyngre ennpå [sic!] landsbygda», og meinte ein burde satse der det var lettast å få folk i tale. Haldningsendringa frå 1984 var no i ferd med å bli merkbar. Fleire opplevde at arbeidet i byane «ikkje vart vurdert like høgt som arbeidet på landsbygda», men såg framover og peikte på at «vi må ha eit sterkt arbeid i byane for å få ei sterk nasjonal kyrkje.»²²⁴ I 1987 var diskusjonen by og land igjen prega av mangelen på misjonærar, grunna vanskar med rekrutteringa og forlenga heimeopphaldet etter fullførte periodar ute.²²⁵

Ved misjonærkonferansen i 1987 deltok generalsekretær Egil Grandhagen. Han kom med innspel frå nokre seminar om bymisjon som sa at «i tilflytterområdene i byene er folket mer åpne enn de områdene de kommer fra på landsbygda». Han løfta særleg fram misjonsarbeidet misjonæranne i Cochabamba stod i, ein ros som blei lagt merke til.²²⁶ Strategien om å gå ut på landsbygda for å nå quechuafolket blei drøfta av eit evalueringsteam frå hovudstyret i 1988. Dei meinte sterk urbanisering i Bolivia førte til at quechuafolket «som språkgruppe, som kulturgruppe, og som «geografisk gruppe»» var i ein annan fase enn då misjonsarbeidet tok til i 1978, og etterlyste nytenking.²²⁷ Frå no av ser ein arbeidet i byane får ein vekstperiode.

²²² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1984, sak 2

²²³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1985, sak 2b

²²⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen 1986, sak 3

²²⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, «Melding frå styret 1986» til konferansen i 1987

²²⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen i 1987:9

²²⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong F-0007, Rapport evaluering av NLMs arbeid i Bolivia, side 34f

Satsinga på quechuafolket var viktig for misjonærane, men i 1990 uttalte ein misjonær at «å nå quechuafolket med evangeliet har ein romantisk klang i seg. Misjonsfolket må vite at vi pr. i dag har arbeid i store byar. Vår største misjonsressurs har vi her. Vekst i arbeidet er likt fordelt mellom by og landsbygd.»²²⁸ Diskusjonen om misjon i byar var ikkje berre tema i Bolivia, for etter eit besøk til landet i 1991, trekte Grandhagen i ein rapport fram manglande gjennomslag i byane. «Mye tyder på at [manglende gjennomslag] også har med strategi å gjøre, og dette er et spørsmål som bør oppta oss atskillig meir i tiden framover – både i hovudstyret og i administrasjonen».²²⁹ Dette viser at drøfting om strategi ikkje berre skjedde i Bolivia, men også i heimeleiinga til NLM, som med det tok eit medansvar for at misjonærane ikkje hadde fått nok strategiar og verktøy til å møte utfordringane i byane. I 1995 fortalte Grandhagen misjonærane at NLM brukte erfaringar frå storbymisjon i Chicago i USA til eit prosjekt i Sagene bydel i Oslo, erfaringar han meinte kunne og vera aktuelle for Bolivia.²³⁰

I kva grad misjonærane justerte sin strategi etter møta med dei bolivianske kulturane kan nok diskuteras. Det blei brukt arbeidsformer som kunne kjennast att frå indremisjonsarbeid i Noreg. Det kunne ikkje i seg sjølv diskvalifisera metodane for bruk i Bolivia, men blei det gjort naudsynte kulturelle tilpassingar? Barne- og ungdomsarbeid blei brukt for å få kontakt, og kvinnearbeidet utarta seg forskjellig frå stad til stad. Nokre stadar fungerte det som typiske kvinnemisjonsforeiningar, medan ein andre stadar såg konturane av ein slags hybrid mellom ei kvinneforeining og eit husmor-/bygdekvinnelag. På landsbygda var fokuset på hygiene, ernæring, husstell og opplæring i inntektsbringande arbeid som husflid, større enn i byane.

Etter som fleire kyrkjelydar blei etablert, kom behovet for å laga felles forslag til liturgi for møta, ritual for medlemsopptak, dåp, konfirmasjon, vigsel, gravferd, og oppbygging av lokal leiarskap. Det allmenne prestedømme var norma, men med auka aktivitet kom behovet for fleire nasjonale heil- eller deltidsmedarbeidarar til kyrkjelydsarbeidet. Diskusjonen om pastortittelen var ikkje enkel for misjonærane, og gjev eit innblikk i kulturmøtet mellom norsk lekmanstradisjon og dei evangeliske kyrkjetradisjonane som frå før var kjente i Bolivia.

Delkapittelet tar til med ein oversikt av utviklinga i byane Cochabamba, Potosí og Sucre. Deretter blir arbeidsformene trekt fram og drøfta. Forholdet mellom misjonærar og nasjonale var viktige, men og nokre gongar såre, kulturmøter. Kyrkjektukt, liv og læra, gav utfordringar, og liturgi, kyrkjeleiarar og opplæring var alle viktige element i det totale misjonsarbeidet.

²²⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Referat etter konferansen 1990:45

²²⁹ NLM-Arkivet, NLMs hovedkontor, kartong Bbb-0047, Feltrapporter 1990-91, Bolivia, Grandhagen 1991:3

²³⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat frå konferansen 1995:20

4.2.1 Via leigd ølsjappe til nybygd kyrkje i Cochabamba

Misjonærane kunne i juni 1981 fortelja at den første gryande kyrkjelyden i Cochabamba hadde flytta møta sine til eit nytt lokale, og i *Utsyn* kunne misjonsvenene lesa om ølsjappa som blei kyrkjehus.²³¹ Det blei eit nokså enkelt kyrkjebygg. Det leigde jordhuset blei pussa opp med fast golv, kvitkalka veggjar, nye vindauge og dør, men bøljeblikktalet kunne framleis gjera nytten. Gleda var stor då 8 nye medlemar blei tatt opp søndag 13. november 1983.

«På nattverdmøtet som ble holdt umiddelbart etter festen, var alle de 10 nattverdberettigede til stede. Slike stunder gjør livet rikt for misjonærene», skreiv Ingar Gangås i stasjonsrapporten. Ølsjappa fungerte som kyrkjehus i nokre år, til samarbeidsvanskar med eigaren framskunda planane om eige kyrkjebygg.²³² Misjonen kjøpte ei hjørnetomt eit lite stykke frå sentrum, og medlemane bidrog med dugnadsarbeid, for at kyrkja i 1985 kunne stå klar til bruk.

Kyrkja fekk namn etter plasseringa, *Complejo Fabril*. Lån frå misjonen måtte til for å få kyrkja ferdig, men med inflasjon på opptil 3000 prosent var tilbakebetaling nærast umogleg for ein medlemsmasse med lågt lønsnivå.²³³ I følge misjonær Ingar Gangås var interessa etter å få vita når gjelda var nedbetalt, og kva tid dei nasjonale sjølv kunne overta kyrkjebygget, større enn iveren etter å vera med på å nedbetala gjelda. Likevel meinte han i 1988 å sjå ei auka interesse for å ta ansvar.²³⁴ Kyrkjelyden i Cochabamba vaks fram steg for steg, og utvikla seg til å bli ei hovudkyrkje for byen, og seinare hovudkvarter for den nasjonale kyrkja. Mange unge var med i leiarskapen, fleire av desse hadde møtt kyrkja og misjonen på søndagsskulen. Frå å vera sterkt prega av misjonærane dei første åra, kom dei nasjonale meir på banen. Manglande tettleik av misjonærer i 1987 gjorde at evangelist Eliseo Castañeta blei eit viktig samlingspunkt.²³⁵ Han var flink med å få folk i tale, og til å gå på besøk i heimane. Arbeidet i byen blei utvikla, og evangelisten blei sentral i kyrkjelyden *Central Taquina* på 1990-talet.

Kyrkjelydsarbeid låg i bydelen Central Taquiña, lengre nordvest frå sentrum i Cochabamba. Den 13. mai 1990 blei dei første 6 medlemane teke opp, og ein leigeavtale om møtelokale var klar. Misjonærane kunne gleda seg over at medlemar frå «hovudkyrkja» viste interesse og omsorg for arbeidet i den nye bydelen. Mot slutten året tok ein også til med møter i eit område kalla «Km. 4».²³⁶ Kyrkjelyden fekk namnet «San Jose de la Banda», og fekk i rekordfart eige kyrkjestyre 25. august 1991. Ein månad seinare var kyrkjetomt kjøpt inn,

²³¹ Utsyn, nr. 29, 04.10.1981

²³² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1984

²³³ Utsyn, 1985, nr. 26, s. 3

²³⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1989

²³⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1988

²³⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1991

då det var vanskeleg å få tak i leid møtelokale.²³⁷ Rapporten frå 1995 fortalte at konkurransen frå andre evangeliske kyrkjer var sterkt, og ulike syn på dåpen utfordra. Bygging av kyrkje på den innkjøpte tomte var ikkje starta,²³⁸ grunna manglande byggeløyve. I Central Taquiña var det ein festdag då dei den 18. desember 1994, kunne markera at ein ny møtesal stod ferdig.²³⁹ Fleire nye framstøyt blei gjort rundt Cochabamba i 1993. Eliseo Castañeta «klatra» oppover fjellsida til ein ny bydel som endå var utan elektrisitet.²⁴⁰ Det blei også satsa i Quillacollo og Sausalito som låg noko lengre vest for byen, men arbeidet blei kortvarig. Sausalito hadde eit variert arbeid på gong i nokre år, men blei kasta ut av møteloaleet. Det blei prøvd å halda fram med barnelag i huset til ein nasjonal medarbeidar, men det fungerte ikkje.²⁴¹ Planar for eit arbeid sør og søraust i Cochabamba, blei drøfta spesielt med tanke på arbeidsmigrasjonen frå Acacio. Misjonærane drøfta også viktigheita av å sikta inn misjonsarbeid for å møte middelklassen og dei rikare i byen. Ein misjonær fortalte om ein interessert person som kom standsmessig i bil til kyrkja, såg seg rundt, for så å køyra bort att. Kulturskilnadene blei rekna som store, og rike kunne lett oppleva seg brukt, til dømes ved å bli spurt som «padrinos» (fadder) for å bidra økonomisk.²⁴² Utfordring gjaldt også misjonærane, og blir drøfta seinare. Frå heile misjonsfeltet hørte ein om konfliktar mellom nasjonale. Heller ikkje kyrkjelyden Complejo Fabril blei spart, og det var ikkje lett for misjonærane å sjå kva konfliktane handla om. Eit døme var då tre unge med styre- og eldstefunksjonar, haldt seg borte frå møta i store delar av 1992. Ingen sette ord på kva som var galt. På eit ekstra årsmøte blei dei kasta ut av styret, men ein fekk vera vara.²⁴³ Kyrkjelyden «valte» bort konflikten, men løyste den ikkje. Den første barnedåpen skjedde som før nemnt i 1981, og ti år seinare var det klart for den første konfirmasjonen, 22. desember 1991. Sju unge fullførte konfirmasjonsundervisninga. Same år blei det utført velsigning for fire ektepar.²⁴⁴ Etter 17 år med barne- og ungdomsarbeid i nærområdet til kyrkja, kunne stasjonsstyraren i 1995 konstatera at kyrkjelydsarbeidet var godt kjent i området. Etter nokre år i ein bølgedal kunne misjonærane kort tid før ei nasjonal kyrkje skulle etablerast, sjå at arbeidet i denne kyrkjelyden var omfattande og variert.²⁴⁵

²³⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1992

²³⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0006 Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1996

²³⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1995

²⁴⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1994

²⁴¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1994

²⁴² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat frå konferansen 1994:7

²⁴³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1993

²⁴⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1992

²⁴⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0006, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1996

4.2.2 *Stein på stein i gruvebyen Potosí*

Misjons- og kyrkjelydsarbeidet i Potosí starta med ein søndagsskule i siste halvdel av 1979. Ein tok også til med tradisjonelle møter, og i 1981 blei dei første medlemmar teke opp. Møta var ofte godt besøkt, og misjonærane kunne særleg gleda seg over mange tenårings som trufast kom. I juli 1981 arrangerte misjonen ein stor kampanje, og mange fant vegen til den store møtesalen som var leigd til føremålet. Dessverre var det ikkje mange som fann vegen til den vesle kyrkjelyden når kampanjen var over. Misjonærane ønskte å starta opp arbeid fleire stadar i byen, men det måtte venta til fleire ressursar var tilgjengeleg for innsats.²⁴⁶

Ved utgangen av 1983 var medlemstalet kome opp i 16, av desse var ni nye det siste året, og mange var unge. Det betyr at nokre må ha hoppa av eller flytta frå byen. Dette året var sterkt prega av tørka som tidlegare er omtalt. Kvinnegruppa opplevde eit oppsving grunna tørka, og fleire haldt fram med å koma også etter at krisa var over. Ein ny kampanje blei prøvd i 1983, men som i 1981 blei det vanskeleg å følgja opp interesserte i etterkant. Falt interessa bort når kvardagen kom? Mot slutten av det kriseråka året blei det teikna kontrakt på kjøp av eit større lokale, som blei bygd om og brukt til kyrkjelokale, kontor og andre fasilitetar for misjonen.²⁴⁷

Medlemsveksten gjekk stadig oppover. I 1986 blei 10 nye lag til, og fleire medlemmar byrja å ta ansvar i arbeidet med andaktar i søndagsskulen, møteleing og vitnesbyrd. Utanom dei ordinære aktivitetane, så blei det første brudeparet velsigna i kyrkja dette året. Då eit medlem døde, blei det for første gong halde evangelisk gravferd. Oppmøte frå familie og vener var godt, og mange fekk sitt første møte med evangelisk kristendomsforkynning. Kyrkjelyden drog på tur ut av byen både i påskehelga og i helga ved allehelgensdag, praksisar som blir tatt opp og drøfta to andre stadar i oppgåva. Organiseringa av kyrkjelyden tok eit viktig steg vidare ved at eit styre blei valt, både i kyrkja og i ungdomsforeininga, i 1986. Kyrkjestyret fungerte godt, men det var mindre ansvarskjensle hjå dei unge. Kvinnearbeidet samla 10-15 medlemmer, og om lag 6-7 kvinner deltok i bibelstudium som gjekk på omgang i heimane til deltakarane. I det heile tatt får ein eit inntrykk av at fleire kvinner var sterkt engasjert i kyrkja. Barnelaget kunne samla 30-40 born, og ungdomsarbeidet samla 25-30. Ein gong i månaden blei det halde nattverdsmøte for medlemmane, og kvar veke var det torsdagsmøte med bøn og bibelstudium og søndagsmøte. I motsetning til i Cochabamba, opplevde misjonærane god interesse for bibelstudium i Potosí, og oppmøtet blei omtalt som godt.²⁴⁸

²⁴⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Potosí stasjon til konferansen i 1982

²⁴⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Potosí stasjon til konferansen i 1984

²⁴⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Potosí stasjon til konferansen i 1987

Det indre livet i kyrkjelyden romma både sorger og gleder. Fyll, baktale og falske rykte var med på å skapa uro og konflikthar i den vesle kyrkjelyden, og som i Cochabamba var det vanskeleg for misjonæraane å finna kva som var sant og ikkje. Kyrkjetukt blei brukt i nokre høve. I rapportane frå Potosí får vi vite at nasjonale evangelistar ved nokre høve bidrog til konflikthar.²⁴⁹ Makt, ønske om å vera sjef, var eit av stikkorda som blei referert. Baktale og falske rykte var utbredt,²⁵⁰ og maktkamp som ofte kom grunna klasseskilje, var ikkje ukjent.²⁵¹ Paul G. Hiebert refererte til at nyare kyrkjevekstgrupper har fokusert meir på folkegrupper, og erkjente at det kan vera store kulturelle barrierar, sjølv mellom naboar. Kjeldene fortalte om medlemmar frå landsbygda som flytta inn til Potosí, men medlemmane som alt budde i byen har nok også høyrte til ulike sosiale grupper. Det verkar som misjonæraane etter kvart såg dette, for i rapportane frå Potosí er ein ærleg på at sosiale og kulturelle skilje skapte interne vanskar. Stasjonen i Potosí var tidleg ute med nasjonale medarbeidarar, også evangelistar. I 1986 hadde stasjonsstyraren prøvd å vera seg bevisst at misjonæraane ikkje burde gjera alle pastoroppgåvene sjølv, og nasjonale var begynt å delta med tale og utdeling av nattverd. Frå 1988 er det tydeleg at innsatsen til dei nasjonale medarbeidarane stadig betyr meir for den vidare utviklinga av kyrkjelyden. Dette året blei arbeidet i byen fordelt på to lokale, og fleire frivillige nasjonale var aktivt med i oppbygginga av misjonsarbeidet på den nye staden.²⁵² Misjonsarbeidet i Potosí stod ved fleire høve utan misjonær i kortare eller lengre periodar. Det ser også ut til at bytte av misjonærar skjedde oftare her enn ved andre stasjonar. Om eit langvarig fråvær i 1989 skreiv stasjonsstyraren: «Det ser ut som om dette har virka inn på flokken, nokre ha nok vorte litt mismodige».²⁵³ Eit evalueringsteam som besøkte arbeidet i Bolivia i 1988, møtte kritikk frå nasjonale som beklaga fråvær og hyppige misjonærbytter. Teamet spurte om misjonæraane hadde lagt meir vekt på å vera evangelist enn organisator.²⁵⁴ Det var nok riktig at spørsmålet blei stilt, men hyppige misjonærskifte må til hindra gode relasjonar mellom misjonær og nasjonale. Eg har tidlegare trekt inn Paul G. Hiebert som framhevar misjonæraane som ein organisator, inspirator og medvandrar. Når den eine parten stadig skrftar, må det ha gått ut over oppbygginga av både tillit og lokal kulturforståing. Nasjonale som stadig måtte læra nye misjonærar å kjenna, hadde grunn til å vera mismodige.

²⁴⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Potosí stasjon til konferansen i 1983

²⁵⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Potosí stasjon til konferansen i 1988

²⁵¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Rapport frå Potosí stasjon til konferansen i 1993

²⁵² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Potosí stasjon til konferansen i 1989

²⁵³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Potosí stasjon til konferansen i 1990

²⁵⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport fra evaluering av NLMs arbeid i Bolivia 1988

Evalueringsrapporten blei drøfta i gruppearbeid på misjonærkonferansen i 1989. Her slo misjonæranne fast at kontinuitet og oppfølging i arbeidet var hindra av mykje flytting.²⁵⁵

I 1990 skjedde det mykje i kyrkjelyden. Fire unge medlemmar skipa ei musikkgruppe, «Vida nueva», som på norsk betyr «nytt liv». Dei lagde mange av songane sjølv, brukte folklorestil, og drog på turnear på misjonsfeltet. Same året blei ei større kyrkje reist over bygningane som var på misjonen sin eigedom i byen, og ein kom i gong med kyrkjelydsradio. Ein time radio kvar morgon og eit kvarter med barneprogram kvar ettermiddagen.²⁵⁶ Musikkgruppa, det nye kyrkjelokalet og kyrkjelydsradioen, fekk alle vera med å påverka arbeidet i kyrkjelyden positivt. Misjonærar, evangelistar og stipendiatar arbeida no på tre ulike stadar i byen.

Misjonæranne reflekterte over at manglande høve til tett oppfølging, «det å hjelpa folk til å stå på eigne bein, åndeleg og i kyrkjelyden», var ei stor utfordring. Trass dette byrja misjonæranne å sjå at det vaks fram modne leiaremne i kyrkjelyden.²⁵⁷ Vidare på 1990-talet utvikla arbeidet seg positivt i hovudkyrkja, sjølv om det var innslag av stridigheter, og at medlemmar falt ut. Dei frivillige tok over dei fleste oppgåvene i hovudkyrkja, så evangelistar og stipendiatar kunne engasjera seg andre stadar i byen.²⁵⁸ Dessverre svikta desse nyetableringane i 1995.²⁵⁹

Då misjonen kom til Potosí i 1979 var ein åleine som evangelisk misjon, men det var andre evangeliske kyrkjer representert. Misjonær Malvin Ommedal kunne i 1995 fortelja at det var over 20 andre evangeliske kyrkjer i byen,²⁶⁰ sjølv om andre påpeikte at dei fleste var små.²⁶¹

4.2.3 Bymisjon med sosialt arbeid i Sucre

I det første stabsmøtet i 1978 blei Sucre peikt på som eit mogleg framtidig sentrum for misjonsarbeidet, men arbeidet i byen som formelt er hovudstad i Bolivia måtte venta på at fleire misjonærar kom ut. Det gjorde at tida gjekk før mediarbeidet og bibelskulen sine planar kunne realiserast i byen. Med dette på plass, starta også eit forsiktig kyrkjebyggande arbeid i løpet av juli 1984. At ikkje hovudsete for misjonen blei plassert i Sucre, kan i ettertid verka noko underleg. Fleire misjonærar ønskte å flytta hovudsete før den nasjonale kyrkja blei etablert. Når det ikkje skjedde, hadde misjonæranne praktisk lagt til rette for at også den

²⁵⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Referat frå konferansen 1989:1f

²⁵⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Potosí stasjon til konferansen i 1991

²⁵⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Potosí stasjon til konferansen i 1990

²⁵⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Potosí til konferansen i 1993

²⁵⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Rapport frå Potosí til konferansen i 1995

²⁶⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat frå konferansen 1995:21f

²⁶¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Rapport frå Potosí til konferansen i 1995

nasjonale kyrkje valte Cochabamba som hovudsete. Kommunikasjonar, norsk skule og plassering av misjonærane sin ferieplass, blei alle ein del av drøftinga som Sucre tapte.

Radioarbeid var ein hovudkomponent i det planlagde misjonsarbeidet som blei skissert etter undersøkingsreisa i 1975. Pionerradiomisjonær, Bernt Egil Strømme, bygde raskt opp ein nasjonal stab som produserte og formidla radioprogram, litteratur og andre hjelpemiddel til det evangeliske misjonsarbeidet. Den endelege plasseringa av denne greina i arbeid tok tid, både av økonomiske og praktiske årsakar. Høgdemetrane gjorde det, som før nemnt, ikkje mogleg å velja Potosí. I Sucre var tomtene billige, men i Cochabamba var det lettare å rekruttera nasjonale medarbeidarar.²⁶² Arbeidet med radio og litteratur fekk si organisering under namnet *Centro Evangelico Luterano*, og endelege plassering blei frå 1984 Sucre. I 1982 blei det brukt 34000 US dollar på radioarbeidet, og i samtalen på misjonærkonferansen i 1983 var det ein deltakar som stilte spørsmål om innsatsen hadde gjeve dei resultata ein forventa.²⁶³ Eg har valt å la mediearbeidet ligga. Arbeidet var ikkje eit sidespor, for senteret som blei bygd fekk bety mykje for det evangeliske arbeidet. Her er tema for nye oppgåver.

Ekteparet Strømme starta med evangeliske møter og søndagsskule i Sucre i 1984. Eit år etter blei det halde møter tre dagar i veka, og best besøkt var søndagsmøta og søndagsskulen. Frå 15 til 30 vaksne, og 20 til 45 born, blei nådd kvar søndag. Allereie 1. september 1985 kunne misjonærane ta opp dei 10 første medlemmane, men fleire av dei nye opplevde hard kamp grunna overgangen til evangelisk kristentru.²⁶⁴ Sucre var rekna for å vera sterkt katolsk.

I Sucre hadde fleire av misjonærane arbeidsoppgåver som gjorde dei mindre mobile, sjølv om det også ved denne stasjonen var planar om arbeid på landsbygda. Kontaktane misjonærane fekk ute på landsbygda kom via tilflyttarar som blei med i kyrkjelydane i byen. Misjonærane opplevde det som ei stor utfordring at svært få av dei første kyrkjemedlemmane var byfolk. Det tyder at det også i Sucre var sosiale og kulturelle skilje som følge av bakgrunn og by og land. Rapporten for 1986 tok til med at «arbeidet går i bølger»²⁶⁵, og neste års rapport kan heller ikkje fortelja om medlemsvekst. Snarare opplevde misjonærane at mange som blei med dei første åra, sjølv etter besøk og personleg invitasjon, haldt seg borte frå kyrkja. Ein nasjonal medarbeidar var tilsett, og ein spreidde seg ved å ta opp misjonsarbeid i to nye bydelar.²⁶⁶

²⁶² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1982

²⁶³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1983

²⁶⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Sucre til konferansen i 1986

²⁶⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Sucre til konferansen i 1987

²⁶⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Sucre til konferansen i 1988

I rapporten frå 1989 blei det meldt om ei stille vekking i kyrkjelyden, som haldt til i same bygg som mediesenteret. To medlemsopptak resulterte i 14 nye medlemmar, og til saman var det ved utgangen av året registrert 32 vaksne medlemmar, og om lag like mange døypte born. I bydelen Japón blei eit barne- og ungdomsarbeid følgd opp, og misjonærane la planar for eit eldrearbeid i samarbeid med ein engelsk hjelpeorganisasjon året etter. Bibelskulen blei etablert i eit nybyggarområde tett ved byen, og i 1989 starta ein opp med faste møter også der. Det blei opplevd som vanskeleg å nå inn til byfolket, men ei bibelgruppe med ungdom frå bydelen San José var eit positivt unntak. Dei unge var studentar frå etablerte by-familiar.²⁶⁷

Nokre av dei nasjonale medhjelparane gjekk seg trøtte i bydelen Japón, så eit nytt team blei satt inn i slutten av 1990. Den katolske soknepresten fortalte misjonærane rett ut at «Eg er viljug til å bruke alle midlar for å forhindre at nokon av mine sokneborn forlet moderkyrkja». Det negative engasjementet frå katolsk hald, var nok med på å gjera mange motlause i møte med det nye arbeidet, og var nok årsaka til at eit titals interesserte ungdommar brått forsvann. Ungdomsarbeidet blei for ei tid lagt ned, men det gjekk betre i eldrearbeidet, som annankvar laurdag samla ein trufast flokk til samvær med både eit sosialt og åndeleg program.²⁶⁸

Om misjonsarbeidet i 1993 kan ein sjå at kyrkjelydsarbeidet i hovudkyrkja hadde vakse seg større og sterkare år for år. Den frivillige innsatsen var no betydeleg, og det var arrangert leirar, utflukter og «Cafe Luterana», i tillegg til vanlege aktivitetar. Eit songkor deltok også, men misjonærane ønskte å løfta fram arbeidet med song og musikk i kyrkjelyden. I tillegg til hovudkyrkja var det framleis arbeid for barn, unge og eldre i bydelen Japón, og ei foreining for kvinner var også kome til. I bydelen til bibelskulen CLET, var det framleis få som kom til møta, og i heile perioden var det vanskeleg å få eit godt gjennomslag. Kulturbarrierar blei trekt fram som ei utfordring for å få kontakt med CLET sine naboar. Etter år med ønske om eit nytt kyrkjelokale i sentrum, kunne ein ta til med møter i nytt lokale 5. september 1993.²⁶⁹

I 1995 var det framleis berre ein organisert kyrkjelyd i Sucre, men det var no arbeid på gong fire stadar i byen. Eit forsøk på å koma inn i ein «finare» bydel mislukkast, og sjølv om dei nok kunne ønskt seg større resultat, så hadde misjonærane på litt over ti år bygd opp ein nokså sterk lutherske kyrkjelyd i ein by som var rekna for å vera strengt katolsk. Eit tema som uroa, særleg i den organiserte kyrkjelyden, var alle medlemmane som berre stille forsvann, og som

²⁶⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Sucre til konferansen i 1990

²⁶⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Sucre til konferansen i 1991

²⁶⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Rapport frå Sucre til konferansen i 1994

ikkje viste seg meir.²⁷⁰ Asle Jøssang har som nemnt i innleiinga i sitt doktorgradsarbeid funne at det i karismatiske kyrkjelyder i Sucre var mange som valte å gå vidare til nye kyrkjer av ulike grunnar. Lojaliten i ei luthersk kyrkje var nok ikkje betre enn i dei meir karismatiske. Eg har ikkje gjort eit kvantitativt arbeid med statistikkane, men mange medlemar må ha falt frå totalt. Asle Jøssang hevda i ein artikkel i *Utsyn* i 2000, at av ti omvendte til protestantisk kristendom i Bolivia, var det sju som fall frå.²⁷¹ Ut frå kjeldene er det klart at langt få alle medlemar var like «grunnfesta» i luthersk læra, men alt har ikkje handla om truslære. Sjølv om ville bygga samkjensle, så kan sosiale og kulturelle forhold ha fått nokon til å falla ut. I 1989 fekk misjonærane ei utfordring frå kyrkjemedlemar i Sucre om å hjelpa til med eit evangelisk arbeid i deira heimtrakter, i Tomina provins, omlag 180 km sør for Sucre. Det blei lagt opp med nokre besøk frå misjonærane, og året etter kunne ein melde om aktive kristne som samla seg til møter i nokre landsbyar.²⁷² Frå 1992 blei det bestemt å setja inn ein nasjonal evangelist i dette misjonsarbeidet.²⁷³ Planar om å bygga opp ein ny misjonsstasjon blei lagt, men trass gjentekne drøftingar i misjonærkonferansar på 1990-talet, blei det aldri ein realitet.

4.2.4 Arbeidsformer i kyrkjelydsarbeidet

Dei første åra var kyrkjelydane nye og små, og sterkt prega av misjonærane. I kyrkjelydane blei det skapt langvarige kulturmøter mellom nordmenn og bolivianarar. Paul G. Hiebert er tidlegare referert, og seier at «The most effective cross-cultural communication, however, takes place between people who are involved in regular, enduring relationships in the context of a social community».²⁷⁴ Inn i desse relasjonane tok misjonærane naturleg nok med seg sin kultur og arbeidsmåtar dei kjente godt frå det lågkyrkjelege miljøet dei høyrte til i Noreg. Misjonærane hadde eit ønske om å samla alle i same kyrkje, fattig og rik, quechua og mestis, by og bygd. Mange av konfliktane i kyrkjelydane klarte ikkje misjonærane å finna ut av. Thomas Hylland Eriksen og Torunn Arntsen Sørheim skreiv om konfliktar mellom etniske grupper, og meinte konflikten ikkje er i gruppene, men i relasjonane *mellom* gruppene.²⁷⁵ Konfliktane kunne nokre gongar handla om relasjonane mellom misjonær og nasjonal, men også om forhold i relasjonane mellom ulike etniske og sosiale grupper i kyrkjelydane.

²⁷⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0006, Rapport frå Sucre til konferansen i 1996

²⁷¹ Utsyn, 2000 nr. 29, side 8

²⁷² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Sucre til konferansen i 1991

²⁷³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Sucre til konferansen i 1992

²⁷⁴ Hiebert, 1985:228

²⁷⁵ Eriksen og Sørheim, 2006:55

For misjonærane var det viktig at dei organiserte kyrkjelydane praktiserte føremiddagsmøte på søndagar som kyrkjelyden si hovudsamling. Misjonær Kjell Aardal innleia til samtale om felles møtepraksis ved misjonærkonferansen i 1987, og var tydeleg på at søndag føremiddag burde innarbeidast som fast møtetid. «Folk arbeider på søndag som andre dager, derfor må de troende lære at søndag er helligdag». Han informerte om at andre evangeliske grupper i Bolivia praktiserte dette. Nokre av misjonærane innsåg at mange kyrkjemedlemar, trass fokus på å halda kviledagen heilag, ville måtte gå til arbeid også på søndagar, så ei røyst i samtalen kom med framlegg om at søndagsmøte gjerne kunne ta til kl. 09, sidan arbeidsdagen brukte å starta tidleg for mange.²⁷⁶ For dei norske misjonærane var det nok vanskeleg å frigjera seg frå norsk tankegang og lovverk om helg og yrkje, og mange kyrkjemedlemar hadde ikkje høve reint økonomisk til å følge misjonærane sitt ønske om å skjerma seg frå arbeid på søndagar. Dei fleste kyrkjelydane arrangerte møter midt i veka, etter mønster av det ein mange stadar i bedehus-Noreg kallar *onsdagsmøte*. Eit døme på at dei var inspirert av denne møtetradisjonen var misjonærane i Cochabamba si fortvilning over dårleg frammøte, noko dei samanlikna med same type møter i Noreg.²⁷⁷ Eit googlesøk på ordparet «onsdagsmøte» og «bedehus» får fram at tradisjonen framleis er levande, prega av bibelundervisning, song og frie vitnesbyrd. Frie vitnesbyrd vil seia at møtedeltakarane deler til dømes tankar omkring eit bibelsitat, songvers eller kvardagshendingar, med kvarandre. Fleire med bakgrunn frå bedehuset, meg sjølv inkludert, har opplevd korleis vanskar og veikskapar blei bretta ut gjennom frie vitnesbyrd.²⁷⁸ Misjonærane i Potosí hadde i 1992 mykje godt å seia om dei åndelege tilhøva i kyrkjelyden, men «savner ofte et friskt Kristus[-]vitnesbyrd[*sic!*]. Syndenød og frelsesfryd er bibelske kjennetegn på et sunt kristenliv». Frie vitnesbyrd var noko misjonærane ønskte å sjå meir av, men i dette spørsmålet reflekterte dei ikkje over kulturskilnader. For kunne skilnad i kultur og samfunn gjera det vanskelegare for ein bolivianar å blottlegga sine svake sider, enn det var for ein nordmann? På norske bedehus kunne ein bli sett på som sterk ved å syna seg sjølv som svak, noko som nok var vanskelegare i eit samfunn prega av ulike sosial grupper.

Sosial ulikskap fekk også konsekvensar for bibelstudium. I Acacio observerte misjonærane det dei beskreib som fleire «lag» i befolkninga, og erkjente at skilnadene mellom landsby og landsbygd skapte større vanskar i kyrkjelydsarbeidet enn dei først hadde tenkt. Desse «laga» i befolkninga kunne opplevast på fleire måtar, og handla om meir enn manglande lesedugleik. Det låg djupare i folk sin personlegdom. «De med utdanninge tenker over det de hører, mens

²⁷⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen i 1987, side 33f

²⁷⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Referat etter konferansen 1989, side 17

²⁷⁸ <http://kritisketilstander.com/2013/12/12/frie-vitnesbyrd/>

de andre sier bare «ja og amen». Dei observerte skilnadene skapte vanskar som at når «mange bønder kommer inn til landsbyen på møter, [kunne det] jage ut landsbyfolket...»²⁷⁹

Denne tematikken var ikkje ukjent for misjonærane, for når bibelskulen sitt opplegg blei drøfta året før var debatten prega av innspel og kunnskap om kulturelle skilnader. Derfor vil teamet, og aktuelle konsekvensar, bli nærare drøfta i underkapittelet om leiaropplæring.

Barne- og ungdomsarbeidet henta mange idear frå det misjonærane sjølv var vaksen opp med heime i Noreg. Leirarbeid blei brukt både for å nå heile kyrkjelyden, men og berre ungdom. Cochabamba stasjon arrangerte i 1990 leir i karnevalstida, og ca. 40 vaksne og unge deltok. Desse leirane handla i stor grad om «å ta ut» medlemmane frå å bli freista under kultfestane. Nyttårsleir for ungdom blei etablert som tradisjon, og samla ungdom frå heile misjonsfeltet. Berre frå Cochabamba deltok over 30 ungdomar i 1990, så dette var større samlingar med både lærande og sosialt føremål.²⁸⁰ Likevel var det samlingane kvar veke rundt om i kyrkjelydane som skapte dei beste høve til å bygga kulturelle bruer mellom misjonærane og dei bolivianske ungdommar. I ein kultur prega av stor grad av respekt for autoritarar må det ha vore spanande å møta dei vaksne utlendingane, til dømes i landsbyen Acacio i 1984, som kvar fredag samla ungdom, og «programmet [var] enkelt: Ludo etc. og andakt».²⁸¹

I barnearbeidet dominerte tidleg søndagsskulen som arbeidsmåte og inngangsport til kyrkjene. Trykte søndagsskuleblad blei etter kvart brukt for å støtta opp om bibeltekstane som blei gjennomgått. Blada hadde også oppgåver, og høve til fargelegging.²⁸² Flanellografen var eit godt hjelpemiddel i Bolivia som i Noreg.²⁸³ Søndagsskuleblad eller flanellograf var ingen spesielt norske oppfinningar, men viste seg å vera svært gode hjelpemiddel for misjonærane. Visuelle hjelpemiddel var sjølvsagt godt eigna for å fanga merksemda, og det var og ei svært god støtte for borna, men også for vaksne med dårleg lesedugleik. I 1990 blei det i tillegg gjort forsøk med «ferieskule», ei veke i vinterferien, og felles juleverkstad laurdagar før jul, i Cochabamba. Ein bibelkonkurranse med premiering for dei litt eldre borna var også på aktivitetslista dette arbeidsåret,²⁸⁴ ein idé som svært sannsynleg blei henta frå Det Vestlandske Indremisjonsforbund (no Indremisjonsforbundet) sin «Salomo-konkurranse».²⁸⁵

²⁷⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat etter konferansen 1987, side 4

²⁸⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1991

²⁸¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1984

²⁸² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1991

²⁸³ Utsyn, 1979, nr. 28, side 1

²⁸⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1991

²⁸⁵ <http://www.imf-ung.no/arrangement/salomokonkurransen/>, lasta ned 23.11.2015

«Evangelisering og forkynning er ikkje berre lange talar frå ein talarstol innandørs...» skreiv litteraturmisjonær Gro Bjørndal til *Utsyn* i 1992. I mange bygder var fjernsyn og kino ukjent, så når misjonæren kom med film og lysbilete, flokka mange seg saman for å få med seg hendinga. Borna var sterkt representert. «Når dessutan film er eit fint middel til å samle folk som elles ikkje ville kome, ja, så er det ein dobbelt godt reiskap i arbeidet», sa Bjørndal.²⁸⁶

Misjonstiltak for kvinner og barn fekk ei større rolle i misjonsarbeidet enn kva misjonær Kjell Aardal såg føre seg i 1980. Han peikte på at «kone og born må ha [familiefarens] godkjenning av det dei gjer», slik at om han blei vunnen var det mogleg å få heile familien med.²⁸⁷ Etter 15 år med misjonsarbeid konkluderte ein misjonær med at kyrkja hadde ein svak leiarskap, med «ein del unge, ein del kvinner, men få vaksne menn, få familiar».²⁸⁸ Ein kan vanskeleg seia noko konkret om ting hadde gått betre om Aardal sine tankar hadde blitt følgd fullt ut. Mykje tydar på at ein var bevisst at det bolivianske samfunnet var meir patriarkalsk enn det norske, men truleg opplevde misjonærane at kjente arbeidsformar frå heimlandet skapte god kontakt.

Arbeidsmetodane innan kvinnearbeidet skifta får stad til stad, men blei og variert over tid for å halda oppe interesse og kontakt. Kvinnearbeidet hadde ein eigen komité bestående av kvinnelege misjonærar, som fekk tilsendt pengar direkte til sitt arbeid frå *Kvinnekomiteen for misjonsmarkene*²⁸⁹ heime i Noreg. Desse midlane gjekk utanom misjonen sine budsjett, og representerte i 1987 kr. 27000.²⁹⁰ Det kunne nokre gongar vera vanskeleg å vita kva ein hadde lov å bruka desse midlane til, særleg etter at kyrkjelydsarbeidet var blitt nasjonaliserast.²⁹¹

Kvinneforeiningane skapte kontaktflate med aktivitetar som handarbeid, undervisning i helse og jordbruk, deling av matoppskrifter og bibelundervisning. I Potosí hadde misjonær Liv Olsen ansvar for ei bibelgruppe for kvinner, som møttes kvar tysdag i 1986. Det blei informert via lysbilete og kassett på spansk og quechua om både diaré og god ernæring.²⁹²

I Cochabamba blei det i 1989 laga dokker og leikar, baka og undervist frå Bibelen og om helse- og kosthald, men «Strikking viser seg likevel å slå best an, og samlar mest folk». Den siste søndagen før jul blei det arrangert eit julesal som fekk inn kr. 850 til misjonen.²⁹³ Årene før kyrkja skulle nasjonaliserast, var misjonærane opptekne av korleis kvinnearbeidet kunne knytast tett til det øvrige kyrkjelydsarbeidet, og slik vera med på det å nå ut til nye. I 1994 var

²⁸⁶ Utsyn, 1992, nr. 5, s. 12

²⁸⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1980, s. 3

²⁸⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat frå konferansen 1995, side 13

²⁸⁹ <https://sites.google.com/site/nlmleksikon/nlm-k>, lasta ned 24.11.2015

²⁹⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport fra kvinnearbeidet i konferansen i 1987

²⁹¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat fra konferansen 1995, side 10

²⁹² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport fra kvinnearbeidet 1987

²⁹³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1990

ei kvinnegruppe i Sucre i stand til å bidra med 100 US dollar til kyrkjelyden.²⁹⁴ Ansvar for kvinnearbeidet var i følge kjeldene i stor grad overlate til «misjonærkonene». Sjølv om eg skal vera svært forsiktig med analysen, så er det mogleg at dei kvinnelege misjonærane kanskje var av dei som arbeida nærast opp til Paul G. Hiebert sin teori om å bygga tette relasjonar gjennom gjentekne møter over tid i eit sosialt fellesskap. Kanskje er deira innsats noko bortgøymt og kanskje underkommunisert i rapportar og referat? Og kanskje var dette ei årsak til at fleire menn enn kvinner deltok aktivt i kyrkjelydane, noko ein får inntrykk av.

4.2.5 Relasjon misjonær og nasjonal

Misjonærer fekk tette band til nasjonale. Nokre einslege misjonærer, og born av misjonærer, valte å gifta seg med bolivianarar. Adopsjon av born skjedde, og nokre opplevde også å finna småborn etterlatt på tappa si. Mange nasjonale fekk livet endra på grunn av møte med misjonærane, og møta bidrog til å løfta fram einskildmenneske både sosialt og økonomisk. Det var nok også forventa at «dei rike» utlendingane skapte arbeid for til dømes hushjelper.

Økonomi kunne vera ei utfordring både for misjonen og einskildmisjonærer. «Bolivianerne er vant til å få støtte fra andre organisasjoners arbeid, problemet er at vi ikke er alene her og våre folk vil lett kunne føle seg urettferdig behandlet viss de ikke får støtte», uttalte ein misjonær. Ein tradisjon i Bolivia som utfordra misjonærane som privatpersonar var «padrinos»-ordninga som alt så vidt er nemnt, ei fadderordning som lett kunne føra med seg forventning om nokså store økonomiske forpliktingar. Ein misjonær sa det rett ut: «Vi blir utnyttet økonomisk».²⁹⁵ Misjonærflokken var seg bevisst utfordringane, men teori og praksis var ikkje ein lett sak.

Dei tette banda som synes å vera til stades, blei også trekt fram av eit evalueringsteam, sendt ut på feltet på oppdrag for hovudstyret i 1988. Sjølv om dei meir spesifikt såg på misjonærrolla, så hang privatliv og teneste saman, på godt og vondt. Det var Asbjørn Kvalbein, Olav Sæverås og Berge Toppe som utgjorde teamet som på nokre korte veker besøkte Bolivia.

Evalueringsteamet tok opp fleire viktige ting som også er nemnt nokre andre stadar i oppgåva. Eit hovudspørsmål som kom fram når evalueringsteamet møtte dei nasjonale, var kva rolle misjonærane sette seg sjølv i. I fleire kyrkjelydar blei det hevda at «krisene» i kyrkjelydane ofte hang saman med byte av misjonærer. Nokre opplevde at misjonærane praktiserte kyrkjektukt ulikt, noko som indikerte at mange misjonærer var tett på det indre liv i kyrkjelydane.

²⁹⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat frå konferansen 1995, side 10

²⁹⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen i 1987, sak 5

Teamet trekte fram fire roller for misjonærar: Evangelist, forstandar, lærar og organisator. For å kunna gjera ein best mogleg innsats, meinte teamet at misjonærane først og fremst måtte gå inn i rollene som lærar og organisator. Nasjonale evangelistar, som kjente språk og kultur, ville truleg nå lengre enn misjonærane, og kyrkjelydane burde bli meir prega av nasjonale.²⁹⁶

Evalueringsrapporten og misjonærrolla blei grundig diskutert ved misjonærkonferansen i 1989. Avsnitta nedanfor refererer seg til referatet frå konferansen.²⁹⁷ Misjonærane var einige i prinsippet, om så snart som mogleg, å trekka seg tilbake til funksjonar med undervisning og organisering, og at nasjonale burde få sleppa til med meir ansvar tidlegare. Dei var seg bevisst faren ved å bli for sterkt bunden til kyrkjelyden, men samstundes åtvare dei mot isolasjon. Å trekka seg heilt tilbake var ikkje ei ønskt løysing. «Me må heile tida tenkja korleis me kan gjera arbeidet gjennom dei nasjonale», uttalte ein misjonær. Samstundes kom det fram eit viktig punkt som forklarte mangelen på nasjonale medarbeidarar i dei første åra. Misjonærane hadde ikkje ønskt å bruka til dømes pastorar og evangelistar frå reformerte, og opplevd liberale, kyrkjesamfunn. Dette var ei bevisst handling som andre kjelder også stadfestar.

Misjonærane forstod frustrasjonen med mange, og nokre stadar hyppige, misjonærbyter. Nye misjonærar hadde gjerne behov for å gjera ting på sin måte, og overlapping skjedde sjeldan. Det kom fram ei erkjenning av behov for gode planar, slik at det ikkje var «den enkelte misjonær sine idéar» som styrte utvikling. I rapportane til misjonærkonferansane på 1990-talet blei det derfor satt opp både kortsiktige og fleirårige konkrete mål for stasjon.

Ein misjonær refererte til kva dei hadde lært på misjonsskulen, om å bli kjent med folket og setja seg inn i deira kultur. Opplevinga ute i felten var at ein også måtte vera varsam og litt avventande. «Me knyter ofte kontaktar ved hjelp av sosiale goder, men korleis maktar med å følgja opp med evangelisering? Lagar me for store forventningar blant folk til misjonen og misjonæren?» Kanskje var det betre å senda evangelisten ut enn det var å gå sjølv, for å unngå at folk knyta seg til «misjonæren med den fine bilen og den store pengesekken». Diskusjonen om deltaking i «padrinos»-ordningane er også ein del av dette. Eit hjartesukk kom truleg frå ein av vectarane som peikte på manglande oppfølging frå erfarne misjonærar når arbeidet tok til i 1978, for kanskje ville det «vore ei hjelp til å unngå ein del feil me har gjort».

Tidlegare misjonærar eg har snakka med har fortalt at reaksjonane på evalueringsteamet var sterke, dei brukte kort tid, og rapporten blei gjerne ikkje berre sett på som konstruktiv kritikk.

²⁹⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong F-0007, Rapport evaluering av NLMs arbeid i Bolivia 1988

²⁹⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Referat frå konferansen i 1989, (Gruppearbeid)

Eit utsegn som blei referert frå diskusjonen i 1989, og som kanskje fortel at misjonærane ikkje kan ha gjort «alt» galt, stamma frå eit møte med ein nasjonal: «Det er viktig med vennska [*sic!*] mellom misjonær og nasjonale, det skaper mindre avstand og gjer det lettare å vinna nye». Eit anna moment som kom fram i diskusjonen var storleiken på kyrkjelydsarbeidet, for mange av misjonærane i Bolivia opplevde nok, at det å bli samanlikna med til dømes misjonsarbeidet i Etiopia, var vanskeleg. «Det er forskjell på ei kyrkje som har tusen medlemmer og ei som har ei handfull».²⁹⁸ Arbeidet kan ha blitt opplevd sårbart frå innsida.

4.2.6 *Liv og lære - kyrkjetukt*

Kyrkjetukt hadde i følge professor Arne Redse ein markert plass i NLM sitt misjonsarbeid i Kina før 1948, jamfør eit reglement for kyrkjelydsarbeidet.²⁹⁹ Misjonærane i Bolivia bygde derfor på nedfelt praksis, og 1982 blei kyrkjetukt drøfta. Kyrkjemedlemar som hadde gjort noko klanderverdig som kravde reaksjon, burde «utestengjast frå nattverdsamfunnet til dei viser sann anger og bot, og så koma med eit vitnemål når dei blir inntekne att.»³⁰⁰

I 1984 var det fem medlemer som i løpet av året hadde vore underlagt kyrkjetukt i Potosí. Fire grunna hor, og ein grunna økonomisk misleghald.³⁰¹ Økonomi skapte utfordringar i misjonsarbeidet, og fleire nasjonale medarbeidarar blei freista til underslag. Fleire saker er nemnt med namn i referata, noko som i ettertid bør kritiseras. Misjonærar som av ein eller annan grunn fekk vanskar, blei skjerma og ikkje offentleg audmjuka i rapportar. Dokumenta var forfatta av og til nordmenn, men alle personalsaker burde blitt handsama likt. Saken frå Potosí om hor i 1984 fekk ei lukkeleg løysing med eit stort og flott dobbeltbryllaup. Mange levde «papirlaust» og venta med å gifta seg, ein praksis som misjonærane ikkje kunne akseptera. Lise Marie Nilsson møtte problematikken i sitt feltstudie på 1990-talet, og fekk forklart at årsaka handla om kostbar bryllaupsfest og arvereglar som kosta familiane mykje.³⁰²

Utfordringa med gjendåp blei ein stor sak, særleg ute på landsbygda. Mottrekka frå NLM sine misjonærane var kurs om luthersk dåpslære. Dei var lite pragmatisk i møte med medlemar som sleit med ein katolsk barnedåp som dei opplevde var del av ein kultur misjonærane hadde bedt dei omvenda seg frå. Misjonær Kjell Aardal innleia til samtale om tematikken i 1987, og spurte om kyrkjetukt var riktig reaksjon mot hendingar han meinte handla meir om

²⁹⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong F-0007, Rapport evaluering av NLMs arbeid i Bolivia 1988

²⁹⁹ Redse, 2014:41

³⁰⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1982

³⁰¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1985:4

³⁰² Nilsson, 1999

kunnskapsmangel enn bevisst brot med luthersk lære. Svaret som blei protokollert etter samtalen var enkel og grei: Anger og kyrkjebot, eller tap av medlemskap.³⁰³ Misjonærene sitt forsvar av katolsk barnedåp sendte nok ut ein ullen beskjed til medlemmane, og sett i lys av ettertida er spørsmålet frå Aardal interessant. Kva ville skjedd om misjonærene i større grad hadde gått i ein betre form for dialog om kultur, folketru, tradisjonar og kjensler? Saka synte at det ikkje var rom for diskusjon i det ein opplevde som kjernepunkt i luthersk teologi, men moglegheitsrommet var trengt rundt etiske tema og adiafora også. Det blir igjen viktig å trekka fram det lågkyrkjelege miljøet som misjonærene hadde fått si opplæring i, og var utsendt av. Det var forventat at ein ny kristen kultur skulle vokse fram som ei frukt av kristen forkynning. Det bibelske bilete om å vera *i* denne verda, men ikkje *av* denne verda, gjaldt.³⁰⁴

Mange fekk opplæring i den nye trua, men av desse var det nokre gongar få som tok steget fullt ut. I Tinguipaya avslutta 8-10 personar medlemskurs i 1984, men berre ein blei medlem. Dei andre ville venta.³⁰⁵ Kva dei venta på er ikkje alltid oppgjeve, men ved ein liknande situasjon i kyrkjelyden Central Taquiã i Cochabamba, blei det notert at fleire med fullført kurs ville «vente til over en fest» før dei tok ei endeleg avgjer om medlemskap.³⁰⁶ Det var ikkje enkelt å bryta med sosiale og religiøse praksisar. Prisen blei nok for høg for mange. I kva grad trugsmål om kyrkjektukt hindra nokon frå å ta steget, er det ikkje gjort funn på i kjeldene. Dersom ein ser dette ut frå ein norsk kontekst, så verka straffa for å bryta med liv og lære, som nokså hard. Eksemplets makt var viktig, men i ein kultur meir prega av ære og skam enn den norske, så var det kanskje i mange tilfelle lettare å gå vidare til andre enn å koma attende.

4.2.7 Gudstenesteordning og kyrkjeleing

Med organiserte kyrkjelydar meldte behovet seg for faste ordningar og ritual. I 1984 fekk styret beskjed om å utarbeida ritual for dåp, nattverd, medlemsopptak, giftemål, gravferd og konfirmasjon.³⁰⁷ Ved konferansen året etter kunne ein godkjenne utkasta til liturgiar. Nokre meinte ordlyden kunne vore meir forenkla for betre imøtekoma enkelte grupper i folket, og sjølv sagt burde ein ha liturgien både på spansk og quechua.

³⁰³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen 1987, side 33f.

³⁰⁴ Wisløff, 1987:157f

³⁰⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Tinguipaya-området til konferansen i 1984

³⁰⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1992

³⁰⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1984

Liturgien for bruk i hovudmøtet, eller gudstenesta, hadde ti punkt. Fleire ledd var lånt frå *Culto Cristiana*,³⁰⁸ ein liturgi brukt av andre evangeliske kyrkjer. Opningsbøn, tekstlesing, syndsvedkjenning, takkebøn, personlege vitnesbyrd, lovsong og musikkinnslag, trusvedkjenning, nattverd, offer, tunge- og profetisk tale, kyrkjelege handlingar, helsingar og velsigning, høyrte med i denne messa.³⁰⁹ Referatet fortel om ein forenkla liturgi for NLM sitt arbeid, og til dømes tungetal og profetisk tale blei nok bytta ut med forkynning. Nattverdsmøta er nemnt for seg sjølv, slik at dette sakramentet var truleg lagt til eigne samlingar i kyrkjelydane, i solid tradisjon med dei meir radikale delane av norsk lågkyrkjeleg bedehusrørsle.

Professor Arne Redse har avdekka at den første gudstenesteordninga som NLM vedtok, og brukte i Kina frå 1901, var inspirert av Frikyrkja si enkle ordning i Noreg. I førstninga var det ikkje ein gong plass til verken Fadervår, trusvedkjenning eller velsigninga, men etter at NLM gjekk vidare til nye misjonsfelt på 1950-talet fekk ledda plass. Opplegget var ifølge Redse som eit enkelt bedehusmøte med kalvinistiske trekk.³¹⁰ Det same mønsteret er synleg i Bolivia. Ein lånte liturgiske tekstar frå reformerte kyrkjer, men tilpassa det til norsk bedehustradisjon. Bøna *Fader Vår* mangla, men *Padre nuestro* var av mange brukt som eit mantra i folkeleg religiøsitet, noko som kan ha vore problematisk for evangeliske kyrkjer. ICEL nyttar bøna.

Tidlegare misjonær i Bolivia for NLM, Steinar Dimmen, skreiv i 2010 ein artikkel om lågkyrkjeleg praktisk teologi i Sør-Amerika. Han seier at på Bolivia-feltet var misjonærane forsiktige med å utforma fast liturgi og gudstenesteordning. Ein ønskte ikkje å slå fast ein tydeleg pastoral praksis, men argumenterte for at det var ei oppgåve for dei nasjonale for å sikra ein best mogleg kontekstualisering. Han meinte NLM sitt viktigaste bidrag både før og no var å medverka til «ein praksis som fremjar eit levande kristenliv der nådegåvene får ein naturleg og legitim plass».³¹¹ Dette innlegget stadfestar nok eit inntrykk av at det ikkje blei praktisert ei fast gudstenesteordning, sjølv om misjonærkonferansen i 1985 gjorde sitt vedtak.

Med ein del justeringar kopierte NLM også Frikyrkja sine tankar om tenester i kyrkjelydar for misjonsarbeidet i Kina. Hyrde- og læreembete var reservert for menn. Vidare snakka ein om ein eldstefunksjon med både eit hyrde-/læreansvar og styreansvar. Teneste som diakon og evangelist høyrte, ifølge Redse, også med.³¹² Dette var også hovudtrekka som kom til uttrykk når misjonærkonferansen utvikla den praktiske organiseringa for kyrkjelydane i Bolivia.

³⁰⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen i 1985, side 18

³⁰⁹ http://www.aunasolavoz.com/Midea/Downloads_files/varela%20Cap1.pdf, side 78, lasta ned 25.11.2015

³¹⁰ Redse 2014

³¹¹ Dimmen, 2010

³¹² Redse 2014

I Tinguipaya distrikt, som blei oppretta i 1985, blei det kjapt danna eit regionalt eldsteråd. Kyrkjelyden i Sucre hadde eit diakoniråd, og i byane Cochabamba og Potosí opererte med styrer. Det viste seg å vera på tide med ei samkøying. Misjonærkonferansen i 1986 drøfta organisasjonsstrukturane, og vedtok at titlane *eldste* og *eldsteråd* burde henga høgt. Det var ikkje ønskeleg at misjonærane skulle ha rett til å peika ut folk i desse tenestene, men at ein tolmodig burde venta til dei nasjonale var klar for å gjera sine val. Medan ein venta på å setja desse funksjonane i gong, burde det veljast eller utpeikast midlertidige styrer.³¹³

Tek ein Cochabamba stasjon som eit døme, så konsentrerte dei seg utover 1990-talet om det bynære arbeidet som var i vekst, i tillegg til kyrkjelydsarbeidet i og rundt Ayamaya. Ein ser at kyrkjelydane blei organisert med valte styrer og eldsteråd, faste møter, foreiningar, lagsarbeid og nokre stadar også diakonale tiltak. Organiseringa av leiarskapen i kyrkjelydane vaks likevel fram på ulike måtar. I ein tradisjonell landsby som Ayamaya skulle det visa seg at eldre og erfarne leiarar lettare fekk med seg folket.³¹⁴ I kyrkja *San Jose de la Banda* blei eit kyrkjestyre valt alt det første driftsåret.³¹⁵ Frå hovudkyrkja veit ein at mange unge satt i styret.

Organiseringa av kyrkjelydane var tydeleg prega av to spor, norsk organisasjonsstruktur med demokratiske val, og idealet om det allmenne prestedømme. Hovudstyremedlem Kåre Sanna besøkte feltet i 1992. I ein strategidebatt uttalte han stor glede over at det låg til rette «for et lekmansarbeid, [*sic!*] ikke et pastorvelde» på feltet. Likevel var det nokre misjonærer som meinte at det var meir «aktuelt med pastor her enn i bedehusnorge [*sic!*]». Utan hyrdar ville ikkje kyrkjelydane fungera.³¹⁶ Tre år tidlegare skreiv stasjonsstyrar i Cochabamba at det ville vera naturleg med ein nasjonal pastor i kyrkjelyden Complejo Fabril frå 1990-91, for å frigjera misjonærane frå ansvar.³¹⁷ Behovet for nasjonale medarbeidarar var alle samde om, men kva tittel ein skulle bruka på dei var vanskeleg. Forstandarar ønskte misjonærane ikkje å tilsetja, då dei meinte at denne tenesta burde ei nasjonal kyrkje få drøfta og ta seg av seinare.

Misjonærane hadde frå starten gjort seg nytte av medarbeidarar som blei kalla evangelistar. Dei var definert som misjonæren sin forlengta arm i arbeidet, og belasta ikkje kyrkjelydane økonomisk. Misjonærane var redd for at tilsetjing direkte inn i kyrkjelydane, ville medføre kostnader ei nasjonal kyrkje seinare ikkje kunne finansiera. Men, for medlemane i kyrkjene var nok skilnadene mellom ein evangelist og ein pastor nokså uklare. Ved nokre høve gjekk

³¹³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat etter konferansen

³¹⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1991

³¹⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1992

³¹⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Referat frå konferansen 1992:23

³¹⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1990

misjonærane til oppseiing av evangelistar som tok seg til rette og søkte makt. I referatet frå misjonærkonferansen i 1987 får vi innblikk i denne utfordringa. Dersom ein evangelist arbeida for lenge i ein kyrkjelyd, kunne dei lett oppnå pastorstatus frå kyrkja sine medlemar. Misjonærane sitt mål var å engasjera flest mogleg til frivillig innsats for kyrkjelyden, ikkje opna opp for løna kyrkjeleiarar. Evangelistane burde helst arbeida på eit regionalt nivå.³¹⁸

Diskusjonen om tittelen *evangelist*, blei langvarig. Misjonærar fortalte i 1989 om ulike praksis på feltet. Ein medarbeidar i Cochabamba kalla seg *pastor*, ein annan *evangelist*, medan ein i Sucre kalla seg *obrero*, som fritt oversett betyr *arbeidaren*. To andre medarbeidarar kalla seg seinare for *obrero de Jesus* og *obrero de Dios*. Alle såg behovet for ei tydeleg avklaring, men dei var ikkje samde om at misjonen skulle nytta tittelen *pastorar*. Eit kompromiss medførte ei prøveordning for to år med tittelen *co-pastor*, på norsk vil det bli ein *hjelpепastor*.³¹⁹

Mange misjonærane synte truskap til eigen organisasjonsbakgrunn i desse drøftingane. Ein kan spørja om enkelte verkeleg ønskte å bygga kyrkjelydar, eller om dei heller ville bygga eit fellesskap av frie forsamlingar med norsk frivillig foreiningsstruktur som ideal. Eit ledd for heile landet blei først drøfta like før nasjonaliseringa, og blei eit styre med integrert lære- og hyrdeansvar, nokså likt hovudstyret i NLM. Det regionale leddet, med reisande evangelistar, var tidleg skissert. Det blei gradvis utvikla på 1990-talet som distrikt med egne distriktsstyrer og distriktskoordinator, ikkje ulikt norske krinsstyrer og krinssekretær. Kyrkjelydane hadde mykje til felles med norske bedehus, og foreiningar med egne styre var organisert for dei ulike gruppene i kyrkjelyden. Ein misjonær ville også omsetja tittelen *forkynner* til spansk.³²⁰

Steinar Dimmen skreiv at ein ville bygga eit lågkyrkjeleg arbeid.³²¹ Spørsmålet er om det var gode nasjonale rollemodellar for eit slikt prosjekt? Det kan sjå ut som om det innan jordbruk og helse var strukturar, særleg på landsbygda, som kunne gi inspirasjon. Andre evangeliske kyrkjer hadde ei sterk pastorrolle, så det var ikkje berre godt jordsmonn for ein lågkyrkjeleg teologi med tenesteordningar bygd på nådegåveprinsippet og det allmenne prestedømme. Dei nemnte prinsippa handlar i grove trekk om frivillig medarbeidarskap, utøving av oppgåver der alle kan gå inn og gjera ein innsats ut frå dei eigenskapane ein måtte ha å bidra med.

Det er ein annan årsak som også kan ha hindra det ønskede frivillige engasjementet, sjølv om det nokre stadar såg ut til å fungera, og det handlar om økonomi. Kyrkjemedlemene kjente

³¹⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen 1987

³¹⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Referat frå konferansen 1989

³²⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Referat frå konferansen 1989

³²¹ Dimmen, 2010

godt til at misjonærane forvalta, i deira nasjonale auge, betydelege pengesummar. At økonomi kunne spela ei rolle, ser ein i stasjonsrapporten frå Cochabamba til konferansen i 1992. Ordninga med stipendiatar blir gjort greie for i neste underkapittel, men kort sagt handla det om medlemar som blei teke ut for opplæring mot å få eit stipend tilsvarende i halv stilling. Stipendiatane praktiserte i både åndelege og praktiske tenester i kyrkjelydane. «La dei som får betalt gjera arbeidet», var ein vanskelege tanke misjonærane møtte. Det var ikkje i tråd med det misjonærane hadde meint med stipendiatorordninga, og dei vurderte å ta nokre år utan stipendiatar for å bryta desse haldningane. Endå meir skremmande var det, at mange av dei tidlegare stipendiatane trekte seg ut av arbeidet når året med stipend var over.³²² Åtvaringa frå WMPL sine gamle misjonærer å halda strengt på sjølvunderhaldsprinsippet bygde på erfaring.

4.2.8 Leiaropplæring på fleire nivå

Solid opplæring i luthersk lære var viktig for misjonærane, og alt frå lokale medlemskurs til teologisk utdanning blei tidleg planlagt. WMPL hadde gode erfaringar med «extencion»-kurs, kursrekker som blei tilbydd lokalt, men dei ønskte å samarbeida med NLM om ein bibelskule. Misjonærane meinte initiativet fekk kome frå WMPL, «sidan det var dei som inviterte oss til Bolivia»,³²³ men eit felles møte i januar 1980 avklarte at eit samarbeid låg langt fram i tid. Egil Grandhagen besøkte feltet i 1980, og meinte desentraliserte bibelskular var best, og at lokale leiarar burde skulerast der dei var.³²⁴ NLM hadde ein observatør med i ei gruppe som planla eit teologisk seminar i La Paz,³²⁵ men i 1982 stod planane i stampe, og konflikt mellom WMPL og nasjonale kyrkjer var mykje av årsaka. Misjonærane til NLM ville ikkje koma nær denne konflikten, så i 1983 vedtok dei «å prioritere bibelskule på innkjøpt tomt i Sucre.»³²⁶ Misjonærane meinte det kyrkjebyggjande arbeidet var kome så langt at behovet for bibelskule var stort nok. Skulen fekk i 1987 sitt offisielle namn, CLET, Centro Luterana de Educacion Teologica. Oversett til norsk blir det «senter for luthersk teologisk utdanning», og valet av namn blei gjort for å vera i samsvar med liknande institusjonar i Peru og Ecuador.³²⁷ Det var planar om lengre kurs, og det blei lagt opp ein kursplan med to nivå. Det lågaste nivået var for alle, medan nivå 2 var for vidarekomande som kunne vera aktuelle til dømes som evangelist.

³²² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1993

³²³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1978, sak 11

³²⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1980, sak 9

³²⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1982

³²⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1983

³²⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen 1987

Undervisninga ved CLET skjedde i to periodar kvart år, og skulen blei ein viktig møteplass for kultur møter mellom nordmenn og bolivianarar, men også mellom ulike folkegrupper i Bolivia. Misjonærane var klar over at elevane kom frå fleire ulike kulturelle grupper, og at dette gav utfordringar i undervisninga. Ein var redd at for stort fokus på skilnadene kunne gjera skade for ei framtidig nasjonal kyrkje.³²⁸ Etter ei undersøking mellom både misjonærar og nasjonale i 1989, konkluderte ei arbeidsgruppe at CLET «bør likevel vera varsame med reine quechua- eller spansk-kurs, då dette av ein skilde vert oppfatta rasediskriminerande».³²⁹ Det tyder at kultur møta mellom nasjonale kunne utfordra meir enn møta med misjonærane.

Ein misjonær beskreiv kultur møta mellom dei nasjonale på CLET slik i 1998: «For mange er møte med CLET eit skikkelig kultursjokk. Universitetsungdommar med moteklær møter dei enklaste campofolka. (...) Med ei nasjonal kyrkje som spenner over dei kulturar og språk med [sic!] har, stiller krav og CLET kan være smeltedigelen». I etableringsåret for den nasjonale kyrkja i 1997, var det 150 elevar innom kursa på bibelskulen.³³⁰

NLM gjekk bort frå planane om felles seminar i La Paz, men la planar for eit seminar saman med NLM i Peru. Den norske Santalmisjon i Ecuador, og WMPL, var med i planane, men gjekk ikkje inn på eigarsida. Konstitusjon bygde på erfaring frå Japan og Etiopia, og fekk namnet SETELA, og blei plassert i Arequipa, Peru. Engasjementet rundt retningslinjene for undervisninga ved seminaret var stort. For mange var «det allmenne prestedøme» viktig, og formuleringar om bibelsyn og vitskapleg metode førte til mange spørsmål. Dei ønskte truleg å fundamentera eit konservativt luthersk bibelsyn i ein verdsdel prega av frigjeringsteologi og utbreidd karismatikk. Kvinneleg teneste skapte bølger i misjonærflokken.³³¹ Sjå kapittel 5.

I 1993 blei vedtaket om plassering av SETELA gjort, sjølv om misjonærane i Peru og Bolivia var ikkje einige. Styret for SETELA ville ha Arequipa, Peru ville ha Juliaca, medan Bolivia føretrakk Sucre.³³² SETELA tok i 1994 til med sitt første kull i Arequipa. At seminaret i fleire år likevel blei lokalisert til CLET i Sucre, fell utanom tidsepoken til denne oppgåva, men seminaret returnerte til Arequipa, og har i dag eit nytt og tenleg utdanningsanlegg.³³³

Det teoritiske rammeverket til bibelskulen CLET, og seminaret SETELA, blei først og fremst forma etter dei behova misjonærane meinte det var naudsynt å stetta. Det var framleis tidleg i

³²⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen 1986, side 7-9

³²⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Sakspapir til konferansen 1990, side 84

³³⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0006, Referat frå konferansen 1998, Rapport frå CLET

³³¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Referat frå misjonærkonferansen 1989, sak 6c

³³² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat frå misjonærkonferansen 1993, sak 5b

³³³ <http://www.setela.net/>, lasta ned 27.11.2015

misjonsarbeidet, så det var ikkje mange nasjonale frå eigne samanhengar å spørja til råds. Skepsis til opplevd liberale leiarar i andre evangeliske kyrkjer medverka til ei sjølvstendig linje. Ei praktisk utfordring var utarbeiding av høveleg litteratur og kursopplegg. Noko blei henta frå andre kyrkjer, noko frå andre misjonsfelt i NLM, og nokre norske bøker blei satt over til spansk og quechua. Hånes utarbeida tidleg eit kurs til Luthers vesle katekisme.³³⁴ NLM i Peru kom tidleg med professor Carl Fredrik Wisløff si populære truslære bok *Jeg vet på hvem jeg tror* og Bolivia med *Jeg tror* av Gudmund Vinskei, begge brukt i begge land.³³⁵ Evalueringsteamet frå 1988 ønskte ein raskare prosess med nasjonal overtaking av ansvar i kyrkjelydane, og kom med framlegg om ei stipendordning. Kristne leiare blei plukka ut og gjeve eit stipend mot å bruka eit halvt årsverk til å studera og delta i kyrkjelydsarbeidet. Ordninga blei grundig evaluert i 1991, og rapporten gav eit innblikk i korleis stipendiatane blei følgd opp. Stasjonsstyrarane hadde ansvaret for stipendiatane, og skulle sørge for at dei fekk undervisning, og blei følgd opp med sitt sjølvstudium. I Ayamaya fekk stipendiaten eit kultur møte med norsk lågkyrkjeleg teologi, då pensum var Wisløff og Vinskei. Det står lite om korleis teorien blei opplevd av stipendiaten i Ayamaya, men for stipendiatane i Nordre Postosí og Tinguipaya blei teorien i vanskelegaste laget. Dei kulturelle og sosiale skilnadene gjorde at misjonærane måtte tilpassa opplæring. Medan byane i stor grad la vekt på teoretisk kunnskap, så var det betre å tenkja på det praktiske ute på landsbygda. CLET opplevde integreringa av stipendiatane i bibelskulekurs som vellykka,³³⁶ og målet var at dei som fekk stipend skulle delta frivillig i kyrkjelydsarbeidet også etter at stipendiattida var ut.³³⁷

Stipendiatordninga representerer nokre av dei meir strukturerte og langvarige kultur møta mellom nasjonal og misjonær. Misjonærane hadde også undervisning med andre nasjonale medarbeidarane i det evangeliske arbeidet, og var i ei tydeleg rettleiarrolle. Som døme blei det i 1992 gjennomført undervisning med stipendiatar, evangelistar og bibelkvinner, kvar veke i Cochabamba. Søndagsskulelærarane fekk undervisning ein gong i månaden.³³⁸ Mange av dei kvinnelege misjonærane deltok aktivt i opplæringa.

³³⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Sakspapir til konferansen 1982, vedlegg 7

³³⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Sakspapir til konferansen 1987, «Juliaca-dokumentet»

³³⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Sakspapir til konferansen 1991, side 40ff

³³⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Referat frå konferansen 1991:13

³³⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen i 1993

4.3 Landsbygdarbeid med Bibel og bistand

Signalet frå hovudstyret heime i Noreg til misjonærane i Bolivia var å bygga med lett strategi, og ikkje satsa på tradisjonelle misjonsstasjonar etter mønster frå til dømes Kina og Etiopia. Denne strategien blei følgt i byane, men i landsbyane Acacio og Tinguipaya blei det naudsynt å bygga, både bustadhus til misjonærane og praktiske hus for misjons- og bistandsarbeidet. Husvære med høveleg standard på landsbygda var ikkje mogleg å oppdriva. Konferansen i 1980 handsama ein rapport som konkluderte med at bygging var best, men ønskte å halda ein nøktern stil med mest mogleg bruk av lokal byggeskikk. Målet var å ikkje skilja seg for mykje ut. Redsla for «at arbeidet vert for lite «mobilt» dersom misjonen kjøper tomt, byggjer hus..» var nøye vurdert, men det var ingen veg utanom. Nøkterne og høvelege hus, blei løysinga.³³⁹

Fjellområda i Nordre Potosí var med i vurderingane for misjon og bistand alt frå 1978, og fleire peikte på området som lite nådd med evangelisk misjon. Misjonærane meinte å ha fått stadfesta dette på undersøkingsturar i området.³⁴⁰ Fly måtte til då den svært utilgjengelege landsbyen Arampampa blei besøkt i 1978, og ein artikkel i *Utsyn* blei avslutta med: «Folk bur spreidt [*sic*] og fjella er ville og vanskeleg å forsere, men Jesus kalla oss også til desse staute fjellfolka».³⁴¹ Den 25. mars 1979 kom misjonærane for første gong til landsbyen Acacio,³⁴² som peikte seg ut for oppbygging av misjonsstasjonen og det planlagde helseprosjektet.³⁴³

I 1980 blei Acacio valt som plassering for klinikken som skulle dekkja Bilboa distrikt i Nordre Potosí med helsetenester. I 1981 blei avtalen med helsestyresmaktene underteikna.³⁴⁴ Elva Rio Caine skilte Nordre Potosí frå Cochabamba fylke, og hindra mellom anna trygt vegsamband. Misjonærane var kjent med planar om bru og betre vegar,³⁴⁵ så i ei orientering frå 1980 blei det konkludert: «Ser ein framover, skulle ein tru at N.Potosí [*sic*] har framtida for seg, ikkje minst p.g.a. betre kommunikasjonar [*sic*] i framtida. Ei misjonsverksemd som nemt [*sic*] i dette oversynet, skulle dessutan i høgste grad gi folket ei framtid, både åndeleg og lekamleg».³⁴⁶ Dette viser at misjonærane også såg det som ei oppgåve å påverka generelle samfunnsforhold, til dømes ved å fremma utvikling av infrastruktur i området. Likevel var det helsearbeidet som skulle fungera i rolla som «plogspiss» for det evangeliske misjonsarbeidet i området.

³³⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Orientering om Nordre Potosí til konferansen i 1980

³⁴⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport om arbeidet til konferansen 1979 (des. 1978)

³⁴¹ *Utsyn*, 1978, nr. 38/39, s. 7

³⁴² *Utsyn*, 2000, nr. 11/12, s. 13

³⁴³ *Utsyn*, 1979, nr. 34, s. 3

³⁴⁴ *Utsyn*, 2000, nr. 11/12, s. 13

³⁴⁵ *Utsyn*, 1980, nr. 23, s. 8

³⁴⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Orientering om Nordre Potosí til konferansen i 1980

NLM håpte på stønad frå NORAD til helsesatsinga i Acacio, men utsiktene var dårlege. Hovudstyret vedtok i 1981 at dei var «innstilt på å starta opp selv om støtten uteblir.»³⁴⁷ Gunvor og Kjell Aardal flytta til Acacio 1. juli 1981, og budde i leigd bustad den første tida. Hanna Elverum kom nokre månader seinare, og tok straks til med eit enkelt helsearbeid.³⁴⁸ Veggen fram til etablering av misjonsstasjonen i Tinguipaya følgde heilt andre spor. Misjonærane i Potosí fekk kontakt med landsbyen i 1979. Fleire bygder blei besøkt, og i 1980 uttalte tillitsmann Helge Hånes at «utsiktene der er lyse».³⁴⁹ Nokre bygder møtte misjonen med openheit, andre med trugsmål, så «her må ein trø varsamt.»³⁵⁰ Sjølv om Hånes såg lyse utsikter, så var ikkje misjonærane samstemte når misjonærkonferansen i 1983 gjekk inn for å skilja ut ein ny landsbygdstasjon. For å få etablert sjølvstasjon så lågt som mogleg, valde feltstyret Tinguipaya som ligg nedst i ein dal.³⁵¹ Frå 1985 var arbeidet ved den nye stasjonen i gong. Det blei rapportert om 13 nye medlemar, tre frå landsbyen og 10 frå bygdene rundt. Med dei ein hadde frå før, var det no registert 25 medlemar i ved den nye stasjonen.³⁵² Det var den tidlegare nemnte tørka i 1983 som aktualiserte eit integrert arbeid i Tinguipaya. Ideen var at evangelisk arbeid skulle gå hand i hand med bistand innan jordbruk og helse. Lokale styresmakter viste interesse, og misjonærkonferansen vedtok i 1986 eit program for eit integrert helse-, jordbruks- og evangeliseringsarbeid. Søknad blei sendt til NORAD som godkjente den, men før misjonen fekk støtte måtte detaljert planar for helsedelen presenterast. Dette drog ut, men prosjektet tok til med misjonærar i alle arbeidsgreinene frå 1988. Avtalen med jordbruksstyresmaktene blei signert 9. januar 1987, og helseavtalen den 5. mars 1989.³⁵³ I dette delkapittelet er innsatsen innan det evangeliske arbeidet på landsbygda hovudtema. Først blir oppbygginga av arbeidet ved kvar av dei to stasjonane trekt fram, før tankane om bistan SARBEIDET, som ein «plogspiss» for det evangeliske arbeidet, blir trekt fram og drøfta. Bistan SARBEIDET gjorde at ein ved desse stasjonane hadde fleire nasjonale medarbeidarar, og utfordringane med løn og arbeidsrettar skapte utfordringar. «Kristianisering» blei brukt for å gi namn til eit stort arbeid med å omforma lokale kulturuttrykk til ny bruk i kyrkjelydane. Misjonær Kjell Aardal var ein viktig aktør i det kulturbyggande arbeidet. På landsbygda var forfølging av evangelisk kristne reelt, men og indre uro og vekkingar følgde misjonsarbeidet.

³⁴⁷ Utsyn, 1981, nr. 2, s. 4

³⁴⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1982

³⁴⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå tilsynsmannen til konferansen 1980

³⁵⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Potosí stasjon til konferansen 1981

³⁵¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1983

³⁵² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Tinguipaya til konferansen i 1986

³⁵³ NLM-Arkivet, NLMs hovedkontor, kartong Bbb-0047, Rapport Eigil Sannas reise til Bolivia i 1989

4.3.1 *Frelse, helse og litt dynamitt i Nordre Potosí*

Tidlegare er det nemnt at NLM har røter tilbake i rørsla etter Hans Nielsen Hauge, ein kjent forkynnar med utprega praktisk sans, og innovativ vilje for samfunnsbygginga.³⁵⁴ Om ein av denne rørsla sine tidlege leiarar, John Haugvaldstad, er det skrive: «I høy grad lyktes det for han å vise at det går an «at være virksom på Jorden dog have sit Sind vendt til Himmelen»».³⁵⁵ Fleire misjonærar viste innovative emne, men få overgår Kjell Aardal som brubyggjar mellom norsk lågkyrkjeleg tradisjon, lokalt kultur- og samfunnsliv. Han brukte sine praktiske emne. Før Aardal kunne konsentrera seg for fullt om det evangeliske arbeidet, gjekk mykje tid med til praktiske oppgåva som byggeleiar for bustadhus og helseklinikk i Acacio.³⁵⁶ Sjukepleiar-misjonærarane, Hanna Elverum og Margit Langhelle, fekk det ærefulle oppdraget med å leggja ned grunnsteinen til klinikken rundt årsskifte 1981/82.³⁵⁷ Den 25. mars 1984, på dagen 5 år etter at dei første misjonærarane besøkte Acacio, blei klinikkbygget vigsla i eit yrande folkeliv med 2000 frammøtte. Flagg, folkedrakter, musikk, prosesjonar, blomsterblad og helsingstalar. Interesse for helsearbeidet hadde vakse, både i landsbyen og ute på landsbygda i byggetida.³⁵⁸ Bygginga skapte arbeid, og innan område som drikkevatn, kloakk og straum, blei misjonen ei kraft til modernisering i landsbyen. I det geografisk sett avsidesliggende området, bidrog misjonen med fleire mindre prosjekt. Den 26. mars 1985 var ei 750 meter lang flystripe klar til bruk på ein fjellrygg i bygda Piriquina, sør for Acacio. Den svenske flymisjonæren, Eugen Arvidsson, gjennomførte mange flyvingar til fjellryggen som låg 3520 meter over havet. Planeringa av flystripa tok ei veker tid, og lokale bønder brukte berre tre veker på å bygga 4-5 kilometer med veg oppover fjellsida, med hakke og spade, og ris som betaling frå misjonen.³⁵⁹ Flystripa letta reisene for misjonærar og pasientar, men var og med på å skapa auka kontakt med lokalbefolkninga.³⁶⁰ Kjell Aardal nytta seg av tradisjonar i lokalsamfunnet når bøndene blei utfordra som arbeidskraft. Det bolivianske samfunnet var i endring, men tradisjonen med å utføra fellesarbeid på dugnad har truleg framleis levd i Nordre Potosí.³⁶¹ Veggen opp fjellsida

³⁵⁴ https://snl.no/Hans_Nielsen_Hauge/norsk_legpredikant

³⁵⁵ Uglem, 1979:48

³⁵⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1982

³⁵⁷ Utsyn, 1982, nr. 31, s. 1

³⁵⁸ Utsyn, 1984, nr. 19, s. 6-7+11

³⁵⁹ Utsyn 1986, nr. 11, s. 5-6 og NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002 N. Potosí til konf. 1986

³⁶⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen i 1986, sak 3A

³⁶¹ Nilsson, 1999:42f

til flystripa, gjorde det også lettare å bruka bil innover til fleire bygdelag i fjellheimen.³⁶² I 1988 blei det derfor kjøpt dynamitt for å gjera ferdig vegen mellom Piriquina og Churitaca.³⁶³

Aardal skreiv i rapportar om «god kontakt», noko eg oppfattar ei opplevd auka interesse for evangelisk kristendom. Prosjekta gav misjonsarbeidet praktisk hjelp, men samstundes var dei «plogspissar» for evangeliet. Lokalbefolkninga kom i kontakt med misjonærane, og relasjonar blei skapt. Seinare kan ein sjå at interessa for bodskapen misjonærane forkynte, truleg kjølna noko. I bygda Piriquina kan nedlegginga av flyplassen, då bru og veg over Rio Caine stod ferdig, verka negativt inn på interessa. Nokre misjonærar var og redd for at ein var i ferd med å bygga opp tilbod og vanar som det seinare ikkje ville vera grunnlag for å halda oppe.³⁶⁴

Familiestrukturane i området, blei vurdert som svært patriarkalske, og som ført nemnt hadde Aardal stilt spørsmål om kristent barnarbeid var eigna arbeidsform.³⁶⁵ Men, i 1981 var det starta både kvinne- og jentegruppe, søndagsskule og søndagsmøter. Mellom 20-30 unge møttes fredagar til ludo og andakt. Mange viste interesse, men ingen gav til kjenne ønske om å skriftna tru. Tre familiar i landsbyen ønskte å døypa borna sine, men «dette skyldes at den katolske presten [var] restriktiv med døping», skreiv stasjonsstyraren som ei forklaring.³⁶⁶

I åra som følgde kom det meir oppløftande meldingar frå misjonsstasjonen, og året 1985 blei summert opp med at «noko fall i god jord». Relasjonsbygginga byrja kanskje å gi avkastning. Kvinnegruppa samla kvar laurdag rundt 50 kvinner frå landsbyen og bygdene omkring. Nokre gjekk 1-2 timar til fots for å delta.³⁶⁷ Ved utløpet av 1985 blei det meldt om totalt 15 medlemmar i det store området stasjonen dekkja. Chakateani, Piriquina, Churitaka, Torakari og Kisivilki er bygder som er nemnt. I Torakari blei fem medlemmar tatt opp etter eit medlemskurs, pluss seks frå Kisivilki,³⁶⁸ men misjonsarbeidet i sjølve Acacio gjekk treigt. Det var nokre som gav til kjenne at dei ville bli med, men først den 13. april 1986 kunne eit festpynta kyrkjerom ta imot dei fem første medlemmane. Tre andre var tidlegare tatt opp på eit regionalt stemne i påska, så kjernen i landsbykyrkjelyden var no kome opp i åtte. Etter det nemnte påkestemnet blei også kontakten med dalføret rundt Churitaka styrka, og åtte medlemmar derifrå blei tatt opp i 1986.³⁶⁹

³⁶² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1984

³⁶³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1989

³⁶⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen i 1986, sak 3A

³⁶⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Orientering om Nordre Potosí til konferansen i 1980

³⁶⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1984

³⁶⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1986

³⁶⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1986

³⁶⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1987

Seinare på 1980-talet auka talet på kyrkjelydar og preikeplassar. Naboprovinser, Charcas, blei innlemma i ansvarsområdet for klinikk- og helsearbeidet, men det evangeliske arbeidet hadde alt funne vegen dit. Forsøk med å velja styre og eldsteråd for heile distriktet blei først ingen suksess, men i 1988 blei det for første gong valt eit lokalstyre for kyrkjelyden i Acacio. Det var vanskeleg å samla styret, men fleire tok ansvar for møta.³⁷⁰ Mennene i styret tok etter kvart på seg oppgåva med å forretta nattverden. Eit nytt forsøk på å få stabla eit regionalt styre på beina, lukkast noko betre, med vanskane med å få samla styret til møter var ei stor utfordring. Små kyrkjelydar var no også etablert i Churitaca, Piriquina og Jarcamani/Calani.³⁷¹ I 1989 blei det satsa friskt på bibel- og leiaropplæring. Oppmøtet til kursa var tåleleg bra i starten, men gjekk etter kvart nedover. Misjonær Atle Ølstørn lette etter årsaker. Han blei noko overraska då det viste seg ikkje å vera likesæle, men praktiske forhold, som hindra aktiv deltaking. Arbeidet på dei små gardsbruka tok mykje tid, så å setja av tid til opplæring og deltaking i vitneteneste var vanskelegare enn misjonæranane hadde tenkt. Stipendiatordninga blei ein måte å møte dilemmaet på, men det var heller ikkje berre ønskeleg å flytta folk bort frå gardsdrifta. I 1990 blei det plukka ut heile seks stipendiatar til landsbygdarbeidet og kvinnearbeidet.³⁷²

NLM var ikkje åleine i kampen om sjelene i Nordre Potosí. I landsbyen var den katolske kyrkja ein maktfaktor, og i 1991 blei det meldt at katolikkane hadde hatt markant framgang. Det kunne vera ei av årsakene til stillstand og forsiktig stagnasjon for den lutherske kyrkja. Ute på landsbygda møtte ein utfordringar frå ulike pinsekarismatiske kyrkjer. I kyrkjelyden til bygdene Jarcamani og Calani opplevde misjonæranane strid mellom pinseverner og lutherske, for pinsevernerne meinte «at det ikkje [var] liv i vår kirke», skreiv styraren i årsrapporten.³⁷³

Bygging av kyrkjebygg i Acacio blei eit langvarig prosjekt. I 1992 var mykje av veggane oppe, men det skapte vanskar ingen ville ta på seg å laga dei naudsynte takbjelkane. Fleire braut inngåtte avtalar,³⁷⁴ men misjonæranane var rause som ikkje skreiv om sabotasje. Det er nærliggande å tenka at nokon pressa handverkarane frå å hjelpa dei evangeliske med kyrkja. 1. nyttårsdag i 1994 tok 180 festglade deltakarar del i innviinga av kyrkje. Litt stod att, men møtesalen kunne takast i bruk. Midt i gleda over at kyrkja stod ferdig, skreiv Aardal: «Men kanskje berre ein vekkelse i denne vanskelege landsbyen kan fylla den store kyrkja ! ?».³⁷⁵

³⁷⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1989

³⁷¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1990

³⁷² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1990

³⁷³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1991

³⁷⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1993

³⁷⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1994.

Kulturell og sosial binding til familie, tradisjon og den katolske kyrkja, var slitesterk i Acacio. Ute i bygdene var det også motbakkar. Piriquina fekk sin kyrkjelyd då vegen og flystripa kom, men blei seinare preikestad. I 1993 møtte evangelistane trugsmål om steinkasting når dei kom. I dalstrøka innanfor Piriquina hadde det i fleire år gått trott i Churitaca, men i 1993 blei det meldt om 15-20 omvendte og to nye medlemar. Ved arrangementet *Fiesta Cristiana* i julehelga dette året hadde mellom 40-50 frå fire-fem bygder i området møtt fram og delteke.³⁷⁶

Til misjonærkonferansen i 1995 blei det stilte spørsmål om framtidig strategi, for arbeidet verka å vera i fin framgang fleire stadar, men misjonen sleit framleis nokre stadar tungt med å få kontakt grunna analfabetisme, press frå sambygdingar, arbeidspendling og fråflytting. Med tanke på at arbeidet snart skulle over i ei nasjonal kyrkje, var det viktig å tenka nøye på kvar ein ville satsa og bruka krefter. Klinikken hadde utvida sitt område til å gjelda Arampampa, landsbyen Helge Hånes besøkte med fly i 1978, og håp om ny veg gjorde området interessant. Lite var gjort med tanke på utviding til andre område, enten fordi det alt var evangelisk arbeid på gong, eller at det arbeidet som alt var sett i gong ikkje skulle bli «gjort med harelabb».³⁷⁷

4.3.2 Integrert satsing i Tinguipaya

I tørkeåret 1983 hadde misjonærene besøkt omlag 10 bygder i området, i tillegg til landsbyen Tinguipaya.³⁷⁸ Avgjerda om å skilja ut dette området blei handsama av misjonærkonferansen i 1983, og feltstyret avgjorde at Tinguipaya var den best eigna staden å leggja misjonsstasjonen. Det evangeliske arbeidet starta som nemnt i 1979, men tok seg opp med bufaste misjonærar i området. Den katolske presten, som tidlegare hadde truga ungdomar i landsbyen, kom attende på nyåret i 1986 og lova tilhengarane sine at misjonen skulle bort. Dette skapte «ein del røre mellom folke. (...) Rykta går, men elles er alt roleg», skreiv Helge Hånes i 1986, og rekna med hard kamp om dei nyomvendte i landsbyen.³⁷⁹ Motstand kunne her tyda på framgang.

Misjonær Asbjørn Barlaup var, saman med Helge Hånes, sentrale i arbeidet dei første åra. Han fortalte at i april 1985 blei «ein av dei truande banka grundig opp». I bygda Kheruani ønskte dei kristne å bygga kyrkje, noko som førte til «håndgripeligheter» med ikkje-truande.

³⁷⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1994

³⁷⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1995

³⁷⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Tinguipaya-området til konferansen i 1984

³⁷⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Tinguipaya til konferansen i 1986

Styresmaktene i Tinguipaya greip inn i sakene som løyste seg på ein god måte. Dei synt truleg ekstra godvilje grunna det planlagde bistandsarbeidet som skulle koma til området.³⁸⁰

Det integrerte bygdeprosjektet skulle som nemnt bestå av tre hovudkomponentar. Seinare kom det også til ein undervisningskomponent. Jordbruksdelen blei bygd opp og leia av Kristian Malde, medan helsekomponenten blei starta opp med Margit Langhelle som hadde bygd seg opp erfaring frå klinikkarbeidet i Acacio. Prosjektet som heilskap skulle leiast av den ansvarlege for den evangeliske komponenten, med Helge Hånes og Asbjørn Barlaup som dei to første av mange misjonærar. Ei oppleving av at det evangeliske arbeidet i Nordre Potosí var kome noko «i skuggen» av klinikken i Acacio, kan ligge bak denne prosjektoppybygginga. Ei misjonærrøyst uttalte skepsis til styringsmodellen,³⁸¹ som seinare blei kritisert og gjort om.

Det evangeliske arbeidet blei spreidd vidt ut dei første åra, og talet på bygder som trengte oppfølging skapte debatt mellom misjonærane i 1989. Mange av kontaktane gjekk heilt tilbake til tørkehjelpa i 1983, og ein tett kontakt hadde ikkje vore mogleg. Diskusjonen handla konkret om omgrepet «preikeplass», men det låg mellom linjene ei uro for at ein ved stadig å gå vidare ut ikkje makta å følge opp nye stadar med tilstrekkeleg kontakt og opplæring.³⁸²

Helge Hånes var tydeleg på at evangelisk verksemd skulle vera fullferdig del av det integrerte bygdeprosjektet, så alle møta i prosjektkomiteen blei starta med andakt og bøn. Han opplevde ikkje negativitet for dette frå styresmaktene, landsbruksorganisasjonen eller lokalsamfunna. Dei første åra opplevde han at ting fungerte etter forventningane, og at prosjektarbeidet opna opp for høve til å evangelisera.³⁸³ I motsetnad til Nordre Potosí, blei ikkje bistandsarbeidet i Tinguipaya kalla for «ein plogspiss» for evangelisk arbeidet, for det var jo heile kongstanken. I 1989 blei det vurdert som ein fordel om det evangeliske arbeidet kom først til ei bygd, så kunne prosjektet koma etter, men: «Der prosjektet går, går det evangeliske arbeidet».³⁸⁴

Konflikt med pinsekarismatisk lære skapte vanskar her som ved andre misjonsstasjonar. Nokre av familiane i bygda Kheruani valte å døypa seg på nytt i ei pinsekyrkje i Potosí. Dei blei alle møtt med kyrkjetukt, men berre to av familiane kom attende og «sanna si synd», medan andre valde å ikkje koma attende til det lutherske fellesskapet i heimbygda.³⁸⁵ Mange bygder blei opplevd som stengte, med sterkt lokal kultur. Ein misjonær fortalte i 1986 at

³⁸⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Tinguipaya til konferansen i 1986

³⁸¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat etter konferansen 1986:26f

³⁸² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Referat etter konferansen 1989

³⁸³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Tinguipaya til konferansen i 1990

³⁸⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Referat etter konferansen 1989, sak 8b

³⁸⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Tinguipaya til konferansen i 1990

pinserørsla hadde erfaring med masseomvending. Metodisk hadde pinserørsla bedt dei eldste i landsbyen om lov til å forkynna, for så å gå vidare med tradisjonell undervisning, noko som gav folk høve til å venda om.³⁸⁶

Ei av bygdene der NLM fekk erfaring med tilløp av masseomvending, var bygda Khaymona. Menna i bygda bestemte seg for å bli kristne i midten av februar 1989, og nokre veker seinare ville kvinnene også gi seg over. Sidan «kunnskapen i kristendom var lik null, og vi måtte starte frå botn av», blei det drive bibelopplæring anna kvar veke det meste av dette året. Etter fullført medlemskurs blei det avtalt medlemsopptak på Allehelgensdag, men det blei dramatisk endring i planane «grunna regelrett krig med fleire andre bygdelag. Grunnane var gammalt fiendskap, misunning, men også det faktum at folket i Khaymona no var evangelisk kristne». Helge Hånes opplevde no å koma tettare på folk, og i jula blei 24 vaksne medlem.³⁸⁷ Fleire bygder hadde medlemsopptak det året, og samla medlemstal i 1989 var 66 vaksne. Året etter haldt medlemsveksten fram med 41 nye, fordelt på seks bygder.³⁸⁸

Kor sårbare lokalbefolkninga, inkludert det evangeliske arbeidet, var for klimatiske forhold, kom fram i ein rapport for 1992. Om Khaymona stod det: «Menigheten fortsetter omtrent som før, selv om haglværet fikk store konsekvenser. Mange av mannfolka måtte ut og finne arbeid, noen er ennå [*sic!*] ikke kommet tilbake, andre kommer ikke tilbake, de har flyttet med familien til jungelen».³⁸⁹ Driftsmarginane for liveigne bønder vel fire kilometer over havets overflate, kunne vera brutalt små. Fenomenet «riskristne» blei opplevd i Khaymona. Bygda fekk «komplett hjelp, posta, skole, vann. Dette er ikke heldig, en bør spre hjelpa mer», sa ein misjonær ved misjonærkonferansen i 1992.³⁹⁰ Posta var ein liten helsestasjon.

Dei evangelisk kristne i området opplevde mykje motstand, men som i Nordre Potosí, så var påverknad frå andre kyrkjesamfunn også eit problem. Synet på dåpen var ein gjengangar, men i 1994 blei nokre av medlemane i Kheruani med i ei sekt som kalla seg «Isralittane». Det blei erkjent at; «I slike tilfeller ser ein at dei kristne ikkje er godt grunnfeste i vår eiga doktrine».³⁹¹ Misjonær og fungerande stasjonsstyrar, Ruth Fauske, følgde opp på misjonærkonferansen. Ho kunne fortelja om andre kyrkjesamfunn som var på veg inn i distriktet, og som forvirra mange

³⁸⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat etter konferansen i 1986:15-16

³⁸⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå Tinguipaya til konferansen i 1990

³⁸⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Tinguipaya til konferansen i 1991

³⁸⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Rapport frå Tinguipaya til konferansen i 1993

³⁹⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Referat frå konferansen 1992:11

³⁹¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Rapport frå Tinguipaya til konferansen i 1995

av kyrkjemedlemene med synet på dåp. Ein burde satsa meir på opplæring i eige dåpssyn for å bevisstgjera sine eigne kyrkjemedlemar, meinte ho,³⁹² i tråd med tidlegare praksis.

Utfordringane i landsbygdarbeidet var mange og samansette. To år før den nasjonale kyrkja skulle opprettast, samtalte misjonærene om konsekvensar av intern migrasjon, og kva dette hadde å seia for dei små kyrkjelydane og preikestadane på landsbygda. Nokre av medlemene i Cochabamba sin «satellitt», Ayamaya på høgsetta, var flytta til hovudstaden La Paz. Dei hadde etablert ei eiga forsamling i hovudstaden. Frå Potosí og Tinguipaya var migrasjonen stor til Santa Cruz, medan medlemar frå Nordre Potosí ofte fann vegen til Chapari og ulike stadar i og rundt Cochabamba.³⁹³ Oppfølging av dei migrerte medlemene var ønskeleg, men ressursar og den pågåande prosessen med oppretting av nasjonal kyrkje tok mykje krefter.

Det integrerte bygdeprosjektet fungerte vidare ei tid etter at det evangeliske arbeidet blei nasjonalisert. Tett involvering av viktige lokale autoritetar og regionale styresmakter, bidrog til at noko av helse- og jordbruksdelen av prosjektet blei vidareført. Likevel blei det nok ikkje følgd opp med tilstrekkelege midlar. Ein vanske misjonærene opplevde var at ordførarar ofte var fråverande ved møter, og at dei ikkje haldt avtalar. Det er interessant at kultur møta med lokale styresmakter verkar vanskelege å få til å fungera. Kanskje kjente dei seg noko underlegen i møte med utlendingane som satt med budsjetter som ofte overgjekk det lokale styremakter fekk for å driva heile lokalsamfunnet.

Eit sosialt tiltak som misjonærene hadde eit ekstra varmt hjerta for å bevare, var eit internat for skuleborn. Dette internatet fekk først namnet «Asbjørn Barlaup», noko som synleggjer det engasjementet han må ha hatt i den aktuelle saken. Kostnadene for drift av internatet var for store til at misjonen såg det aktuelt for ei framtidig nasjonal kyrkje å ta over. Å gi det til offentlege styresmakter ville vera det same som å avvikla det som evangelisk institusjon.³⁹⁴ Løysinga blei å bruka midlar frå hjelpetenesta i misjonen, og seinare tok ICEL over ansvaret.

³⁹² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat frå konferansen 1994:6

³⁹³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat frå konferansen 1995

³⁹⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat frå konferansen 1995:34

4.3.3 *Bistand som mål eller middel*

Sjølv om vegbygging var med og skapte kulturmøter, så var det helsearbeidet som skulle vera den store «plogspissen» for evangeliet. Helse- og anna bistandsarbeidet skapte mange små og store arenaer for møter med dei bolivianske kulturar, men denne oppgåva er avgrensa til det evangeliske og kyrkjebyggande arbeidet. Likevel er det eit forhold som må drøftast, og det er misjonærane sitt ønske om at helsearbeidet skulle «vera ein plogspiss for misjonen si hovudoppgåve: å [sic] forkynna evangeliet...»³⁹⁵

Helsearbeid blei tidleg ein del av misjonsstrategien for Sør-Amerika. I eit referatet frå 1977 får vi eit innblikk i misjonsleiinga sine tankar, som i stor grad bygde på erfaringar frå Afrika. Dei ønskte å starta i det små, for dei meinte at store NORAD-støtta prosjekt ikkje alltid var å føretrekka.³⁹⁶ Misjonærane ønskte helsearbeid skulle få ein sentral plass, og la vekt på at «i Jesu liv gjekk forkynning og lekamleg hjelp hand i hand». Rapporten frå helsearbeidet i Nordre Potosí for 1985, fortalte om ein typisk vaksinasjonstur på landsbygda. «Når Kjell er med, er det også sal av kristen litteratur. Der det har lagt seg til rette har vi hatt undervisning m/lysbilder og andakt ved Kjell». Dette var idealbilete av det misjonen såg føre seg.³⁹⁷

På veg inn i 1990-åra blei helsearbeidet bygd ut, og med støtte frå NORAD blei kvardagen annleis for helsedelen av misjonsarbeidet. Fleire misjonærar etterlyste i 1988 auka ressursar til å følge opp helsearbeidet med auka evangelisk verksemd.³⁹⁸ I 1988 hadde klinikken 2381 polikliniske pasientar, og 8027 vaksinar var gjeve i området,³⁹⁹ men likevel var det i 1989 berre innmeldt 55 medlemar i området. Det var mykje meir tidkrevjande å overtyda folk om å skifta tru, enn å overtyda ein landsby til å bli med i eit vaksineprogram. NLM må ha hatt erfaring kring dette frå andre misjonsfelt, men ressursane til betydele opptopping kom ikkje.

Det var spenningar, og styret på feltet skreiv i 1989 at samarbeidet ved stasjonen i Acacio i fleire år hadde vore «ei varm potet».⁴⁰⁰ Misjonærar uttalte i 1986 at «helsearbeid har sin egenverdi» og «helsearbeidet er fullverdig misjonærtjeneste».⁴⁰¹ To år etter presenterte *Utsyn* eit strategidokument frå hovudstyret under overskrifta «Hjelparbeid har sin egenverdi».

³⁹⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1984

³⁹⁶ NLM-Arkivet, SA-rapporter, kartong Dei-0001, Referat komitémøte om helsearbeid i SA, 7.11.1977

³⁹⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport helsearbeidet i Acacio til konferansen i 1986

³⁹⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1988

³⁹⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Rapport frå klinikken i Acacio til konferansen i 1989

⁴⁰⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå tilsynsmannen til konferansen i 1988

⁴⁰¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen i 1986

Vaksinasjonsprogramma, og det førebyggjande arbeidet, bidrog til lågare barnedød og generelt betre folkehelse i heile området. Helsetilbodet blei stort sett godt mottatt. Folk blei friske av medisinarane, og sjukepleiarmisjonærane blei sett på som spesialistar «til det motsatte blei bevist. Da het det at den utenlandske sykepleieren vet ingenting», skreiv Hanna Elverum.⁴⁰² Reaksjonen handla kanskje ikkje så mykje om medisin, men om opplevd mangel av forståing av kulturen. Asle Jøssang har problematisert at misjonærer, prega av eit vestleg verdsbilette, ofte kom på kollisjonskurs med lokale tankar om sjukdom og vonde åndsmakter.⁴⁰³ Mykje tyder at misjonærane både i klinikkarbeidet og det evangeliske arbeidet fekk både breiare og djupare kjennskap til den lokale kulturen, og blei i den grad det var mogleg «lagspelarar». Tett integrering mellom det evangeliske arbeidet og bistandsarbeidet var sjølvveie ideen, og nærast ein føresetnad, for det integrerte bygdeprosjektet i Tinguipaya. Misjonærane kunne i forkant av dette prosjektet dra vekslar på erfaringane med klinikken i Acacio. Likevel kom også dette prosjektet til eit punkt der det evangeliske arbeidet ikkje hadde tilstrekkeleg med ressursar til å følgja opptrappinga i bistandsprosjektet. Isolert sett for det evangeliske arbeidet hadde det kanskje vore betre med mindre og fullt ut integrerte prosjekt. Bistandsprosjekta fekk hjelpa mange tusen menneske til betre livskvalitet, i seg sjølv ei stor misjonsgjerning.

4.3.4 Nasjonale medarbeidarar

Misjonærane hadde bruk for nasjonale medarbeidarar til mange arbeidsoppgåver. Fleire med medieerfaring blei rekruttert for å arbeida saman med mediemisjonær Bernt Egil Strømme. Utfordringa var å finna nokon som ville vera lojal til NLM, for dei kom frå andre kyrkjesamfunn. Dei første åra var det berre unntaksvis at nokon blei rekruttert via eige arbeid.

Eit unntak var evangelist i Tinguipaya, Joel Vera, som tidleg blei rekruttert for å arbeida mellom sine sambygdingar. I 1988 observerte misjonær Asbjørn Barlaup at evangelisten ikkje berre hadde det enkelt i møte med sine eigne, for misunning og kritikk kunne smerta mykje.⁴⁰⁴ Til *Utsyn* var Joel Vera open på at ved å arbeida for misjonærane hadde han fått godar, til dømes fast løn, men omkostningar var det også mange av.⁴⁰⁵ Ei utfordring misjonærane tidleg kom i berøring med, var nasjonale som distanserte seg bort frå eigne landsmenn. «En typisk overklassemann blir lite akseptert på landsbygda. Folk distanserer seg fra sin egen klasse når

⁴⁰² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå helsearbeidet til konferansen i 1982

⁴⁰³ *Utsyn*, 2000, nr. 29, s. 8

⁴⁰⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Tinguipaya til konferansen i 1988

⁴⁰⁵ *Utsyn* 1989, nr. 31, side 5

de kommer lenger opp på stigen, vil ikke tilbake til sine egne.»⁴⁰⁶ Det samsvarer med Hiebert som sa at misjonærer ofte lettare enn nasjonale kunne gå over sosiale og kulturelle grenser.⁴⁰⁷

Spørsmålet om kvar misjonærane kunne finna nasjonale medarbeidarar blei drøfta i 1985, og i 1987 skreiv tilsynsmannen; «Jeg tror det vil bli vanskelig å finne evangelister fra våre egne rekker i ennå noen år framover». Sjølv om det var nokre aktuelle leiare, var det ikkje alltid riktig å trekka dei ut frå eigne forsamlingar og gi dei løn. Målet var å bygga opp flokkar som bygde kyrkjelydar etter prinsippet av det allmenne prestedømme, med frivillig leiarskap. Svaret blei å henta evangelistar frå andre evangeliske samanhengar. Den lutherske kyrkja IELB, som bygde på WMPL sitt tidlegare arbeid, blei her ein sentral kontakt for misjonen.⁴⁰⁸

I NLM var det tradisjon for at nasjonale medarbeidarar i det evangeliske arbeidet var knytt opp til misjonæren, og ikkje kyrkjelyden, fram til ei nasjonal kyrkje var etablert.⁴⁰⁹ Ikkje alle nasjonale medarbeidarar klarte å tilpassa seg ei slik underordna rolle. Sjølv om IELB var ein viktig kontakt, så var det utfordringar i høve deira kyrkjeleing og arbeidsmåte. I følge innspel ved misjonærkonferansen i 1988, så hadde IELB samarbeid både med metodistar og den katolske kyrkja. Økumenisk haldning kunne opna vegen for liberal teologi, noko som førte til at fleire meinte tida likevel var inne til å finna fleire medarbeidarar mellom eigne medlemmar.⁴¹⁰

Løn var eit vanskeleg tema, og mange åtvvara mot å trekka omvendte bort frå familie og lokalmiljø. Lise Marie Nilsson har i ein antropologisk studie sett på forholdet mellom konvertering til evangelisk kristendom og økonomiske fordelar i eit bygdesamfunn i Bolivia. Ho fant at mange hadde eit økonomisk motiv for å konvertera, og nokre la strategiar for å få løna forhold til misjonen.⁴¹¹ Som nemnt før, så var det ikkje umogleg at nokre av stipendiatane kan ha hatt slike strategiar, sidan nokre av dei valte å ikkje bli frivillig i kyrkjelyden etterpå.

I 1986 klagde tre nasjonalt tilsette på løna si, noko som fekk misjonærer til å reagere, fordi lønsnivået jamt over var godt i høve til andre i det bolivianske samfunnet. «Syr me puter under armene på dei? Fører vi dei inn i eit urealistisk tilvære.» Ein annan misjonær uttalte: «Svært viktig for oss at vi tenkjer framover mot nasjonal kyrkje og lønsnivået der». Dette syner at misjonærane var seg bevisst ein strategi for ikkje å skada ei framtidig nasjonal kyrkje. Det blei lagt fram informasjon om at andre kyrkjer ikkje hadde så mange heiltidstilsette.⁴¹²

⁴⁰⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat etter konferansen 1987

⁴⁰⁷ Hiebert, 2009

⁴⁰⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå tilsynsmannen 1987

⁴⁰⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat etter konferansen i 1987

⁴¹⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen 1988

⁴¹¹ Nilsson, 1999:136f

⁴¹² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat etter konferansen 1986

Ein kan ikkje sjå bort frå at misjonærane nokre gongar valte å freista med høgare løn for å sikra seg gode medarbeidarar som andre evangeliske kyrkjer også ville ha. Nasjonale medarbeidarar kunne samanlikna seg med misjonærane, som hadde eit anna materialistisk nivå enn nasjonale. For å unngå misunning, blei misjonærane bedt om å skjula pengebruk. Mange misjonærar vegra seg for å invitera nasjonale med seg heim, og det var heilt forbode å ha med seg nasjonale til opphald eller besøk på misjonen sin feriestad utanfor Cochabamba.

Misjonærane var seg medviten at løn til personar på landsbygda kunne vera eit stort steg i retning av migrasjon. Andre organisasjonar hadde erfart at løna medarbeidarane lettare drog inn til byane etter avslutta arbeidsforhold.⁴¹³ Misjonærane ønskte ikkje migrasjon, og ved utarbeidinga av eit nytt lønsregulativ for nasjonale medarbeidarar i 1994 kom diskusjonen. Ein misjonær meinte at «å begynne med pengehusholdning [var] landsbygduitvikling», men det møtte sterk motbør frå ein av dei røynde misjonærane. «Etter å ha fått erfaring frå arbeid på landsbygda har eg sett konsekvenser ved å gi store lønningar til landsbygdfolk. De blir ikke ødelagt som mennesker, men de blir ødelagt for sitt miljø.»⁴¹⁴ Mykje kan tyda på at misjonen ikkje hadde utrusta misjonærane godt nok til møte med det store velferdsgapet.

Staben i Tinguipaya sendte ein skarp note om lønsnivået for nasjonale i 1990. «Folk trur vi er dumsnille som kan betala ei hushjelp dobbelt så mykje som ein lærar eller ein hjelpepleiar tener. Vi meiner at dette ikkje er rett.»⁴¹⁵ Dei frykta styresmaktene kunne koma til å kalla det paternalisme, og at dei nasjonale medarbeidarane blei gjort økonomisk avhengig av misjonen. Konferansen tok dette på alvor, og heimeleinga sin representant meinte det var betre å ligga under enn over i lønsnivå. Det som gjorde at saka blei ekstra vanskeleg, var det integrerte bygdeprosjektet. Nokre medarbeidarar blei løna av nasjonale styresmakter, medan andre blei løna av misjonen. Skilnadene kunne skapa vanskar, samstundes med at eit høgt lønsnivå ikkje var berekraftig med tanke på nasjonalisering til lokale styresmakter og ei nasjonal kyrkje.⁴¹⁶

Lønsdiskusjonen synleggjer at kunnskap om samfunnsforhold og kultur er viktige for at utanlandske misjons- og bistandsorganisasjonar kan bygga opp berekraftige prosjekt. Sjølv om misjonærane i stor grad var sjølvstyrte ute på misjonsfeltet, må ein stilla spørsmål om dei fekk den naudsynte hjelpa frå leiinga i Noreg, som trass alt satt med overordna ansvar. Når ein ser heile historia i samanheng, er det ikkje gode grunnar til å koma med kritikk til misjonærane, men det er veldig interessant at fleire av dei røynde misjonærane er nokså

⁴¹³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat etter konferansen i 1993, sak 3d

⁴¹⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat frå konferansen i 1994, sak 15c

⁴¹⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Sakspapir til konferansen i 1990, s. 113

⁴¹⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Referat frå konferansen 1990

sjølvkritisk til vurderingar og avgjerder dei sjølv hadde vore med på tidlegare. Dei måtte finna sine vegar, gjera sine feil, for så å gå vidare med fornya erfaringsbasert kunnskap.

I 1989 blei det gjennomført ei spørjeundersøking på misjonsfeltet, og av gruppene som svarte var fem nasjonale medarbeidarar. Nokre av spørsmåla handla om forholdet mellom misjonær og nasjonal. Tre av fem meinte det var vonde kjensler, hat og nag mellom desse to gruppene i arbeidet. Dei hevda at «misjonærane forstår ikkje bolivianarane og vår røyndom», medan dei sjølve meinte at dei forstod misjonærane. Vidare svara dei at misjonærane var med på å skapa vanskar mellom nasjonale, noko dei trudde ville bli mykje betre den dagen ei nasjonal kyrkje var danna.⁴¹⁷ Det kan ligga mange forhold bak desse svara, men dei synleggjer at misjonærane hadde krevjande oppgåver med å ha løns- og personalansvar for nasjonale medarbeidarar.

Truleg undervurderte dei nasjonale misjonærane si forståing av deira røyndom, eller kultur, og vise versa. Ein del nasjonale medarbeidarar hadde lengre fartstid enn nye misjonærar som kom ut for å leia arbeidet utan å ha erfaring. Hyppige misjonærbyte kan ha skada relasjonane. Ein misjonær stilte spørsmål om dei nasjonale blei overkøyr, og hadde fått for lite ansvar.⁴¹⁸

4.3.5 «Kristianisering», kulturell og sosial brubgging

Paul G. Hiebert hevda det heile tida skjer ein interaksjon mellom korleis vi lever, og korleis kulturen ber oss om å leva. I denne interaksjonen kan det vera vanskeleg å skilja ut kva som er utslag av det sosiale eller det kulturelle. Vidare skreiv han at kulturell kunnskap fortalte noko både om korleis vi lever, og samhandlar med andre. Ein endra kultur kan endra vårt fellesskap med andre.⁴¹⁹ På misjonærkonferansen i 1985 drøfta dei kva som skulle til for å få menneske til å endra livsførsel og bryta med gamle tradisjonar. Nokre ønskte å forkynna meir konkret om kristen livsførsel, og vera tydeleg på kva som var synd. Andre peikte på at misjonen måtte møte gamle tradisjonar og kulturelle forventningar med å skapa nye.⁴²⁰ Begge desse syna var representert i misjonærflokken ut frå mange funn i kjeldene.

Med fare for å gjera nokon urett, så var det to namn som stod tydeleg fram som pådrivarar for «kristianisering» i det sosiale og kulturelle feltet, misjonærane Kjell Aardal og Asle Jøssang. Sjølv om dei blir trekt fram, så var arbeidet med kontekstualisering noko mange misjonærar var ein meir eller mindre bevisst del av, gjennom språkarbeid, opplæring, sosialt arbeid og så

⁴¹⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003 Rapport om quechua/mestiz, sakspapira til konf. i 1990

⁴¹⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Referat frå konferansen 1990:23

⁴¹⁹ Hiebert 2009:159

⁴²⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat etter konferansen i 1985, sak 2c

vidare. Ved misjonærkonferansen i 1987 spurte ein misjonær om korleis ein best kunne vera med å bygga opp kyrkjelydane åndeleg og sosialt. Kristen song og musikk blei trekt fram som viktig, og med fleire misjonærar på feltet burde nokon læra seg å spela lokale instrument, og slik bygga opp og fremma lokal kristen song og musikk. «Nye kristne bør med en gang gis oppgaver de makter (be, synge, vitne)». Sidan nye kristne blei bedt om å takka nei til mykje, som før var ein naturleg del av det sosiale livet, ville det vera verdifullt å skapa nye alternativ. Det blei mellom anna spurt om film, eller besøk av musikkgrupper, kunne vera aktuelt.⁴²¹

Uttrykket «kristianisering» er henta frå sosialantropolog og misjonær, Asle Jøssang. Han var i 1987 «gjestearbeidar» ved misjonsstasjonen i Acacio, utlånt frå Peru-feltet. Sosiale grunnar var, i følge han, direkte årsak til at mange valte å stå imot ei omvendning. Brot med sosiale og kulturelle strukturar kunne gjera omvendte kristne til einstøingar, så han utfordra fleire til å sjå at «kristenliv er ikkje bare møteliv. Vi må vurdere hvordan vi kan hjelpe den nasjonale kirken til å utvikle et helhetlig alternativt sosialt system der det er nødvendig».⁴²² Eit viktig sosialt nettverk på landsbygda var «dugnadssystemet» der bøndene hjelpte kvarandre, men «løna» provoserte misjonæranne, for den var å bli invitert til festar med mengder av mais-øl.

I bygder der berre ein eller to gjekk over til dei evangeliske, skapte det utfordringar, noko som også blei løfta fram i samtalen på misjonærkonferansen i 1990. Det blei sagt at misjonæranne si forkynning kunne vera svært «himmelvendt», medan quechuabonden var heller jordnær i si tru på at Vårherre ville velsigna avlinga. Bonden kunne ha større tru til Gud, enn til kvaliteten på frø, gjødning og jordsmonn. Kva skulle ein misjonær svara ein kristen som hadde vore på fjellet for å be, men som likevel opplevde at hagl øyda avlinga, utan at Herren svarte? Gunnar Oseng frå heimeleiinga repliserte at misjonæren fekk svara med historia om Job, «Gud svarar på ein annan måte». Med mangeårig misjonærerfaring, åtvare Oseng mot å rykka dei kristne ut av si førestillingsverd, men tenka holistisk for ikkje å dela opp slik vår kultur gjer det.⁴²³

Asle Jøssang løfta som sagt i 1987 fram det positive kulturarbeidet Kjell Aardal bygde opp. Aardal hadde tidleg sett behovet for å gi nye kristne eit alternativ til dei store rituelle festane, for sjølv om festane var prega av fyll og slåsskampar, så var dei sosiale og kulturelle arenaer. Løysinga blei *Fiesta Cristiana*, kristne festar med eit stemneprega program. Han ville også «kristianisera» song og musikk for å få tettare kontakt med den fargerike lokale kulturen.

⁴²¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat etter konferansen i 1987:3

⁴²² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1988

⁴²³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Referat frå konferansen 1990:25f

Det lokale instrumentet *charangoen*, blei teke fram og brukt i kyrkjelydsarbeidet.⁴²⁴ Ikkje alle var like positiv til lokal song- og musikktradisjon. Eit rykte sa at SETELA-studentar la bort sine nasjonale instrument, og misjonæra i Bolivia ville i 1995 vite om musikkundervisninga ved seminaret var årsaka til dette. Men, det hadde «sammenheng med lekmannsmisjonens tilstedeværelse i Ariuqipa».^{425 426} Kommentaren; «Folk har mykje å lære når det gjeld dette med sang og musikk i kristne samanhengar. Det vert klappa til alle mulige sangar utan omtanke»,⁴²⁷ var vel heller ikkje av dei mest kulturopne kommentarane frå misjonærflokken.

Fleire av stasjonane arrangerte utflukter for å skjerma kyrkjelydsmedlemar for tradisjonar som blei rekna som heidenskap, ikkje minst tradisjonane rundt Allehelgensdag.⁴²⁸ *Fiesta Cristiana* blei brukt over heile misjonsfeltet, men fekk sterkest gjennomslag på landsbygda i Nordre Potosí og Tinguipaya. Den første *Fiesta Cristiana* blei arrangert i bygda Chakateani, ei mil frå Acacio. Ekteparet Fermin og Nemesia var to av dei første fire som blei kristne i denne bygda, og i påskehelga 1985 gav dei husly til festen som samla i alt 30 deltakarar. Kjell Aardal skreiv at stemnet «var elles ei fin erfaring for oss når det gjeld dette å skapa nye kristne alternativ til dei mange festar...». Stemne blei avslutta med medlemsopptak.⁴²⁹

Sport blei også trekt fram som ein god aktivitet som kunne vera med å binda kristne saman. Fotballkampar har truleg vore ein del av kulturkontakten mellom ulike bygder i Bolivia. Første gong bygdefotballkamp er nemnt i kjeldene, er i 1982. Til *Utsyn* fortalte misjonær Bernt Egil Strømme om eit planlagt møte, ein søndag morgon i gruveområdet Malmisa på 4500 meters høgde, som måtte gå ut grunna fotballkamp mot ein annan landsby.⁴³⁰ I 1997 kunne Jorun og Kjetil Malde fortelja frå *Fiesta Cristiana* i landsbyen Ilallagua, ikkje langt frå Ayamaya oppe på Altiplano. Laurdagen arrangerte kyrkjelyden fotballturnering, med seks påmeldte lag, og mange av spelarane hadde ikkje noko forhold til kyrkja. Turneringa opna med andakt og bøn.⁴³¹ Fotballkamp var det også i 1994, i området Qowaraca, der ei ny gruppe lutherske kristne skulle arrangere sin første *Fiesta Crisitiana*. På avslutningsdagen var det lagt opp med fotballkamp mot bygdefolket, etterfølgd av suppe. Det som den dagen såg ut til å bli

⁴²⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1988

⁴²⁵ Norsk Luthersk Lekmannsmisjon blei skipa i 1963, og hadde noko arbeid i Peru. Tidlegare misjonær for NLM i Bolivia, og første rektor ved SETELA, Ingar Gangås, er i dag deira kontaktperson for eit litteraturarbeid både i Bolivia og Peru.

⁴²⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen 1995, sak 9b

⁴²⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Referat fra konferansen 1992:7

⁴²⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Potosí til konferansen i 1987

⁴²⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1986

⁴³⁰ Utsyn 1982, nr. 36, side 5f

⁴³¹ Utsyn 1997, nr. 2, side 12

ei solskinshistorie, endra seg i julehelga då fulle naboar ville banka opp dei evangelisk kristne. «Alle hatar oss nå etter at me har blitt kristne» sukka ei 50-år gamal kvinne.⁴³²

I Tinguipaya-området gjekk dei vidare med *Fiesta Cristiana*, og lagde til tradisjonar med hausttakkefest. Misjonærane hadde fanga opp at folket var oppteken av årssyklusen, noko også Nilsson peikte på i si hovudfagsoppgåve. Det kom forslag på misjonskonferansen om også å arrangera forbønsgudsteneste ved såtid. Til hausttakkefesten kom bøndene med «tiande», ei frivillig offergåve til kyrkjelydsarbeidet.⁴³³ Misjonær Malvin Ommedal fortalte til *Utsyn* om hausttakkefesten i 1999, som varte i fire dagar, at på søndagen kom tida for å levera inn «tiande». «Inn i teltet kom folk berande med sekkevis av bygg, kveite og potet. Om lag 30 store sekkar. 7 sauer kom dei og berande med inn i teltet. Ein lama utgjorde også tidenda frå einkvan». Han fortalte vidare at produkta blei seld, og totalt kr. 1735 blei slik samla inn, eit betydeleg beløp i eit fattig landsbygd område i Bolivia.⁴³⁴

I 1986 blei det trykt opp ei eiga songbok til bruk i kyrkjelydsarbeidet, *Himnario Evangelico Luterano*.⁴³⁵ Året etter kom det nasjonale bibelselskapet ut med Bibelen på quechua, omlag 400 år etter at den første Bibelen på spansk blei introdusert i området. Misjonærane rosa arbeidet som var lagt ned i omsettinga, og den blei varmt anbefalt.⁴³⁶ For å kunna nå inn i djupna til ein kultur, kjem ein ikkje forbi at språk er viktig. Helge Hånes refleksjonar over landsbygdarbeidet, som var ei hjartesak for han; «Elles ser vi klarare og klarare at misjonærer utan quechua lite kan gjera på landsbygda». Det var vanskeleg å finna gode tolkar, og utan språk var det ikkje lett å få til den gode relasjonen mellom misjonær og befolkning.⁴³⁷

Referatet etter misjonskonferansen i 1988 syner at Asle Jøssang klarte å skapa ein svært livleg debatt mellom misjonærane. Ein misjonær kalla tankane hans for «skrivebordskommentarar», medan andre såg at det var interessante og verdfulle innspel i rapporten.⁴³⁸ Misjonærane som ikkje hadde syn for å «kristianisera» i møte med lokal kultur, gjorde ikkje anna enn å følge den tradisjonelle forståinga av kva det ville seia å driva misjon. I arbeidet med denne oppgåva kom uttrykket «å kristianisera» ordrett fram i ei kjelde til, i Carl Fredrik Wisløff si truslære, *Jeg vet på hvem jeg tror*,⁴³⁹ ei bok misjonærane hadde valt å bruka i både Peru og Bolivia. Om Jøssang var bevisst Wisløff sin bruk av uttrykket, fortel ikkje kjeldene noko om, men

⁴³² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1995

⁴³³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat frå konferansen 1995:22ff

⁴³⁴ *Utsyn* 1999, nr. 29, side 2

⁴³⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat etter konferansen i 1986

⁴³⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat etter konferansen i 1987:12

⁴³⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Potosí til konferansen i 1984:4

⁴³⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat etter konferansen, 1988

⁴³⁹ Wisløff, 1987

hans tankar var direkte på kollisjonskurs med professor Wisløff. Så seint som i ei redigert utgåve av truslæreboka i 1987, avviste han at eit slik arbeid som Kjell Aardal og Asle Jøssang fremma var ein veg å gå. Wisløff sin teologiske påverknad i NLM var stor, så det var ikkje å venta at alle såg verdien av sosialantropologisk tankegods i møte med misjonsarbeidet.

Det var teologien og forkynninga, i form av formidling av Guds Ord, som skulle ha fokus. Aardal og Jøssang var nok heilt samd i dette, men var oppteken av å leggja til rette for å nå vidare ut med misjonen si hovudsak. Misjonærar var born av si tid, men det er interessant å observera at det også i misjonsteologien var innovatørar, nokon seg gjekk føre dei andre. Mykje er annleis i dag, men det kan vera nyttig å stilla spørsmål om misjonærførebuinga i dag framleis legg for tung vekt på teologiske fag. Den utfordringa går utanom tema for oppgåva, men det kan vera interessant å utfordra til fornå debatt om «skrivebordskommentarane» som nokre misjonærar avviste i 1988. For har sosialantropologien og andre kulturfag fått den naudsynte statusen for dei som førebur seg til misjonærtjeneste? Kva har ein lært av historia?

4.3.6 Forfølging og spor av vekking

Å bryta med sosiale og kulturelle tradisjonar blei av mange oppfatta som eit trugsmål, noko som blei påført lokalsamfunnet frå omverda rundt. Valte ein overgang til evangelisk tru, og ikkje vera ein aktør i «dugnadssystemet» med festar og mais-øl, så fall ein ut at det sosiale nettverka i bondesamfunnet. Nokre få valte nok overgang for å sleppa bort frå plikta med å bidra til dei rituelle festane, men då kunne dei risikera å stå utan hjelp når behovet for ekstra arbeidskraft var naudsynt. Desse samfunnsmekanismene er beskrive i Nilsson sitt arbeid.⁴⁴⁰

Desse mekanismene i lokalsamfunna førte truleg, slik Jøssang antyda i sin rapport frå 1987, at mange hadde vanskar med å tilslutta seg evangelisk kristentru. Nokre omvendte kom i situasjonar der det lettaste var å gå tilbake til dei gamle tradisjonane. I kjeldene stod det om omvendte i Cochabamba som ville venta med medlemsopptak til etter neste fest,⁴⁴¹ og i Piriquina i Nordre Potosí stod det om fleire som hadde falt frå trua på grunn av alkohol.⁴⁴²

Det kan sjå ut til at misjonærane ikkje har hatt god nok kjennskap til djupare laga i dei bolivianske kulturane, og som påverka nasjonale til å gjera andre vegval ein dei misjonærane forventar. Fleire av pionermisjonærane kom tett inn på kulturane, og fekk nok erfaringar ute i felten, men det spørst om det var skapt ein god nok kultur for kunnskapsdeling til nye.

⁴⁴⁰ Nilsson, 1999

⁴⁴¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Cochabamba til konferansen 1992

⁴⁴² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen 1992

Legemisjonær Torunn Stangeland intervjuar 100 familiar i frå 20 bygdelag, og intervjuar leiarar i 25 bygdelag, i Nordre Potosí. Eit viktig råd til misjonærane var å ha ei varsam haldning og «lukte seg fram, bli kjent, vurdere og la folk vise i praksis kva de ønsker».⁴⁴³ Nokre bygdelag ønskte å isolera seg, noko Stangeland såg som fridomstrong og eit ønske om å få leva som quechuaindianarar. Misjonen burde ikkje trenga seg på, men vinna tillit ved å visa respekt for deira levesett, og gi dei hjelp når dei bad om det. Misjonærane stod i mange utfordringar.

Tidlegare i oppgåva har eg trekt fram misjonær Asbjørn Barlaup som blei truga av ein hissig bondehær i 1982. Misjonærane i Acacio blei utsatt for alvorlege trugsmål frå bønder året etter, eit trugsmål som fekk landsbyen til å stenga vegar og ha væpna vakter på misjonsstasjonen.⁴⁴⁴ Med hjelp frå autoriteten i den katolske kyrkja i Acacio, blei det i 1986 sendt inn klage om at ikkje-truande blei diskriminert ved klinikken, og at dei motarbeida ein lokal boliviansk lege. Ein undersøkingskomité, utnemnt av helsedepartementet, avviste klagemålet på alle punkt.⁴⁴⁵ Slike hendingar var nokre gongar svært alvorlege, andre gongar meir irriterande, men det var likevel dei nye nasjonale kristne som fekk kjenna mest konsekvensane av misjonsarbeidet.

Sosialt press frå familien skapte vanskar, ikkje minst når geistlege i den katolske kyrkje la sin autoritet til. I bydelen Japón i Sucre, og i landsbyen Tinguipaya, kom katolske prestar med trugsmål. Begge stadane blei positivt ungdomsarbeid skada. I Tinguipaya fekk ungdommar juling i 1983, og forbod frå foreldra mot å besøka den lutherske kyrkja.⁴⁴⁶ Denne konkrete hendinga i Tinguipaya blei tatt opp med den katolske biskopen i Potosí, og saka blei løyst.⁴⁴⁷

I åra 1994 og 1995 blir det meldt om vanskar for kristne både i Tinguipaya og Nordre Potosí. Hagl og uver skada avlingane i 1994, og dei evangelisk kristne fekk skulda. Mange meinte at deira omvending blei straffa av guddommen gjennom til dømes naturkatastrofar. I bygda Ayllu Salcaynari var forfølgninga av dei kristne ekstra hard. Nokre omvendte hadde lytta til forkynning om at kristne skulle møte forfølgning før Jesus kom igjen til jorda. Dei kom med gripande og himmelvente vitnesbyrd, men misjonærane såg «at det også har vore dagar der til og med håpet har vore vanskeleg å halde fast på». Mange misjonærar omtalte forfølgning med eit svært åndeleggjort språk, men denne rapporten representerer ei noko anna tilnærming.

Ei anna trist sak skjedde bygda Churitaca i Nordre Potosí på nyåret i 1995. Ein pest hadde råka husdyr i området, og på eit allmøte bestemte bygdefolket at alle skulle delta på ofring til

⁴⁴³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå Stangeland i 1986:86

⁴⁴⁴ Utsyn, 1983, nr 31

⁴⁴⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå tilsynsmannen 1987

⁴⁴⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå Potosí stasjon, 1983

⁴⁴⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Rapport frå tilsynsmannen til konferansen 1984

åndene i fjella. Dei som ikkje ville vera med måtte berre koma seg bort frå bygda. Situasjonen blei så vanskeleg at nokre evangelisk kristne bøygde av og blei med på ofringa. Andre tok med seg husdyra sine bort, og levde nokre døgn ute under open himmel, til oppstyret la seg.⁴⁴⁸

Assisterande misjonssekretær Norvald Yri skreiv i 1980 boka, *Indianerne venter*, og mange hadde forventa at misjonshistoria om NLM i Sør-Amerika skulle bli eit festskrift om vekking. Slik gjekk det ikkje, men det kan derfor høva å avslutta kapitlet med tankane som misjonær Malvin Ommedal delte med lesarane til *Utsyn* etter ein *Fiesta Cristiana* i Tinguipaya i 1999:

«Det er tid for å takke deg som trufast har stått med i tenesta heime i Noreg gjennom bøn og offer, og gjort det mogleg å gå med evangeliet til Bolivia og Tinguipaya. Misjonærar som har vore i dette området, har ikkje alltid opplevd lyse tider. Men trufast teneste har gjeve frukter. Evangeliet har vore sådd, og no er det innhausting. No kan vi alle glede oss.»⁴⁴⁹

Misjonsarbeidet i Tinguipaya tok til med ein liten samtale på torget i landsbyen mellom misjonær Bernt Egil Strømme og den unge Joel Vera i 1979. Lite viste dei om at hundrevis av innbyggjarane i området skulle bli medlem i ei luthersk kyrkje, og endå mindre at tusenvis skulle få betre helsetenester og tilgang på drikkevatt. Kulturmøter kan få store konsekvensar.

⁴⁴⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0006, Rapport frå Nordre Potosí til konferansen i 1996

⁴⁴⁹ *Utsyn*, 1999, nr. 29, s. 2

5 Ei ny kyrkje i støypeskeia

Dei siste åra av den tidsepoken som avgrensar denne oppgåva, blei sterkt prega av førebuingane til etablering av den nasjonal kyrkje, Iglesia Cristiana Evangélica Luterana, forkorta til ICEL. Misjonærane la ned mykje innsats for at den nye kyrkja skulle få ein tydeleg luthersk, konservativ og lågkyrkjeleg profil. Det allmenne prestedømme var idealet, eit lite tal av tilsette, men med mange frivillige medarbeidarar i eit varmt kyrkjeleg fellesskap. Organisasjonsstrukturen burde vera lett, med ein liten og kostnadseffektiv administrasjon.

NLM sin praktisering av tenestedelingsprinsippet, som blei forklart i det innleiande kapittelet, skapte debatt og vanskar for val av kva modell kyrkja skulle få for toppleiinga. For å sikra at kvinner kunne sitja i kyrkja sitt hovudstyre, komiteen som utgreia saka å ha ei lærenemnd ved sidan av styret som kunne ta ansvar for læresakene. Møteleiaren si dobbeltstemme sikra fleirtal for ei slik løysing ved misjonærkonferansen i 1996, med NLM sitt hovudstyre avviste vedtaket og fremma ei løysing med eit styre som berre menn kunne veljast inn i. Fleire misjonærar frykta då for kvinnene si framtid i kyrkja.

Førebuinga bygde på «tre-sjølvs-prinsippet». Målet var ideelt å skipa ei kyrkje som var sjølvstendig, sjølvunderhaldande og sjølvutbreiande.⁴⁵⁰ Misjonærane sikkert mest uroa for dei to siste «sjølva» som så lett også kunne undergrava det første «sjølvvet». Viljen til å styra sjølv var stor, men den økonomiske støtta frå misjonen til distriktsarbeidet var betydeleg. I stor grad var det misjonen som pressa på for nyetableringar av kyrkjelydar. Misjonær Ingrid Valkvæ Knardal skreiv i 1994 at behovet for fleire leiarar var stort, for «endå er leiarskapet svakt og sårbart».⁴⁵¹ Trass denne uroa, så blei ICEL etablert i 1997.

5.1 Omfattande forarbeid

Målet med misjonsarbeidet i Bolivia var tydeleg frå starten, dei skulle bygga opp eit sjølvstendig misjonsarbeid som skulle resultera i ein ny synode, eller ei nasjonal kyrkje. Rektor ved Fjellhaug Misjonsskole, Ommund Lindtjørn, deltok på misjonærkonferansen i 1983, og skisserte ein 10-punktsplan for ei utvikling av kyrkje og misjon i Bolivia.⁴⁵² Misjonærane følgde opp med å laga førebels statuttar året etter. Desse ville dei prøva ut i

⁴⁵⁰ Utsyn, 1994, nr. 14, side 3

⁴⁵¹ Utsyn, 1994, nr. 14, side 3

⁴⁵² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen i 1983

kyrkjelydsarbeidet som alt då var etablert.⁴⁵³ Nasjonale leiarar inviterte i 1988 til ei nasjonal leiarsamling i Potosí, og tillitsmannen skreiv følgande om samlinga; «Dei forskjellige tema og samtalaner knytta [sic] til desse, vitna om at vi tross alt har nokre i vår midte som har åndeleg pågangsmot og som ser det som ei hovudoppgåve å nå lenger ut mellom sine egne».⁴⁵⁴ Dei nasjonale leiarane, fleire av dei tilsette, blei trekt sterkare inn i arbeidet utover på 1990-talet.

Etter leiarsamlinga etablerte dei nasjonale ein komité med ansvar for program og invitasjon til neste års leiarsamling. Sjølv om misjonærene var positiv til leiarsamlinga og komiteen, så åtvara misjonssekretær Gunnar Oseng mot å la den nasjonale komiteen få lov til å oppfatta seg sjølv som forløparen til eit synodestyre for ei framtidig kyrkje. Han meinte NLM hadde erfaringar som det var viktig å overføra, og prosessen fram til etablering av ei nasjonal kyrkje måtte planleggast nøye slik at ein «ikke leker «blindebuk»».⁴⁵⁵

Den konkrete førebuinga tok til tidleg på 1990-talet, og ved misjonærkonferansen i 1992 får vi vite at ein felles komité, med fire nasjonale og tre norske representantar, var satt i arbeid. Komiteen fekk namnet *Comite de colaboracion*. To distrikt blei opprett for misjonsfeltet, *Distrikt nord* og *Distrikt sør*, noko misjonærene meinte kunne vera med eit fint utgangspunkt for framtidig struktur. Dei haldt døra opna for fleire distrikt, men det var trass alt ikkje mange enn 16 organiserte kyrkjelydar på misjonsfeltet.⁴⁵⁶ Misjonærar kom med innspel om at kvar misjonsstasjon burde bli eige distrikt, noko begge *distriktsmøta* vedtok i desember 1995.⁴⁵⁷

Dei to distrikta som først blei oppretta, fungerte svært ulikt. *Distrikt sør* fungerte godt, med samarbeid om økonomi og planlegging av fellestiltak. Distriktet omfatta misjonsstasjonane Sucre, Potosí og Tinguipaya. Samhandling var ikkje stikkordet for *Distrikt nord*, som omfatta Cochabamba og Nordre Potosí. «Problemet er at i Cochabamba er det ingen menn som tar ansvar. Kan vi velge bare damer? Dem kan en regne med», sa nokon på misjonærkonferansen i 1993. Den valte presidenten i distriktet trenerte arbeidet, og rykta sa at han påverka andre.⁴⁵⁸ Kvifor han handla slik får ein ikkje innsikt i, men ei rivalisering om kva distrikt som burde bli «sentrum» i ei framtidig nasjonal kyrkje, kan ha vore ei av årsakene. Sucre stod nokså sterkt.

Misjonærene var sterkt uroa for graden av subsidiering kunne skada ei framtidig nasjonal kyrkje. Det var langt igjen til ein kunna ha ei sjølvunderhaldande kyrkje. Dei var redd for å ta

⁴⁵³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1984

⁴⁵⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Rapport frå tilsynsmannen 1988

⁴⁵⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0003, Referat frå konferansen 1990

⁴⁵⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Referat frå konferansen 1992:3

⁴⁵⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Rapport frå styret til konferansen i 1996

⁴⁵⁸ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Referat frå konferansen 1993:31f

initiativet frå dei nasjonale, med å la pengane sitja for laust frå misjonen si sida. Eit litt anna perspektiv om økonomien kom via ein nasjonal medarbeidar, som under planlegging av ein juleverksted skulle ha sagt: «Dette har misjonen råd til nå, men ikke når ikke misjonærene er her lenger».⁴⁵⁹ Manglande økonomi kunne skada sjølvutbreiinga. Vile ei nasjonal kyrkje konsolidera seg sjølv organisatorisk og økonomisk, og ikkje ha fokus på nytt misjonsarbeid? Misjonærene prøvde å bygga kyrkja nedanfrå, og dei siste åra før den nasjonale kyrkja blei skipa, vaks det fram stadig sterkare distriktsleiing i dei to, og seinare fem, distrikta. No var det tid for å finpusa sjølve konstitusjonen, finna ei løysing for det nasjonale leddet, og forhandla fram samarbeidsavtalen som misjonærene skulle ha i møte med den sjølvstendig kyrkje.

5.2 Kvinnene sin plass i ei nasjonal kyrkje

Korleis ein skulle få til ein nasjonal styremodell, som både tok seg av lærespørsmål og inkluderte kvinner, blei ei vanskeleg avgjerd. Kvinnene sin plass i lære- og kyrkjelydsarbeid skapte mange og harde debattar mellom misjonærene i Bolivia. Ved misjonærkonferansen i 1985 blei det spurt om ei kvinne kunne vera lærar ved bibelskulen, og referentane noterte at det var vanskar «med å referere hele samtalen», noko kan tolka som at debattnivået var høgt. Nokre meinte Bibelen ikkje opna for kvinnelege bibellærarar, og trekte inn den bolivianske kulturen. Ein blei samd om å undersøka saka med kyrkjer i Bolivia, og andre NLM-felt.⁴⁶⁰

I 1986 kom svaret frå hovudstyret, og misjonssekretær Birger Helland, orienterte om saka. Nokre opplevde avklaringane som tydelege, men ut frå samtalen verka det som om ikkje alle delte den forståinga. Det blei stilt spørsmål om eit ja til kvinneleg bibelskulelærar kunne bli oppfatta som eit ja til kvinneleg teneste som pastor og eldste i ei framtidig kyrkje. Saka handla om å rom for kvinnene, for; «Kan kvinna forkynne i kyrkjelyden må ho også kunna vera lærar.» «Er ikkje ein kvinneleg misjonær i evangelisk arbeid (søndagsskule, møteverksemd osv.) i ein læresituasjon? Korleis definerer ein elles ein lærefunksjon?»⁴⁶¹

I drøftingane om ei nasjonal kyrkje i 1995, kom pastortittelen opp. Misjonærene ønskte helst å unngå tittelen, for pastor er det spanske ordet for «hyrde», ein bibelsk tittel med læreansvar. Generalsekretær Egil Grandhagen var tydeleg på at pastor var ein tittel kvinner vanskeleg kunne ha, sjølv om misjonærene kunne opplysa at andre evangeliske kyrkjer i landet nytta den

⁴⁵⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0004, Referat frå konferansen 1993:3

⁴⁶⁰ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat frå konferansen 1985

⁴⁶¹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0002, Referat frå konferansen 1986

både for kvinner og menn.⁴⁶² Det var likevel ikkje ønske om kvinnelege pastorar som skapte splid, for prinsippet om tenestedeling låg til grunn i begge styringsmodellane som blei drøfta. Ved misjonærkonferansen i 1996 måtte kvinnene sin plass i ein nasjonal kyrkje få ei avgjerd. Nokre misjonærer meinte saka gjekk på samvitet laust, og ytra at nasjonale stilte spørsmål. «Har en ikke betenkeligheter med å overføre debatten frå Norge til Bolivia? Det blir farlig når misjonærer blir stemplet som liberale eller konservative»,⁴⁶³ Komiteen som arbeida med forslag til statuttar ønskte å opna for kvinneleg representasjon i alle styrer og stillingar. Løysinga var å skilja ut lærespørsmål til avgjerd i ei eiga lærenemnd, bestående av menn. Ei liknande ordning med ein form for læredomstol var ikkje ukjent i andre kyrkjer i Bolivia.⁴⁶⁴

5.3 Ei ny tid tok til

Det blei lagt ned eit stort forarbeid for å sikra at dei nasjonale kyrkjeleiarane og medlemmane blei trekt inn i arbeidet med statuttane for kyrkja. Utanom inndeling og tal på distrikt, så var ikkje spesielle saker som blei trekt inn i referatet etter misjonærkonferansen som i 1996. Inndeling i distrikt uroa misjonærene, for kostnadsnivået måtte ikkje bli for høgt, og systemet som blei valt skulle kunna fungera både for by og landsbygd.

Distrikt tilsvarande dei fem misjonsstasjonane, hadde vunne støtte i komiteen, men misjonær Emil Knardal ønskte å byta distrikta ut med mindre «areas» (soner/område). Hans modell var meir fleksibel. Områdestyra kunne ha ansvar for fellestiltak som til dømes «Fiesta Cristiana». Eit tungt motargument var at ein opplevde å ha mangel av leiarar til å gå inn i oppgåvene. Ein misjonær var «redd dette apparatet vil tappe lokalkirkene». Distriktssystemet alt var introdusert, og at det kunne vera seint å koma med alternativ. Uavhengig av oppdeling, var det reell redsel for at ein «bonde vil aldri nå opp i styrer og råd i den nasjonale kirka». Knardal la opp til at landsbygdkyrkjene fekk fleirtal i det nasjonale leddet med sin modell.⁴⁶⁵

Fleire av Emil Knardal sine signal om å bygga eit lettare organisatorisk reisverk vann støtte, men det blei og preika på at ein trengte ei viss organisering. Men fem distrikt med behov for eit administrativt ledd, ville vera å bygga opp ein organisasjon som ville kosta for mykje.⁴⁶⁶

Kva dei nasjonale meinte er ikkje kjent i dei kjeldene som eg har hatt innsyn i. Sakspapira til

⁴⁶² NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0006, Referat frå konferansen 1995:12f

⁴⁶³ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0006. Referat frå konferansen 1996:2ff

⁴⁶⁴ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0006. Referat frå konferansen 1996:2ff

⁴⁶⁵ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat frå konferansen 1995:8-10

⁴⁶⁶ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0005, Referat frå konferansen 1995:13

misjonærkonferansen i 1996 ligg dessverre ikkje lagra i NLM-Arkivet. Uttalen om at ein alt hadde innført distriktsmodellen, kan tyda på at dei nasjonale ønskte å halda seg til det systemet som var kjent. Ein kan heller ikkje sjå bort frå at dei hadde eit håp om at misjonen ville finansiera stillingar i alle distrikta. At einstilte nasjonale ønskte å «kopiera» misjonen sin struktur med stasjonsstyrar i kvart distrikt, var ikkje så usannsynleg, det var jo ein organisasjonsgeografi som var bygd opp i løpet av neste to tiår.

Distriktsmodellen blei til slutt blei valt, og no stod ei sak att, val av løysing for den nasjonale leiinga. Dei tre modellane blei reelt til to, ein delt modell som opna for kvinner i styret, og ein modell som berre opna for menn i styret. Skilnaden var kvar ein skulle plassera avgjerder i spørsmål om bibelsk lære og læregrunnlag. Misjonæra delte seg på midten med like mange i for begge framlegga, og møteleiar si dobbeltstemme avgjorde saka til fordel av framlegget frå *Comite de colaboracion*, som ville ha oppretting av ei eiga lærenemnd.⁴⁶⁷ Men, kvinnene fekk likevel ikkje bli med i styret for den nasjonale kyrkja. Vedtaket som kom ut av den betente striden blei gjort om av hovudstyret i NLM, og styret blei berre opent for menn.

I prosessen som førte fram til ei nasjonal kyrkje, så er det få funn i kjeldene av at forhold knytt til bolivianske kulturar spelte ei viktig rolle. Dei som ikkje ønskte å sleppa kvinner til i styret, grunn gav det delvis med å visa til kulturelle forhold, men det var heilt klart teologiske årsaker som låg bak modellen som blei valt. Når det gjelder organiseringa, så er det liten tvil om at norsk frivillig sektor med kretsledd, styrer og råd, var ein modell. Den lågkyrkjelege haldninga som blei lagt til grunn av misjonæra, kan vanskeleg ha blitt forma av boliviansk kultur, der pastoren ofte spelar ei svært viktig rolle. På lokalplanet blei det gjort ein god del for å møte dei bolivianske kulturane, men i organiseringa av den nasjonale kyrkja så har nok både hovudstyre og misjonærar først og fremst følgd ideen om ei «norsk bedehuskyrkje».

Konstitusjon med statuttar blei godkjent av ei førebuaende generalforsamling seint på året i 1996. Nokre månader inn i 1997 oppretta den første generalforsamlinga Iglesia Cristiana Evangélica Luterana. Dåverande formann i NLM, Johannes Samnøy, var hovudgjest, og kunne gleda seg over at ein viktig milepæl var nådd etter nesten to tiår med misjonsarbeid.⁴⁶⁸

⁴⁶⁷ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0006. Referat frå konferansen 1996:2ff

⁴⁶⁸ Utsyn, 1997, nr. 12/13, side16

6 Konklusjon

Problemstillinga for denne masteroppgåva har vore NLM sitt misjonsarbeid i Bolivia frå 1978 til 1997, med fokus på korleis misjonærane drøfta og takla møta med bolivianske kulturar. Eg har og sett på kva konsekvensar kultur møta fekk vegvala misjonærane tok i misjonsarbeidet. Med oppgåva har eg dokumenterer hovudtrekka til NLM sitt evangeliske og kyrkjebyggjande arbeid i Bolivia i 1978 til 1997. Ved å granska rapportar, referat og oppslag i bladet *Utsyn*, har eg med hjelp av ein hermeneutisk erkjenningspiral granska kjeldene for å finna ut korleis misjonærane drøfta og takla møta med ulike kulturar i det bolivianske samfunnet. Konkrete vegval som blei gjort i det evangeliserande og kyrkjebyggjande arbeidet, gjev grunnlag for å drøfta i kva grad misjonærane tok, eller ikkje tok, omsyn til lokale kulturelement dei møtte på. Medie-, utdannings- og bistandsarbeidet er i hovudsak ikkje ein del av analysen i oppgåva.

Det var generalforsamlinga til NLM som i 1976 opna for misjonsarbeid i Sør-Amerika, men det endelege vedtaket om Bolivia blei gjort av hovudstyret i september 1977. Vedtaket kom i ein situasjon der NLM opplevde vanskar med visum til i Peru, samstundes som dei stod midt oppe i ein spent politisk situasjon i Etiopia. Hovudstyret la klåre føringar for eit sjølvstendig misjonsarbeid med quechuafolket som primær målgruppe. Samarbeid med den amerikanske misjonsorganisasjonen WMPL blei tilrådd, men då misjonærane oppdaga djupe konflikhtar mellom WMPL og ei nasjonal kyrkje, tona dei ned samarbeidet for ikkje å skada NLM sine høve til sjølv å bygga opp gode relasjonar med den aktuelle nasjonale kyrkjene. Leiarskapen i denne kyrkja blei etter kvart sett på som utstrakt økumenisk innstilt, og teologisk liberal, men nokre einskildpersonar frå denne kyrkja blei henta inn som nasjonale medarbeidarar for NLM.

Dei første misjonærane valte å fokusera på primærmålgruppa, quechuafolket, og starta med å nå tilflyttarar i den tids utkant av Cochabamba. Det var tungt å samla tilhøyrarar til møte, misjonærane opplevde ikkje å vinna folk sin tillit, så konklusjonen blei: «Gå ut frå sentra og ut på landsbygda der mange samlast til møte». Gjennom bladet *Utsyn* formidla misjonærane positiv interesse for folk og land, men det blei formidla mykje kulturkritikk som ein forsøkte å grunnegi bibelsk. Om bodskapen til misjonærane ikkje nådde fram, blei årsaker lite undersøkt, men forklart som motstand av evangelisk kristendom igjennom eit sterkt åndeleggjort språk. Det er tydeleg å sjå at fleire av dei utsendte levde opp til Paul G. Hiebert sin generaliserte framstilling av førstereismisjonæren som visjonær, ivrig for misjonsoppdraget, men ofte med urealistiske mål for kva det var mogleg å oppnå.

Kjeldene gjev grunnlag for å meina at misjonærane fekk nære kultur møte med målgruppa. Dei første misjonærane var oppteken av å læra språket quechua, for å kunna kommunisera med innbyggjarane på landsbygda utan tolk. I drøftingane mellom misjonærane dei første åra, blei ofte folk sine livsvilkår, oppførsel og ritual trekt fram. I følge Hiebert høyrer desse forholda til den synlege overflata i kulturar, og det var naturleg at misjonærane trengte tid for å møta kulturane sine djupare lag som gav meining til både observert kultur, trussystem og verdsbilete. Diskusjonar om misjon og kultur i *Utsyn* kan gi eit inntrykk av at fokuset på kulturforståing ikkje hadde stor plass i misjonærutdanninga til dei første som kom ut til det nye misjonsfeltet. Motstanden Asle Jøssang sin rapport fekk i misjonærkonferansen i 1987, synte at antropologifaget ikkje var verdsett av alle misjonærar, men nokre var interessert.

Gjennom kampanjar, boksal og besøk ute på landsbygda, skjedde mange flyktige kultur møter. Fleire misjonærar var skeptisk til korte kultur møter, og ønskte å konsentrera misjonsarbeidet. «All erfaring tilsei [*sic!*] at å vitja landsbyar for ein dag om gongen har liten eller ingen verdi. Ein må vera fleire dagar for å få tillit, kontakt og innsikt...»⁴⁶⁹ Desse erfaringane påverka til ei omlegging av strategien, og kyrkebyggande arbeid i byane fekk meir merksemd. Den djupaste innsikta i dei bolivianske kulturane skjedde truleg gjennom langvarige forhold, som til dømes mellom misjonær og nasjonal i medarbeidarskap i ulike greiner av arbeidet. Hyppige byter av misjonærar blei drøfta som ei utfordring, og må ha vore til hinder for god kulturforståing.

Kjell Aardal var ein av dei første som tok til med å «kristianisera» kulturuttrykk som song og musikk, og leita etter måtar å skapa alternative tradisjonar til landsbyfestar og religiøs kultus. Omgrepet *Fiesta Cristiana* blei i frå 1986 og utover, ein viktig reiskap, særleg på landsbygda. I byane tok misjonærane med kyrkjemedlemar ut av byen, på leir eller utflukt, for å halda dei borte frå fyll og andre freistingar som oppstod ved karneval og andre festar. Misjonærane på landsbygda vidareutvikla ordninga med *Fiesta Cristiana* til å bli meir reelle religiøse og sosiale alternativ. I Tinguipaya blei det til dømes arrangert musikkonkurransar som alternativ til karneval, og i Nordre Potosí gjekk dei opp på fjellet for å feira Jesu oppstode 1. påskedag.

Generalsekretær Egil Grandhagen stadfesta i ein rapport frå eit besøk til Sør-Amerika i 1991, at NLM ikkje hadde ein god strategi for misjon i byar, for urbanisering var ei stor utfordring. Arbeid ute på landsbygda i kombinasjon med bistand, verka å vera hovudstrategien for NLM. I 1977 blei det åtvåra mot større NORAD-støtta prosjekt, og enkel bistanden som kunne gå hand i hand med det evangeliske arbeidet, blei framheva. Misjonærane i Bolivia var oppteken

⁴⁶⁹ NLM-Arkivet, NLMs arbeid i Bolivia, Feltarkiv, kartong Aa-0001, Referat etter konferansen i 1985

av at helse- og jordbruksprosjekt skulle tena som døropnarar for evangelisk misjon. Begge dei to store bistandsprosjekta fekk etter kvart støtte frå NORAD, og med statleg bistand gjekk volumet av bistandsarbeidet opp, men utan at ressursane til det evangeliske arbeidet blei følgd opp. Det var naudsynt med langvarig sosial samhandling for å overtyda nokon om å skifta tru, medan det gjekk betydeleg raskare å overtyda heile landsbyar til å bli med i vaksineprogram. Mykje tyder at åtvaringane frå 1977 var bygd på erfaring. Sjølv om misjonærane var varsame med å antyda det, så blei det fortalt om bygder og landsbyar som prøvde å bruka *omvending* for å få meir bistand. Problemet med «riskristne» var likevel lite i forhold til andre vanskar som utstrakt migrasjon og lite truskap til kyrkja ein valte å gå inn i. Mange falt ut av listene. Misjonærane la mindre vekt på lokal kultur og tradisjon ved utarbeiding av liturgi og ritual. Sjølv om ein henta inspirasjon frå andre kyrkjesamfunn, så var det viktigaste å vera i pakt med lågkyrkjeleg tradisjon og verna om «det allmenne prestedømme». Kyrkjelydsarbeidet var i stor grad prega av norsk lågkyrkjeleg kultur. Andre eksisterande kyrkjer var også resultat av vestleg misjon, så det var truleg vanskeleg å finna lokale førebilete. For misjonærane var det viktig å formidla bibelkunnskap og driva personleg bibelstudium, men dei oppdaga at ein lett kunne overvurdera mange sin emne til å tenka abstrakt, noko som blei avdekka i Acacio på midten av 1980-talet. Ulike sosiale grupper i befolkninga måtte møtast på best mogleg tilpassa måtar for å få dei inkludert både menneskeleg og åndeleg i kyrkjelydsfelleskapen. Planlegginga av ei nasjonal kyrkje var tydeleg prega av eit ønske frå NLM om å setja sitt tydelege teologiske fotavtrykk etter seg. Bibeltruskap og det allmenne prestedømme var to hovudpunkt. Kvinnene sin plass i styrande organ splitta misjonærane i to like store grupper. Med møteleiaren si dobbeltstemma, innstilte misjonærkonferansen for å opna styret i den nasjonale kyrkja for kvinner. Hovudsstyret til NLM valte ikkje dialog med misjonærane, og vedtok å samla lære- og hyrdeansvaret i eit felles styre, noko som lukka kvinner frå styret. Sjølv om vekking og masseovergang til evangelisk kristendom ikkje fann stad gjennom NLM sitt misjonsarbeid i Bolivia, så har kortvarige og lengre kulturmøter sett sitt preg på dei omlag hundre nordmennene, vaksne og born, som blei sendt ut. Tusenvis av bolivianarar har gjeve farge til kulturmøta, enten dei var kyrkjemedlem, tilfeldig på torget, eller mottakar av bistand. På den andre sida vil det truleg framleis vera mogleg å identifisera norsk lågkyrkjeleg kultur i kyrkjelydsarbeidet, og i den etablerte nasjonale lutherske og evangeliske kyrkja i Bolivia.

KJELDE- OG LITTERATURLISTE

Ikkje publiserte kjelder:

Norsk Luthersk Misjonssamband sitt private arkiv v/Fjellhaug skoler:

NLMs arbeid i Bolivia. Feltarkiv:

- Aa-0001 Konferanseref., saksdok. og rekneskap, 1978-1985, hylle 1 017 3/1
- Aa-0002 Konferanseref., saksdok. og rekneskap, 1986-1988, hylle 1 017 3/1
- Aa-0003 Konferanseref., saksdok. og rekneskap, 1989-1990, hylle 1 017 3/1
- Aa-0004 Konferanseref., saksdok. og rekneskap, 1991-1993, hylle 1 017 3/1
- Aa-0005 Konferanseref., saksdok. og rekneskap, 1993-1995, hylle 1 017 3/1
- Aa-0006 Konferanseref., saksdok. og rekneskap, 1996-1999, hylle 1 017 3/1
- D-0001 Korrespondanse, 1977-1982, hylle 1 017 3/1
- F-0003 Bistand (Tinguipaya), hylle 1 017 3/3
- F-0008 Diverse rapporter, hylle 1 017 3/3
- G-0008 -07 «Kort om Bolivia» H.Hånes, hylle 1 017 3/6

Jaren, Kjell (Udatert). «*Trekk fra Misjonssambandets arbeid i Peru, 1977-82*».

Publiserte kjelder:

Utsyn, årgangane 1977-2000. Utgitt av Norsk Luthersk Misjonssamband.

Ut i all verden, årgangane 1977-1990. Utgitt av Norsk Luthersk Misjonssamband.

Håndbok for Misjonærer og heimearbeidere i Norsk Luthersk Misjonssamband, 1980

Internettkjelder:

Sammen i tjenesten (utredning).

<http://www.nlm.no/content/download/26001/251733/file/Sammen%20i%20tjeneste%20--%20vedtatt%20av%20HS%20nov%202012.pdf>, lasta ned 26.05.2015

Øvrige, sjå fotnoter

Refererte kjelder:

- Bruun, Vibeke (1995). *Norsk Luthersk Misjonssamband i Etiopia 1948-1971. Etablering og strategi*. Hovedoppgave ved Universitetet i Tromsø, Tromsø
- Bøe, Sverre (2014). Hvorfor misjon? I *Innsyn* nr. 2, 2014:26-30. Fjellhaug skoler, Oslo
- Dahl, Øyvind (2013). *Møter mellom mennesker. Innføring i interkulturell kommunikasjon*. Gyldendal Norsk Forlag AS, Oslo
- Dimmen, Steinar (2010). Behov for en lågkyrkjeleg luthersk praktisk teologi i Bolivia og Peru. I *Innsyn* nr. 1, 2010:44-47, Fjellhaug skoler, Oslo
- Ekroll, Kåre og Opperud, Kari (1981). *Vi vil misjon*. Norsk Luthersk Misjonssamband, Oslo
- Eriksen, Thomas Hylland og Sørheim, Torunn Arntsen (2006). *Kulturforskjeller i praksis. Perspektiver på det flerkulturelle Norge*. Gyldendal Norsk Forlag AS, Oslo
- Hiebert, Paul G. (1985). *Anthropological Insights for Missionaries*. Baker Book House, Michigan, USA
- Hiebert, Paul G. (2009). *The Gospel in Human Contexts*. Baker Academic, Michigan, USA
- Jøssang, Asle (1998). *Våre Guder hjelper Gud*. Hovedoppgave ved Universitetet i Oslo, Oslo
- Jøssang, Asle (1998). *Vinden blåser dit den vil. Bilder fra Andes*. Lunde Forlag, Oslo
- Jøssang, Asle (2010). *Searching For a Powerful Christ*. Doktorgradsavhandling ved Universitetet i Oslo, Oslo
- Kjebekk, Erik (1991). *Verden for Kristus*. Lunde Forlag, Oslo
- Kjeldstadli, Knut (1999). *Fortida er ikkje kva den en gang var*. 6. utgåve 2010. Universitetsforlaget AS, Oslo
- Klausen, Arne Martin (1992). *Kultur mønster og kaos*. Gyldendal A/S, Oslo
- Knardal, Emil (2009). *Etnisitet som kyrkjeleg utfordring i ICEL*. Mastergradsoppgåve, Diakonhjemmet høgskole, Oslo
- Kvalvik, Dag Thomas (2009). *Norske misjonærers bilder av Kina 1902-1938*. Mastergradsoppgåve ved Høyskolen i Bergen/Universitetet i Bergen, Bergen
- Løvlie, Birger (2002). *Vestavind*. Tapir Akademisk Forlag, Trondheim
- Murphy, Alan (1997). *Bolivia Handbook*. Chicago: Passport Books
- Nilsson, Lise Marie (1999). *Kristus, kreditt og konvertering – norsk misjon i Andes*. Hovedfagsoppgave i Sosialantropologi ved Universitetet i Oslo, Oslo

- Ohma, Kurt Arne (2008). *Her er ikke jøde eller greker, quechua, aymara eller mestis*. Masteroppgåve ved Fjellhaug skoler, Oslo
- Postholm, May Britt og Jacobsen, Dag Ingvar (2011). *Læreren med forskerblick*. Høyskoleforlaget, Kristiansand
- Redse, Arne (2013) Kontekstualisering praktisk talt. I *Innsyn* nr. 1, 2013:40-46, Fjellhaug skoler, Oslo
- Redse, Arne (2014) Gudsteneste- og tenesteordingar i NLM – eit kort historisk tilbakeblikk. I *Innsyn* nr. 1, 2014:33-42, Fjellhaug skoler, Oslo
- Strauss, Robert (1988). *Bolivia - Guidebooks*. 2. utgåve 1992. Lonely Planet Publications, Australia
- Tolo, Arne, red. (2002). *Såtid, vekst og modning*. Lunde Forlag, Oslo
- Uglem, Olav (1979). *Norsk misjonshistorie*. Luther Forlag, Oslo
- Wagner, C. P. (1970). *The Protestant Movement in Bolivia*. William Carey Library, California, USA
- Wang, Bjørn (1997). *Lederopplæring i andinsk kontekst*. Oppgåve ved Fjellhaug skoler, Oslo
- Wang, Bjørn (2011). *Money talks*. Masteroppgåve ved Misjonshøyskolen, Stavanger
- Wisløff, Carl Fredrik (1987). *Jeg vet på hvem jeg tror*. Lunde Forlag, Oslo, 17. opplag
- Yri, Norvald (1979). *Indianerne venter*. Lunde Forlag, Oslo